

# Den korporative kommunen

*Forvaltning av fellesressursar og korporativ tilnærming til ein neoliberal marknad i det rurale México*

**Odd Kristian Svedal**



Sosialantropologisk Institutt

UNIVERSITETET I OSLO

21.05.2008



## Samandrag

Oppgåva tek føre seg den kommunale skogbruksbedrifta slik den har vokse fram i ein kommune i Sør-Mexico. I 26 år var folket i Capulálpam de Méndez hindra i å nytte seg av skogressursane sine som var konsersjonerte vekk til ein papirfabrikk i same delstat. Kommunen kjempa gjennom fleire år for å få tilbake retten til heile sitt territorie og retten til å kunne forvalte og nyttegjere seg av egne skogressursar og har i etterkant utnytta seg av regionale marknadsmoglegheiter og desentraliseringspolitikken til staten til å utvikle lokal industri.

Gjennom ei visjon om bærekraftig utvikling har kommunen utvikla ein forvaltingsorganisasjon og fleire kommunale bedrifter som tilnærmer seg ein neoliberal marknad basert på fellesressursar (Common-pool Resources). Kommunen som samla produksjonseinig utgjer gjennom desse produksjonseiningane ein korporativ bedriftsorganisasjon. Bedriftsorganiseringa tilfører slik kommunen som samfunn ein ny økonomisk struktur der kommunen si bedriftsinntekt er med på å utvikle offentlege fasilitetar og gje sysselsetjing.

Eg ser i denne oppgåva på korleis ei privat konvensjonell bedriftsform er tilpassa kontekstuelle høve og kva utfordringar den møter som mediator mellom fellesressursar og marknaden. Dei institusjonelle organisasjonsformene er i endring i kommunen og eg viser korleis ei kompleks bedrift sine krav til administrering gjev problem for desse organiseringsformene, og korleis dette etterkvart fører til institusjonell endring.

## Takk

Informantar, husvertar, Hipotesis, vener i Oaxaca by og Mexico by. Rettleiar, birettleiar, familie og stor takk til bror og Håkon Astrup.

Først og fremst vil eg rette ei stor takk til mine informantar, vertsfamilie og alle andre som delte sine liv med meg i tida eg budde i landsbyen. Spesielt Aurelio og Lupe som tok seg av meg i denne tida. Å møte ei opa dør og interesse gjorde feltarbeidet mitt lettare og opphaldet til ei positiv oppleving med mykje moro. Eg vil òg rette ei stor takk til mine vener i Mexico by og Oaxaca by som alltid stilte opp. Spesielt Jorge og gjengen frå *Hipotesis*, Adriana, Ivan med familie og Bruno var viktige i kritiske fasar av opphaldet mitt i Mexico.

Takk til rettleiar, Knut Nustad, for motivasjon og hjelp desse åra, og birettleiar, Arne Kalland, for gode råd. Håkon Astrup, Elin Høyland og Anders Ese har gjeve kommentarar på formuleringane mine.

Mine foreldre, Nils og Kristi, lyt òg få ei stor takk for tolmod og støtte i denne fasen, og ikkje minst min storebror, Hans Mark, Kari Malmanger og Pernille Stangenes som har vaska avhandlinga og fått vekk dei verste skrivefeila.

Stor takk òg til min personeleg framside- og kartdesigner, Jan Terje Hellemsbakken, og mor, Kristi Ylvisaker for maleri til framsida.

Oslo, 21.05.08

---

# Innhold

<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>I</b>
<b>TAKK</b> .....	<b>IV</b>
<b>INNHold</b> .....	<b>V</b>
<b>KART</b> .....	<b>IX</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>1</b>
LITTERATUR OG AVGRENSING AV OPPGÅVA .....	3
FELTARBEID, METODE OG ETISKE REFLEKSJONAR .....	7
OPPGÅVA SI ORGANISERING .....	10
<b>2. KONTEKST</b> .....	<b>11</b>
CAPULÁLPAM DE MÉNDEZ.....	11
<i>Peasant, urbefolkning og aukande grad av urbanisering</i> .....	14
NØKKELINFORMANTANE.....	15
<i>Plutarco</i> .....	15
<i>Bruno</i> .....	15
<i>Miguel</i> .....	16
<i>Oscar</i> .....	16
<i>Carlos</i> .....	17
NATUR OG TOPPOGRAFI.....	17
EIGEDOMSHØVE.....	19
STYRESETT OG POLITISK ORGANISERING.....	20
<i>Cargo-verva</i> .....	22

---

<i>Dei kommunale bedriftsverva</i> .....	24
<i>Eldsterådet</i> .....	24
POLITISKE MAKTSTRUKTURAR .....	25
<i>Horisontal og vertikal maktstruktur</i> .....	25
<i>Cacique'ar og familiealliansar</i> .....	26
DET KOLLEKTIVE VS. DET INDIVIDUELLE: Å TENKJE KOMMUNALT .....	29
<b>3. POLITISERT NATUR</b> .....	<b>31</b>
KONSESJONAR OG SOSIAL MOBILISERING .....	31
UTVIKLINGA AV SAGBRUKET OG DEN LOKALE FORVALTINGSORGANISASJONEN UZACHI .....	35
FORSVARSDISKURS: KAMPEN FOR RESSURSANE OG TERRITORIET .....	37
NATUREN SOM VERDI OG MIDDEL .....	41
POLITISERT NATUR.....	43
<b>4. NATURFORVALTING</b> .....	<b>45</b>
KONSERVERINGSEKSPERIMENT OG KOMMUNAL VERNING.....	48
KVA ER EIN BRA SKOG? .....	51
SENTRALISERTFORVALTING OG KONSERVERING SOM INSTITUSJON .....	54
<b>5. DET KOMMUNALE SKOGBRUKET</b> .....	<b>59</b>
KOOPERATIV ORGANISERINGSFORM .....	60
DEN SOSIALE KORPORASJONEN .....	61
MULTILATERALE ORGANISASJONAR FOR BEDRIFTSUTVIKLING OG RESSURSFORVALTING.....	65
FORVALTINGSORGANISASJONEN, UZACHI.....	66
MARKNADSTILNÆRMING.....	67
PROFIT OG UTVIKLING .....	69

---

ULIKE SYN PÅ SKOGBRUKET .....	70
LA COLÓNIA: MISNØYE MED DISTRIBUSJONEN .....	71
<b>6. PLANTEDUGNADEN SOM VART AVLYST .....</b>	<b>75</b>
BEDRIFTA KJEM SEG IKKJE OPP .....	75
DELTAKING SOM BEVISSTGJERING AV KONSERVERING .....	79
TODELTE ROLLAR: AUTORITET OG KONFLIKT .....	81
<b>7. INSTITUSJONELL ENDRING: AVVIKLING AV BEDRIFTSCARGOEN VED SKOGBRUKET</b>	<b>85</b>
DISKONTINUITET I KUNNSKAP .....	85
IDEOLOGISK KONFLIKT OG ULIKE IDEOLOGISKE SFÆRAR .....	87
KORRUPSJON OG MISTILLIT .....	91
UNDERSLAG OG SANKSJONERING .....	92
ELITISME ELLER RESSURSPERSONAR? .....	94
AVVIKLING AV ADMINISTRATORVERVET SOM CARGO .....	96
<b>8. AVSLUTTING .....</b>	<b>99</b>
<b>KJELDELISTE .....</b>	<b>101</b>
<b>INTERNETTKJELDER .....</b>	<b>103</b>
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>105</b>
FIGUR 1. CARGOSYSTEMET .....	105
TILLEGGSCARGOAR .....	106
<i>Figur 2. Komitéen for kommunale gode .....</i>	<i>106</i>
<i>Figur 3. Administrasjonscargoar for dei kommunale bedriftene .....</i>	<i>106</i>
FIGUR 4. KOMMUNAL BEDRIFTSSTRUKTUR .....	107





## Kart





# 1. Innleiing

*Her er me organiserte. No er det kommunen samla som forvaltar naturressursane!* (Oscar)

I México tilhøyrrer rundt 80 prosent av skogane allmeningsregimet etter formaliseringa av denne eigedomsforma gjennom den mexicanske revolusjonen. Dette gjer kommunane til ei viktig kjelde for tremateriale og førte til at styresmaktene frå og med 1950-talet nytta seg av konsesjonering for å få nytta seg av desse ressursane. Frå og med 1970-talet endra forvaltingspolitikken seg og staten har opna opp for kommunal skogdrift og naturforvaltning, og med det ei satsing mot utvikling av kooperativt organisert skogdrift basert på fellesressursar (common-pool resources). (Antinori og Bray, 2004:1f) Satsing på ei kommunal organisering av skogbrukssektoren har dei siste 30 åra òg skjedd i fleire deler av verda og med det vorte ei potensielt viktig utviklingsretning i fleire land.

I denne oppgåva vil eg ta føre meg framveksten av kommunalt skogbruk i ein kommune i Sør-México som på 1970- og 1980-talet kjempa for å lausrive seg frå konsesjonar som knytte skogressursane til ei privat bedrift. Kommunen har i etterkant, med støtte og samarbeid frå aktivistar og multilaterale organisasjonar, bygd opp eit forvaltingsapparat med kommersielt skogbruk som produserer for ein regional marknad. Forvaltinga har slik vorte sentralisert til kommunen.

Temaet mitt i denne oppgåva tek utgangspunkt i det Claudio Garibay skildrar som ei transformasjon ifrå *det fragmenterte peasantsamfunnet*, som organiserer seg utifrå familien og hushaldet som økonomisk produksjonseining, til *det korporative peasantsamfunnet*, der produksjonen har sentralisert seg til eit kommunalt forvaltings- og produksjonsapparat. (Garibay, 2004) Informantane mine fortalde meg om ei visjon om kommunal utvikling og konservering av naturressursane. Kommunale bedrifter skulle skape lokal sysselsetjing gjennom å nyttegjere seg av naturressursane og slik skape kommunale inntekter som kunne nyttast til utvikling av kommunen som heilskap.

Gjennom empirien frå eit fire og ein halv månader langt feltarbeid i urbefolkningskommunen Capulálpam de Méndez frå våren 2006, vil eg sjå på kontekstuelle forhold saman med dei institusjonelle og administrative organiseringsformene til skogbruket som den største bedrifta i kommunen. Eg vil med det vise korleis desse dannar basisen for ei bedriftsform som baserer seg på fellesressursar i møte med ein neoliberalistisk marknad.

Bedriftsorganiseringa kan karakteriserast som ei tilpassing av ein konvensjonell privat bedriftsstruktur til den demokratiske kooperative strukturen som eigedomsforholda og styresettet utgjer. Den sentraliserte forvaltninga og industrien utgjer med det ein ny økonomisk struktur i form av at kommunen som heilskap vert ei bedriftskorporasjon.

Eg søkjer i denne oppgåva difor å finne ut korleis den korporative produksjonseininga som del av ei sentralisert forvaltning fungerer i kontekst av allmenningsregimet og det lokale styresettet. Kva problem og utfordringar møter den korporative bedrifta der organiseringa av kommersiell produksjon møter lokale institusjonar for styring og forvaltning? Desse spørsmåla vil eg belyse gjennom ulike hendingar og prosessar eg opplevde i samhandling og ved formelle og uformelle samtalar og intervju med informantar i kommunen.

Gjennom å arbeide nokre dagar i veka i tre månader ved skogbruket saman med skogarbeidarane og administrasjonen fekk eg tilgang til data vedgåande samhandling mellom dei ulike personane som inngjekk i bedriftskorporasjonen sine hierarkiske administrasjonsnivå. Informantane sine narrativ vedgåande lokalpolitikk og forvaltning vil utgjere ein viktig del av oppgåva. Eg fekk eit nært forhold til administratoren ved bedrifta og nokre av skogarbeidarane som delte livssituasjonane sine med meg, så vel som å fortelje meg mykje om dei ulike politiske og bedriftsadministrative prosessane som dei vart påverka av og tildels tok del i. Personar som ikkje arbeida i skogbruket var òg viktige informantar, i lys av at dei var ein del av korporasjonen sine medeigarar og slik med i avgjersletakingsprosessane til korporasjonen.

I tråd av å vere forvaltar av fellesressursane - ei viktig kjelde til sysselsetjing og viktigaste utviklingsstrategi for kommunen - er bedriftskorporasjonen viktig i det lokalpolitiske biletet og gjenstand for diskusjon. Dette kjem klart til uttrykk når det demokratiske styrings- og forvaltningssystemet skal ligge til grunn for den komplekse oppgåva å drive ei bedrift som tilnærmar seg ein kommersiell marknad.

## Litteratur og avgrensing av oppgåva

Kommunalt skogbruk og ressursforvaltning har dei siste 30 åra vorte ei utviklingstrend som òg har fått merksemd innafor hovudsakleg samfunnsvitskaplege disipliner. Ettersom Nepal, India var tidleg ute med denne politikken har òg mykje litteratur fokusert på desse landa. Eg har i litteraturen som fokuserer på kommunalt skogbruk spesielt merka meg fokus som lokal deltaking og utvikling, og økologiske og økonomiske tilnærmingar til fenomenet med fokus på bærekraftig ressursforvaltning og rural utvikling. Det har vorte skriva mykje om allmenningen som forvaltingsregime i Mexico med fokus på både jordbruk og skogbruk.

Samfunnsvitskapen har gjennom statsvitarar, antropologar og humanøkonomar mellom anna fokusert på allmenningsregimet som forvaltningseining og institusjonar<sup>1</sup> er med på å regulere ressursbruken til individa som bur på og eig allmenningen<sup>2</sup>. Det er etterkvart vorte ein stor litteraturmasse rundt allmenningen som eigeoms- og organiseringsform. Ein av dei mest innflytelsesrike teoriene innafor allmenningslitteraturen er statsvitaren Elinor Ostrom sin teori om *Institutional Choice* (Institusjonelt val), som hevder folk har evnen til å forme institusjonar (hovudsakleg forstått som verdiar og reglar i bruk) som koordinerer sosiale relasjonar og slik regulerer bruken av fellesressursar. (Ostrom, 1990 i Klooster, 2000:3)

Denne teoretiske retninga baserer seg på valmoglegheitene til individ i ei kooperativ organiseringsform: å samarbeide og slik danne reglar for samarbeid om ressursbruken, eller å ikkje samarbeide. (Garibay, 2004:5) Problemet denne og mykje av allmenningslitteraturen møter i kommunen eg vil skildre er at etter den institusjonelle endringa som byrja på slutten av 1970-talet vart forvaltninga, med vekt på nyttegjersla av skogen, sentralisert til kommunale instansar. Eit forvaltingsorgan og ei kommunal bedrift underlagd det kommunale generalrådet beståande av totaliteten av allmenningen sine medeigarar utgjorde etterkvart strukturane og premissane for ressursforvaltninga. Ressursbruk og forvaltning vart slik ikkje eit

---

<sup>1</sup> Ei enkel definisjon på *institusjon* er: *reglar som koordinerer sosiale relasjonar*. (Klooster, 2000:3) Dette kan vere formelle eller uformelle reglar i bruk. Andre definisjonar fokuserar òg på institusjonen som verdi i samfunnet.

<sup>2</sup> Allmenningsregimet kontrasterer seg til det som vert referert til som open access (fri tilgang) som ikkje er noko eigeomsform og derfor formelt sett ikkje har eigarar eller spesifiserte territoriske grenser slik som allmenningen, privat eigeom og statleg eigd territorie.

individuelt eller familiært føretak, men vart organisert av sentrale direktedemokratiske og folkevalde instansar. Agrawal og Gibson skriv at:

A recent deconstruction of the concept of community as used in the phrase "community-based conservation" argues for a focus on competing institutions and actors rather than harmonious communities [...], but does not discuss a particular strategy for community enterprise formation. (Agrawal og Gibson i Antinori og Bray, 2004:8)

Der teoretikarar som Ostrom fokuserer på individuell utnytting av fellesressursar (som t.d. jordbrukskooperativ organisering), representerer den kommunale bedrifta éi korporativ produksjonseining og organisasjon som genererer inntekt til dei lokale medeigarane (eller *stakeholders*). I den korporative organiseringa vert val tekne gjennom majoritetsrøysting i kommunen sitt direktedemokratiske generalråd, noko som sentraliserer institusjonsskapinga til eit formelt avgjersletakingsorgan som samla vedtek det institusjonelle designet på ressursforvaltninga som ein del av det kommunale regel- og lovverket for styring og forvaltning. Denne forvaltings- og produksjonsorganiseringa har difor ein annan struktur enn det som Garibay omtalar som den fragmenterte organiseringa. Sentraliseringa omformar samfunnet til ei korporativ eining som forvaltar ressursbruken og som gjennom bedrifta søkjer å generere kapital til offentlege utviklingsformål. Ettersom eg i alt berre har funne fem forfattarar som tek føre seg den kommunale skogbruksbedrifta som fenomen og organiseringsform, vil eg bruke kategoriane, det fragmenterte peasantsamfunn og det korporative peasantsamfunn, til Garibay som fundament for organiseringsformene eg her vil skildre. Dette til tross for at dei ikkje utgjer noko heilskapleg teoretisk fundament.

Eg ser det hensiktsmessig i forhold til spesifiseringa av den korporative kommunen som fenomen å nytte både korporasjon og kooperativ som omgrep. I dei ulike definisjonane eg har sett har desse omgrepa vorte definert relativt likt. *Korporasjon*<sup>3</sup> vil i oppgåva bli brukt spesifikt om dei kommunale bedriftene eller skogbruket som kommunal bedrift, som eigd og styrt av totaliteten av medeigarane i kommunen. Korporasjon refererer slik til den kommersielle bedrifta med utgangspunkt i distingsjonen Garibay gjer i forhold til det

---

<sup>3</sup> Ei anvendeleg definisjon på korporasjon kan her vere: ei (privat eller offentleg) bedrift eller gruppe av folk autorisert til å handle som ei singular eining. Korporasjon kjem frå latin og tyder samla i ein kropp. (Mi overstjing frå Oxford Reference Online)

fragmenterte samfunnet. *Kooperativ* vil verte brukt meir generelt med referanse til mellom anna allmenningen som eigedomsform og denne eigedoms- og økonomiske organiseringsforma som historisk politisk retning. Døme her vil vere jordbrukskooperativet, som er døme på det fragmenterte samfunn slik Garibay her skiljer det frå det korporative samfunn. Målet med å bruke begge omgrepa er å anvende konseptet om det korporative samfunn slik Garibay distingerer det frå det fragmenterte, mens kooperativ vert nytta som ei generell kategori som inkluderer begge formene hans.

Den metodiske implikasjonen den korporative bedrifta sin struktur har for studiet mitt er at fokuset vert bedrifta som produksjonseining med dette eksklusive samfunnet som eigararar og personane som er tilsette ved bedrifta. Eg studerer slik korporasjonen som bedrifts- og samfunnsorganisasjon i staden for å studere interaksjon mellom ei gruppe aktørar som individuelt eller samla nyttegjer seg av fellesressursar.

Organisasjonsantropologen Ann Jordan ser på bedriftsorganisasjonen som *ein kultur med alle organisasjonskomponentane, som organisasjonsstruktur, belønningssystem, reglar for oppførsel og mål som komponentar av denne kulturen*.<sup>4</sup> Ho ser òg den private bedriftseininga som ein subkultur innafor større kulturelle einingar, samt samfunnet den befinn seg i. (Jordan, 2003:86) Den korporative strukturen på bedrifta gjer at eg kan studera samfunnet (som i kommunen Capulálpam de Méndez) som ein total bedriftsorganisasjon og ikkje berre bedrifta som eining i seg sjølv. Bedrifta vert her ikkje ein subkultur, som Jordan tek utgangspunkt i. Bedrifta kan etter mitt syn ikkje skiljast frå kommunen som nokon subkultur, avdi eininga verken er avskild frå resten av kommunen i eigarskap, deltaking eller innflytelse. Verdiane og strukturane i styresettet og eigedomsregimet, inngår som fundament i bedriftsorganiseringa og bedrifta inngår direkte i økonomien og politikken i kommunen. Skogbruket som studieeining kontrastert i forhold til resten av samfunnet er på den andre sida relevant når eg ser på korleis arbeidarane og administratoren ved bedrifta opplever arbeidssituasjonen sin med avgjersler tekne av ein samla kommune.

Bedrifta er på grunn av si betydning for kommunen eit viktig element i det lokalpolitiske biletet, noko eg freistar å vise gjennom informantane mine sine opplevingar og tolkingar av

---

<sup>4</sup> Mi oversetjing.

lokalt demokrati og dei byråkratiske instansar det politiske systemet består av. Demokratiske aspekt ved dei møtande politiske og ideologiske strukturane i samfunnet vert synlege i administreringa av bedrifta og i den sosiale distribusjonen av godene.

Juanita Sundberg påpeikar at skogbrukskommunar kan risikere at lokale elitar tek makta, til tross for dei demokratiske prinsippa det kommunale skogbruksfenomenet ofte vert anerkjende for. (Sundberg 2003 i Charnley og Poe, 2007:313) Urbefolkningsgrupper har ofte vorte romantiserte og sett på som å leva meir i harmoni med omgivnadane sine og seg sjølv enn *det vestlege samfunn*. Agrawal og Gibson advarer derimot mot å oversjå hetrogeniteten og makthierarki som eksisterer i rurale kommunar, noko som kan vere med på å marginalisere det dei omtalar som mindre mektige sektorar. (Agrawal & Gibson 1999 i Charnley og Poe, 2007:313) Eg vil gjennom narrativa til informantane mine mellom anna skildre nokre syn på det lokale demokratiet og administreringa av bedrifta fungerer i forhold til dei demokratiske instansane som styrings- og forvaltingsapparat. Eg vil med det belyse politiske maktforhold som er med på å forme bedrifta og kva plass den har i samfunnet.

Oppgåva baserer seg hovudsakleg på narrativ av kva oppfatning og tolkingar informantane mine gjer seg rundt ressursforvaltning, det politiske biletet i kommunen og korleis bedrifta er innveva i dette. Eg vil her mellom anna ta utgangspunkt i måten dei snakkar om forvaltning og bedrifta i det lokalpolitiske biletet og nyttar slik diskursomgrepet med utgangspunkt i Louise Phillips og Marianne Jørgensen si definisjon:

As a social practice, discourse is in a *dialectical* relationship with other social dimensions. It does not just contribute to the shaping and reshaping of social structures but also reflects them. (Phillips og Jørgensen, 2002:61)

Dei ulike utsagna til informantane mine er så vel som individuelle meiningar og røyndomsoppfatning, ein del av ein lokal, og til tider regional diskurs som reflekterer dei sosiale strukturane og som er med på å forme dei. Ein implikasjon av dette er at utsegna ikkje kan sjåast på som ei sanning, men heller som ei delvis sanning i form av ei fortolking av ein situasjon eller ein person eller ei gruppe si røyndomsoppfatning.

Omgrepet *kommune* har ikkje same tyding på engelsk og norsk og lyt difor definerast. Agrawal og Gibson snakkar om *the community* som både ei avgrensa geografisk lita romleg eining og som ei homogen sosial struktur og delte normar. (Agrawal og Gibson i Charnley



og Poe, 2007:313) Dei snakkar slik både om eit fysisk territorisk rom og eit sosialt felleskap med utgangspunkt i ei grad av homogenitet. Denne todelte definisjonen vil òg ligge til grunn når eg snakkar om kommunen.

## Feltarbeid, metode og etiske refleksjonar

Feltarbeidet mitt var i den første fase prega av tilfeldige hendingar og endringar, noko som starta allereie før det offisielle feltarbeidet var i gang. Utgangspunktet mitt ut frå prosjektskissa var å studere økoturismeutvikling i ein kystlandsby sør i Oaxaca, men då eg prata med ein professor ved det antropologiske instituttet ved Universidad Autónoma Metropolitana i México by, vart eg tilrådd å finne ein annan stad å gjere feltarbeidet mitt på. Eg reiste så til Oaxaca by og byrja å leite etter kommunar med relativt nye økoturismeprojekt. Etter å ha reist litt i ulike områder og informert meg på dei lokale turistkontora valde eg Capulálpam der eg etter to veker fekk godkjend løyve til å gjere feltstudiet mitt. Eg brukte denne tida til å verte kjend med staden, lære meg språket betre, som eg på den tida ikkje snakka flytande, og å verte kjend med folk. Økoturismecampen deira viste seg etter ei tid å vere eit føretak der det knapt var noko aktivitet. Eg orienterte meg då meir mot folk sin interaksjon med naturen gjennom å fokusere på den største av dei kommunale bedriftene som baserte seg på nyttegjersle av skogen og byrja slik å arbeide nokre dagar i veka på skogbruket.

Det var ikkje vanskeleg å presentere seg som antropolog. Grunna forvaltingsorganisasjonen dei har utvikla har kommunen hatt besøk av fleire forskarar og får årleg besøk av studentar som gjennom organisasjonen får opplæring i miljøvern og naturforvaltning. Dei var difor vande med at det frå tid til annan budde byfolk og utlendingar i kommunen. Fleire eg freista å snakke med om forvaltning sa eg heller skulle snakke med den lokale forvaltingsorganisasjonen, sidan dei trudde studieretninga mi fokuserte på biologi i staden for sosiale aspekt. Oppfatninga dei hadde av den akademiske ”studenten” gav seg utslag i at dei i byrjinga ville forklare meg dei formelle forvaltingsinstitusjonene og eventuelle tekniske aspekt, om dei hadde greie på dette.

Eg arbeida på skogbruket mellom mars og slutten av juni, med unntak av nokre veker, og vart slik godt kjend med dei som arbeida der, særleg administratoren for bedrifta som vart den viktigaste informanten min. Kven eg elles vart betre kjend med og som spelte viktige roller i datainnsamlinga mi var ein blanding av kven eg trefte i det offentlege rom, i bedrifta og personar i offentlege verv. Eg vart òg vand med det som Unni Wikan omtalar som *snøballmetoden*, ved at eg vart tilrådd å oppsøke spesielle personar eller at folk hjelpte meg med å opprette kontakt. (Wikan:183) Informantane vart slik ei blanding av personar eg tilfeldigvis trefte og personar eg valde å oppsøke, anten på grunn av verv dei hadde, arbeidet deira eller kor tilgjengelege og opne dei var.

Dei viktigare arenaane mine for datasamling var administrasjonsbrakka på skogbruket, hogstområda i skogen, der kanskje dei viktigaste informantane mine arbeida, baren til administratoren for skogbruket, spisehusa, parken i sentrum av landsbyen så vel som heime hjå nokre av dei. Som utanforståande fekk eg ikkje tilgang til generalrådet i kommunen og andre arenaer for avgjersletaking ettersom desse er eksklusive for dei lokale som har tilgang. Dette medfører at eg i skildringar av lokalpolitiske relaterte tema og syn på skogbedrifta baserer meg på narrativ frå i hovudsak nøkkelinformantane mine i staden for eigne observasjonar. Generalisering vert slik sett eit problem ettersom eg baserer meg på ganske få nøkkelinformantar og ikkje kan svare på kor representative desse er i det totale kommunale biletet. Nokre av dei posisjonerte seg sjølve i det lokalpolitiske biletet som marginaliserte i forhold til den lokale politiske arenaen, og gav meg slik eit bilete av dei ulike aktørane og stemmene som posisjonerte i forhold til ulike maktstrukturar. Det var på den andre sida ikkje lett å få inntrykk av noko heilskapleg politisk bilete, eller forvente noko anna enn ulike tolkingar som kunne representere delvise sanningar.

Trass i at ein av dei viktige arenaene for deltakande observasjon var arbeidet i skogen, har eg valt å fokusere mindre på skogarbeidet og meir på samtalar med informantane som omhandla bedrifta. Datainnsamlingsmetodane baserer seg slik på uformelle og halvformelle samtalar, og formelle intervju med dei ulike offentlege verva som var knytt til bedrifta og forvaltingsinstitusjonane. Dersom det syntest passande ut frå situasjonen, og dersom informantane mine var komfortable med det, tok eg opp intervju eller *meir* formelle samtalar på mp3-spelar. Dei fleste syntest det var i orden når eg forklarte at det var for ikkje å gløyme samtalanene, og at eg ville slette dei så fort eg hadde skrive notatar frå opptaket.

Politikken og ressursforvaltinga i kommunen var sterkt mannsdominert. Det var vanleg at mannen leia og var det politiske overhovudet i familien. Kvinnene eg prata med viste ofte til mannen, men kunne òg ha sterke meiningar om ressursforvaltinga og skogbruket. Når eg kom på uanmeldt besøk til folk oppfatta eg det derimot slik at om mannen var til stades var det nesten sjølvsagt at eg som mannleg student skulle prate med han eller kome attende seinare om han ikkje var til stades.

Å gjere eit feltarbeid og skrive ei oppgåve som fokuserer på sensitiv informasjon om mellom anna offentlege verv, korrupsjonsskuldinger og syn på lokale politiske prosessar inneber mange etiske problem. Utsegner med meir sensitive opplysningar om desse tema kom oftast når eg var åleine med ein eller to av informantane mine. Det var difor viktig at eg behandla informasjonen forsiktig i samtale med andre, særleg når eg skulle kryssjekke informasjon og få andre syn på dei same tema. Eg vende meg difor til å anonymisere tidlegare utsegner med ordlegginga, *nokon nemnde for meg at...* eller, *eg høyrde nokon seie at...*, for slik å halde dei til tider kritiske stemmene anonyme. Etersom staden er liten og dei fleste kjenner eller kjenner til dei fleste, kunne det likevel tenkjast at folk kunne tenkje seg fram til kven eg hadde snakka med og kva som hadde vorte fortalt ut frå kven dei visste eller rekna med at eg hadde hatt kontakt med. Dette gjorde at eg valde med omhu kven eg tok opp temaet med og på kva måte, og valde slik å ikkje diskutere det med så mange. På den andre sida var korrupsjonsskuldinger og diskusjon rundt dei lokalpolitiske prosessane vanleg blant folk og det verka ikkje som om det var noko uvanleg eller spesielt at ein del folk snakka om korrupsjon. Utsegner som omhandlar tilfelle av faktisk korrupsjon som har vorte oppdaga og sanksjonert er òg offentleg informasjon som folk i Capulálpam kjenner til. Eg gjorde i alle tilfella informantane klar over at eg kunne kome til å nytte informasjonen i oppgåva mi, noko fleire av dei òg meinte eg burde gjere.

Eg har valt å anonymisere alle i landsbyen bortsett frå direktøren for den lokale forvaltingsorganisasjonen. Eg har ikkje anonymisert representantane for dei ulike organisasjonane eg har intervjuet, ettersom dei i intervjuet har vore representantar for sine organisasjonar og har visst føremålet mitt med intervjuet. I samsvar med rettleiaren min sine tilrådingar har eg ikkje anonymisert staden. Eg er klar over at dei fiktive namna i eit så lite samfunn ikkje vil kunne sikre dei hundre prosent anonymitet, men å anonymisere heile staden ville vere vanskeleg ut frå tilknytninga til alle involverte organisasjonar og bedrifter.

## Oppgåva si organisering

I kapittel to vil eg ta føre meg feltstaden og dei kontekstuelle forholda som legg basisen for oppgåva med vekt på styresett, eigedomshøve og ei territoriell skildring.

Nøkkelinformantane mine vert òg presentert her.

Kapittel tre vil ta føre seg historia deira kopla opp mot eigedomshøve, syn på natur og utvikling. Dette vil legge grunnlaget for å forstå bakgrunnen for den institusjonelle oppbygginga og det forvaltingsapparatet som er i dag, mens ei utgreiing av forvaltingsprogrammet deira med ulike syn vil vere fokuset i kapittel fire.

Kapittel fem, seks og sju vil fokusere på ulike aspekt ved skogbruket. Ei generell utgreiing av korporasjon som fenomen i kontekst av ein neoliberal marknad, multilaterale organisasjonar og styresett vil vere tematikken i kapittel fem, mens kapittel seks og sju vil sjå på og analysere ulike problem og utfordringar administratoren og dei tilsette ved bedrifta møter. I kapittel sju søker eg å dokumentere tolkingar av kvifor bedrifta blant mange i kommunen har liten tillit, og freistar å analysere omstende rundt ei institusjonell endringsprosess.

## 2. Kontekst

### Capulálpam de Méndez

Capulálpam de Méndez (heretter referert til som Capulálpam) er ein liten urbefolkingskommune (indigenous community) på omtrent 74 kilometer, eller ein og ein halv times køyretur opp i fjella nord-austover frå Oaxaca by, som ligg i Sierra Juarez i Sierra Norte-regionen, Oaxaca. Innbyggjartalet i landsbyen låg i følgje Det nasjonale institutt for statistikk, geografi og informatikk (INEGI) i 2005 på 1313 delt på 301 hushaldningar, noko som er ein nedgang frå 2000 då statistikken talde 78 fleire personar. Folkegruppa i dette området er hovudsakleg Zapoteca, men på grunn av migrasjon til og frå byen grunna gruvedrifta i nabokommunen Natividad, er det i dag mange som slektar frå både byane og andre kommunar. Zapoteco-språket forsvann frå landsbyane i dette området for nokre generasjonar sidan og spansk har slik vorte hovudspråket. Katolisisme er hovudreligionen i Capulálpam, med ein liten protestantisk (*evangelista*) kyrkjelyd og ein Jehovas vitne-kyrkjelyd. I tida eg var i landsbyen merka eg aldri at etniske eller religiøse kategoriar vart nytta i daglegtalet med eller om andre. Når dei snakka om seg sjølve omtala dei seg anten som *campesinos* (peasants), eller som *capulines* (folk frå capulálpam).

Capulálpam er tradisjonelt sett eit jordbrukssamfunn, sjølv om det ikkje er så mange som driv med jordbruk som hovudinntekt lenger. Mange familiar driv med småskalaproduksjon av hovudsakleg mais og bønner (og ein del har også korn og linser) for eige hushald ved sida av ei anna hovudinntektskjelde. I følgje fleire bønder vert det færre og færre som driv med denne typen kultivering, og det skulle vere så få som mellom førti og femti som har dette som hovudinntektskjelde. Jordlappane er tildelte av kommunen sitt ressursforvaltingsråd, eller er gått i arv over generasjonar. Det er færre av den yngre generasjonen som driv jordbruk enn av den eldre, noko som kan sjåast som eit resultat av kommunen si utvikling av kommunalt skogbruk, utdanning og at arbeidsmarknaden og dei unge sine visjonar er annleis no enn for 20-30 år sidan.

Nesten halvparten av hushalda har no eit medlem tilsett i statleg sektor og mange er òg knyta til industrieiningane i området og lokalt næringsliv. (Ukjent kilde) Capulálpam har klart å skape arbeidsplassar i form av ulike kommunale bedrifter. Av desse er det eit transporteinng (drosjeføretak) som køyrer mellom Capualálpam og transportknutepunktet Ixtlán og Oaxaca by, ei bedrift som produserer grus, ei skogbedrift med tilhøyrande snekkarverkstad, sesongbasert sopp-produksjon og ei økoturismebedrift med restaurant, aktivitetsområde og naturattraksjonar som dei byrja å utvikla for få år sidan. Utanom transportkooperativet baserer alle dei kommunale bedriftene seg på dei kommunale fellesressursane som naturen og skogen utgjer. Alle dei fem føretaka er underordna kommunen sitt ressursforvaltingsråd og generalrådet i kommunen. (Sjå vedlegg, fig. 4)

Dei andre større arbeidsområda i Capulálpam er gruva Natividad der det arbeider rundt hundre personar, mange har mindre kioskar og kolonialbutikkar, mens eit tredvetals familiar driv bakeri der dei mellom anna lagar eit særlege lokalt brød som dei òg sel i nabolandsbyane. Dei seinare åra har ein del kvinner og menn teke opp att tradisjonelt kunsthandverk som dei sel på turistmarknaden i Oaxaca by. Moglegheitene for å finne arbeid utanfor familiebedriftene er ofte avgrensa, og tilbodet for dei yngre består, i tillegg til ulike familieføretak, av kommunale arbeidsplassar og arbeidar i ulike statlege sektorar. Dette gjer at mellom 20 og 30 prosent av dei unge migrerer etter endt vidaregåande skulegang. (INE, 2001)

Capulálpam og landsbyane rundt har i fleire århundre vore ein region prega av stor gjennomtrekk av arbeidskraft. Dei to store bedriftene som heldt til her, Fapatux,<sup>5</sup> ein papirfabrikk som dreiv ekstensiv hogst i området frå og med 1950-talet, saman med gruveselskapet i Natividad, stod for størstedelen av arbeidsplassane og trekte med fortida si intensive drift mange arbeidarar til landsbyane.

Capulálpam har i dag ein relativt bra infrastruktur samanlikna med mange andre kommunar i delstaten, og inkluderer vass- og kloakksystem, elektrisk nett som dekkjer større delar av landsbyen. Dei fleste har telefon, fjernsyn og nokre har også Internett. Det er ofte hushalda i

---

<sup>5</sup> *FAPATUX* eller *FaPaTux* er ei forkorting for *Fabricas de Papel Tuxtepec*. Dette var papirfabrikken som hadde konsesjonar på skogområda i regionen frå 50-talet og fram til 1982. Av omsyn til lesetilgjengelet refererer eg frå no av til Fapatux.

utkantane som enno ikkje har tilgang på desse godene. Dei sentrale delane av landsbyen har òg betongplater som vegdekke, i motsetning til grusvegane som ein finn dei fleste andre stader.

Kommunen har eit helsesenter, eit senter for tradisjonell medisin, tre tannlegar, barnehage, bibliotek, to offentlege internettrom, barneskule, ungdomsskule og ein vidaregåande skule som vart etablert i 1975 med fagaretingane administrasjon, jordbruk, skogbruk og IKT. Dei fleste vaksne har difor utdanning på vidaregåande nivå. Dei offentlege fasilitetane er med det mykje betre enn i andre landsbyar i same delstat. Nabolandsbyen Ixtlán, har andre vidaregåande fag, deriblant farmasi, i tillegg til eit nyoppretta universitet som førebels tilbyr faga miljøvitskap og IKT. Dei vidaregåande skulane og universitetet trekkjer elevar og studentar frå eit større område og dermed gjev romutleige og bygging av hyblar ei alternativ inntekt for dei lokale. Den vidaregåande skulen romma våren 2006 rundt 250 elevar fordelt på dei fire faga, der talet på jenter var høgare på administrasjons- og IKT-faga, mens gutane var betre representerte i jordbruks- og skogbruksfaga. Det var generelt sett fleire jenter som tok høgare utdanning etter vidaregåande skule.

I følgje migrasjonstala til INEGI emigrerte 181 personar frå Capulálpam mellom 2000 og 2004, noko som er ei statistisk auke samanlikna med tidsrommet 1995-1999, då 109 personar emigrerte. (SIMO) Ein lokal politikar meinte at dei hadde klart å avgrensa migrasjonen blant dei unge ein del samanlikna med mange andre kommunar i regionen grunna dei ulike jordbruks- og konstruksjonsprosjekta i landsbyen som gav arbeid, så vel som fleire kommunale bedrifter som hadde som hovudintensjon å sysselsetje dei unge så dei skulle sleppe å måtte reise ut.

[...] Her i dette området er det heldigvis mindre migrasjon enn i mange andre område. Og Capulálpam og Ixtlán klarer seg veldig bra. Vi har klart å halde meir på dei unge. Her og i Ixtlán er det jo meir arbeidsplassar og skular enn andre stadar. Vi har dei ulike kommunale bedriftene her som har gjeve ein del arbeidsplassar, det er også ulike prosjekt på gang i landsbyen som gjev arbeid. [...] Andre har familiebedrifter der også dei unge arbeidar. Det er òg ein del som arbeidar i ulike statlege sektorar som utdanning.

## Peasant, urbefolkning og aukande grad av urbanisering

Merkjelappar som urbefolkning, Zapoteca og peasant, som i denne oppgåva vert nytta, kan føre med seg assosiasjonar som at deira kultur, kosmologi og meiningsunivers skiljer seg radikalt i frå mestizoane eller byfolka. Michael Kearney skriv i monografien *Reconceptualizing the Peasantry. Anthropology in Global Perspective* (2005) at ein ikkje lenger kan snakke om peasants slik Eric Wolf definerte omgrepet på 1960-talet, og Kearney stiller spørsmål ved om omgrepet i det heile kunne nyttast på den tida. Definisjonen fokuserte då først og fremst på peasanten som produsent av jordbruksprodukt til subsistens, med moglegheit for salg av desse varene ved produksjon over subsistensnivå. (Kearney, 2005:1-2)

Slik som eg opplevde det i 2006 var Capulálpam eit samfunn med ei stadig aukande grad av urbanisering der få no dreiv med jordbruk som einaste inntektskjelde. Småskalaproduksjon av visse jordbruksprodukt var heller noko som kom i tillegg til andre inntektskjelder. Landsbyen var elles godt integrert i ein nasjonal og internasjonal økonomi og var avhengig av kommersielle regionale og nasjonale, så vel som internasjonalt produserte produkt. Kommunen hadde skular, offentleg bibliotek, to internettrom (nokre har òg Internett heime) og fjernsyn. Det var vanleg for mange unge å flytte til byane for å utdanne seg og søkje arbeid eller migrere til USA for å tene pengar. Kommunen var med i panamerikanske og regionale miljøvernforum og -rørsler gjennom internettmediumet, og hadde utvikla lokal industri og elaboreringsverksemd for ein lokal så vel som regional og statleg marknad med god vegtilknytning til delstatshovudstaden, Oaxaca by. Saman med utviklinga av staden som turistdestinasjon kan ein slik snakke om ei aukande grad av urbanisering, der grensene mellom rural og urban stadig vert mindre og skilnaden på livet og kulturen til ein mestizo som bur i byen og ein zapoteco som bur i Sierra Juarez ikkje nødvendigvis er så stor lenger.



## Nøkkelinformantane

Som eg har nemnt baserer eg oppgåva mi mykje på narrativ frå nøkkelinformantar som arbeida på skogbruket, i organisasjonar tilknyta forvaltning og skogbruksindustrien og folk eg vart betre kjend med i kommunen. Eg vil her introdusere dei viktigaste som ikkje var tilknyta organisasjonane.

### Plutarco

Plutarco, ein liten og kraftig kar i femtiåra, var administrator og dagleg leiar ved skogbruket og hadde att eit halvt år av vervet sitt då eg arbeida på bruket. I tillegg til å arbeide på skogbruket hadde han eit føretak i Oaxaca by der han leigde ut stolar og bord til ulike større arrangement og hadde etter farens gravferd i februar (2006) òg teke over baren som faren hadde dreve, der han budde no medan han var tilsett på bruket. Ettersom administratorvervet nesten ikkje betalte noko var desse to føretaka levebrødet til han, kona hans og dei to sønene som budde i Oaxaca by. Plutarco hadde sin tilhaldsstad i administrasjonsbrakka ved skogbruket der eg pleidde å sitje og slå av ein prat når han ikkje hadde alt for mykje å gjere. Han tok meg ofte med når han skulle opp på synfaring eller anna i hogstsonene og forklarte meg då mykje om skog og natur, kva dei føretok seg og ikkje minst om si eiga situasjon som administrator. Som administrator for den største kommunale bedrifta som var gjenstand for mykje mistillit i landsbyen var han i ei spesiell rolle og vart av den grunnen òg den viktigaste av informantane mine.

### Bruno

Bruno var den av arbeidarane ved skogbruket som eg var best kjend med. Han var den store spilloppmakaren blant arbeidarane og hadde sørge for å halde hummøret oppe mens vi arbeida. Til tross for at han var i femtiåra og ein godt vaksen mann kunne han starte krig med kongler og anna avfall etter trea, men hadde òg ei seriøs side som kom fram når ein var på tomannshand. Han hadde arbeida ved bruket i ca. 15 år, og etterkvart som eg vart kjend med han hadde han mykje å fortelje som sette både kommunen og bedrifta i eit kritisk lys. Bruno budde i lag med kone og fire søner i utkanten av landsbyen og hadde som dei fleste

andre ein imponerende hage innanfor dei enkle murane sine. Kona hans var heimeværande og selde av og til frukt på mandagsmarknaden i parken. Sonane gjekk på ungdoms- og vidaregåande skule og den eldste utførte sosialteneste på økoturismerestauranten i helgane.

## **Miguel**

Miguel budde i same område av landsbyen som Bruno og arbeida òg saman med han i skogen. Avdi ingen av dei hadde motorsagssertifikat var det ofte oss tre som arbeida i lag med vinsjing og fjerning av greiner eller anna oppreinsking. Bruno og Miguel var alltid blant gjengen som var oppe i hogstsonene, i motsetning til nokre av dei andre som likte seg betre på snikkarverkstaden ved bruket. Miguel var i førtiåra og litt yngre enn Bruno som hadde passert femti og budde saman med kone og to døttre like ved Bruno. Han hadde arbeida ved skogbruket dei siste fem åra og var ein av kraftkarane og første mannen til å ta i eit tak. Han pleide å komme forbi for å ta ei kald øl og slå av ein prat om eg og Bruno sat i hagen på kvelden, og var alltid frampå med å utfordre ein uerfaren nordmann i lokal brennevinsdriking, noko som var fatalt for feltnotatskriving. Bruno og Miguel var òg dei to informantane mine som var opna seg meir når det gjalt politiske standpunkt og viste seg å vere relativt kritiske til det lokale demokratiet og dei som dei karakteriserte som dei meir dominerande. Dette vil verte eit viktig tema i oppgåva.

## **Oscar**

Oscar var eigaren av spisestova eg pleide ete middag i, der kona hans Lupe arbeida saman med mora si. Gjennom nevøen deira sin som arbeida i New York hadde dei bygd opp det som no var den største spisestova i kommunen. I tillegg til arbeidet sitt som lærar var han engasjert i lokalpolitikk og kommunen si framtid, og heldt stundom mindre ideologiske monologar for meg om korleis *dei* ville kommunen skulle vere, og verka for meg som ei eldsjel for kommunen.

## Carlos

Eg vart av Lupe anbefalt å snakke med Carlos som i likheit med Oscar var politisk aktiv og som ifølge ho ville kunne forklare meg dei administrative og politiske strukturane i kommunen bra. Carlos var elektrikar og arbeida på kraftverket i Ixtlán og hadde eit stort fint hus i sentrum der han budde med familien sin. Han kom frå ein politisk aktiv familie der faren hadde vore president, medan broren og var engasjert i dei offentlege verva i kommunen. Carlos var ofte oppteken med andre ting på kveldstid. Difor vart det ofte betre tid til å prate når han inviterte til middagsselskap. Vi kunne sitje på kveldstid å prate når han ikkje var oppteken med andre ting, noko han ofte var, så han hadde ofte betre tid når han inviterte til middagselskap der eg òg vart betre kjend med familien hans.

## Natur og toppografi

México har eit av dei største mangfalda av flora og fauna i verda. I følgje Rzedowsky finst 37% av alle rapporterte artar i México. (Lara 1992:19 i Alatorre 1998:21) Dei fleste av desse finn ein i dei meksikanske skogane og tropiske områda. Delstaten Oaxaca har ein enorm variasjon i flora og fauna ettersom staten strekkjer seg over 598,7 kilometer på det lengste og er med sine 95 364 kvadratkilometer den femte største delstaten i México. (Oaxaca, De Cara a la Nacion) Ein av grunnane til at denne delen av México har ein slik artsrikdom er det store høgdespekteret. Kysten og fjellområda har ei rekkje ulike plante- og skogstypar som igjen skaper grobotn for eit rikt dyreliv. (Lara 1992:19 i Alatorre 1998:21) Det høgaste fjellet strekkjer seg til 3 750 meter over havet. Den rike floraen og faunaen har mellom anna gjort regionen viktig for naturvernorganisasjonar som WWF.<sup>6</sup>

Den urbane sona i Capulálpam ligg på 2040 meter over havet, og det totale territoriet dekkar med sine 19,14 kvadratkilometer ei lita fjellside med grense mot Santa María Yahuique og Santiago Xiacuá i sør, der eit elvefar utgjør grensemarkeringa og deler landskapet inn i to

---

<sup>6</sup> WWF (World Wide Fund for Nature, tidlegare World Wildlife Fund) er ein uavhengig verdsomspennande miljøvernorganisasjon som har som formål å ”stansare dagens naturødeleggelser og å skape en framtid der menneske lever i harmoni med naturen”. ([http://www.wwf.no/om\\_wwf/index.cfm](http://www.wwf.no/om_wwf/index.cfm) lese: 10.05.2008)

fjellsider. Grensa i nord og nordaust ligg på toppen av eit langstrakt fjell som ligg på mellom 2700-2800 meter over havet. Capulálpam grensar her mot San Juan Tepanzacualcos og San Miguel Yotao i nordaust, og distriktshovudstaden og knutepunktet Ixtlán de Juarez i nordvest.

Klimaet i høgda 2000 til 3000 meter over havet vert karakterisert som temperert og varierer frå mindre fuktig til fuktig i regnsesongane. Temperaturen varierer her frå under frysepunktet i vintermånadane frå desember til februar/mars, og over 30 grader på det varmaste i sommarmånadane. Det vert drive hogst på dei kommersielle artane frå september og fram til slutten av juni då regn- og orkansesongen tek til. Det er òg ein regnperiode tidleg i mai då det er redusert aktivitet, men denne varer berre i nokre veker. Skogen i dette området vert dominert av furu og eik, tidlegare med overvekt av furu, mens eikeartar og blandingsartar av dei to har vorte meir dominerande dei siste 50 åra. Dei fem viktige kommersielle artane er patulafuru (*Pinus Patula*), mexicansk mjukbarkfuru, (*Pinus Pseudostrobus*), mexicansk kvitfuru (*Pinus Ayacahuite*) og sypress (*Cupressus Lusitanica*), og furu-eika, *Oaxacana*, som er ein lokal blandingsart. Av desse er det særleg dei tre første som vert føretrekte. Skogen dei har definert som hogstområde for kommersiell drift ligg mot aust og nord, mens den urbane sona ligg i den sørvestlege delen av territoriet. Mellom dei har dei laga ei buffersone (*Zona Domestica*) som vert nytta til innsamling av urter, planter og anna. For å kunne hente ut skog i hogstsonene lyt dei køyre gjennom landsbyen, forbi sagbruket som ligg litt utanfor den urbane sona, og inn i skogen via eit nettverk av skogvegar 15-45 minuttar frå landsbyen. Topografien gjer det umogleg å kome inn til denne delen av territoriet frå andre kantar. På vestsida på den andre sida av den urbane sona ligg to av dei andre kommunale bedriftene som nyttar seg av naturressursane. Her har dei etablert eit lite industriområde for produksjon av grus, mens det innanfor er bygd opp ein aktivitetscamp med restaurant i det som er økoturismesatsinga til kommunen.

Forutan furu- og eiketre har området eit rikt planteliv, og året rundt finn ein eit mangfald av ulike plantar både i skogen og innimellom dei kultiverte jordlappane og bebygde strøka. Her finn ein andre typar tre og buskvekstar, nokre mindre typar kaktus, og eit mangfald av urter som er viktige for hushaldet både som mat og som medisin. Særskilde tre- og plantevekstar finn ein i visse område ut frå høgda i terrenget. Urter vert slik hausta både oppe i skogen og mellom mais- og bønneplantene i åkrane ved den urbane sona.

I og rundt landsbyen er naturen ein integrert del. Det vil seie at i tillegg til at jordlappane der dei dyrkar mais, bønner, korn, linser og graskar som ligg både i den urbane sona og i periferien av ho, er det grøne element å sjå nesten over heile den urbane sona. Rundt om i landsbyen finn ein eit stort mangfald av plantar som skal pryde den enkelte eigedomen eller det offentlege rom, men som óg kan ha ein funksjon utover dette. Dei fleste har, dersom dei har plass til det, frukttre eller bærbusker som dei haustar av. Epletre, plommetre, ferskentre og kirsebærtre er vanleg og plantanemangfaldet har ofte både ein estetisk funksjon og ein bruksfunksjon. Plantane i hushaldet er familien sin stoltheit og hushalda konkurrerer om å ha flest planter og den best stelte hagen. Den årlege hagekonkurransen vart i april 2006 arrangert som ein turistattraksjon. Mange familiar hadde lagt inn mykje arbeid i hagane sine gjennom år med oppbygging og tileining av kunnskap. Det vart difor uttrykt irritasjon mot familien eg budde hjå, sidan dei hadde kjøpt inn ny jord til plantene og nye nyutsprungne blomar same veka som konkurransen vart halden. Dette vart sett på som juks sidan dei ikkje hadde gjort arbeidet sjølve.

## Eigedomshøve

Dei to viktige kommunale eigedomsformene i det rurale México er ejidoen og urbefolkningskommunen (*comunidades indigenas*), og desse er underlagde egne lovverk. Ejidoen er eit arbeidskollektiv som er knytt til jorda, og denne typen kollektiv har sitt opphav i jordreformene som vart innførte på 1920-talet. Jorda og jordrettane vart då gjevne til dei som budde og arbeidde innanfor eit bestemt område, ofte ei landsbyeining eller fleire landsbyeiningar innanfor eit område. I urbefolkningskommunen er eigedomsretten knytt til ei definert gruppe sitt felles opphav, eit regime som også fekk sin autonome eigedomsstatus lovfesta under jordreformene. Store delar av México er organisert i slike relativt autonome arbeidskollektiv og kommunar. Denne organisasjonen har ein struktur som har mykje å seie for inndelinga av territoriet. Der ein på den eine sida har statleg eller føderal eigedom som kan seiast å vere eigd av alle statsborgarar, og på den andre privat eigedom, er kommunen ei allmenning, som vil seie ein eigedom med fleire medeigarar. Dette gjer at alle innbyggjarar med status som *comunero* (*comun* tyder felles) saman er likeverdige medeigarar i landet og ressursane som utgjer kommunen. Eigedom kan difor ikkje seljast til nokon utanfor kommunen. Folk utanfrå kan få leige jord og etter nokre år kan dei òg få status som

*ciudadano* (innbyggjarstatus) med rett til å eige land og seinare òg status som *comunero* om dei vert oppfatta som ansvarlege og tillitsfulle folk som kontribuerer til samfunnet og handlar i tråd med aksepterte normer. Sjølv om det kommunale territoriet er felleseige er det òg regulert inn i brukssoner og privat eigedom. Margaret McKean nemner ulike typar oppdeling av allmenningen som òg er å finne i Capulálpam. (McKean, 1992:65) Vi finn her den klassiske typen, der alle innbyggjarar har rett til bruk av sonene og ressursane karakteriserte som felles med få formelle avgrensande reglar for hausting eller nyttegjersle av naturen. Denne typen felles bruksrett vert i litteraturen ofte referert til som *common-pool resources*. Eg vil kome tilbake til reguleringane og reglane for desse sonene i kapittel fire. Vi finn òg døme på det McKean omtalar som delt bruk av ressursar. Det vil i dette tilfellet seie ei oppdeling av jordbruksområdet der jordlappar som ikkje vert sådde vert inndregne av den kommunale administrasjonen og redistribuerte til folk som treng jord. I Capulálpam er det eit minkande tal maisbønder ettersom dette ikkje lenger er noko lukrativt levebrød. Det er difor ikkje nokon hyppig frekvens av jordomfordeling og langt mindre nokon trong til å utvide jordbruksområda. I det som vert referert til som den urbane sona eller landsbyen, er territoriet inndelt i private eigedommar med unntak av sentrum som har ein park med kommunale bygningar og fasilitetar ikring. Privat eigedom går i arv saman med jordlappane som tilhøyrer hushaldningane dersom dei vert brukte. På denne måten administrerer den kommunale administrasjonen jord- og eigedomsdistribusjonen innanfor den kommunale allmenningen.

## Styresett og politisk organisering

*Usos y costumbres*, som kan omsetjast med skikk og bruk, er styresettet i urbefolkningskommunane og er basert på kommunane sine tradisjonelle styresett. *Usos y costumbres*-lovene gjev kommunen retten til å ha si eiga form eller modell for *usos y costumbres* som ofte varierer med storleiken på kommunen. Det øvste politiske organet er generalrådet som er rådet for *comuneroar* (*Asamblea General de Comuneros*). Her vert alle viktigare saker og avgjersler som vedkjem kommunen som fellesskap og medeigarane tekne opp.

Kommunen har òg eit råd for alle med innbyggjarstatus, og som såleis inkluderer fleire enn det generalrådet gjer. Dette rådet tek seg av mindre viktige saker og fungerer samanlikna med generalrådet meir som eit informativt organ. Frekvensen på møta varierer etter behov frå ein gong i månaden til ein gong kvar tredje månad, som er obligatorisk for begge råda.

I tillegg til desse finst det eit eldsteråd som går under namnet *Consejo de Caracterizados* for folk som nyt høgare sosial og politisk status etter utføring av kommunale politiske og administrative verv (*cargos*). Rådet vert samla i krisesituasjonar, til dømes konfliktar som ikkje kan løysast av andre lokale juridiske organ eller ved høve der personane som sjølve sit i desse verva eller deira nære familiemedlemar direkte eller indirekte er involverte og slik ugyldiggjer vervet dei sit i. Avgjersler vert i råda tekne ved røysting ved handsopprekking der alternativet eller argumentet som får flest hender i været vinn. Råda er difor formelt sett demokratiske diskusjonsforum, der røysta til kvar og ein med tilgangsrett skal høyrast og vegast likt uavhengig av person eller familie. Mennene i familien er dei politisk aktive som pliktar å delta på den politiske arenaen. Den politiske organiseringa byggjer slik sett på eit kjønnsdelt fundament der kvinna berre får delta om ho skulle verte enke ettersom ho då vert rekna som familieoverhovud. Då eg var i Capulálpam var det likevel berre éi kvinne som nytta seg av høvet til å delta på møta.

Eigedommsrett fundert på felles gruppeopphav lyt utdjupast nærmare. Som tidlegare nemnt har folk utanfrå på den eine sida høve til å få comunero-status, som betyr plikta deltaking i generalrådet. Men å vere frå kommunen gjev deg ikkje automatisk comunero-tittel. Etter fylte 18 år kan ein søkje om denne tittelen, men vanlegvis berre om ein er busett i kommunen og har tenkt å verte buande der, av di ein er plikta til å møte opp til kvart rådsmøte. Ein kan vere busett utanfor kommunen òg, så lenge ein kjem seg på møta, men dette er ikkje så vanleg. Dersom ein ikkje kan møta, vil ein måtte sende nokon som kan representere seg, eller betala ei bot om ein ikkje har gyldig fråversgrunn. Fråver vert berre godteke nokre få gongar før ein vert fråteken comunerotittelen. I praksis kan ein difor ikkje verte medeigar og politisk aktiv i landsbyen om ein emigrerer.

## **Cargo-verva**

Dei ulike administrative og tenesteytande kommunale verva er organisert i eit system som går under namnet *cargo*, og tyder plikt. Systemet er forma i eit hierarki med tolv vervskategoriar som stig frå tenesteytande kommunalarbeidarar og opp til dei politiske og administrative verva med presidenten på toppen. (Sjå vedlegg, fig. 1) Alle menn er plikta til å delta etter enda utdanning under føresetnad av at dei bur i landsbyen og startar på nivå éin av tolv, der dei to lågaste nivåa er obligatoriske. Dei ulike verva får etter kvart meir ansvar og lenger varigheit, og går frå å vere hjelpegutar for dei kommunale råda, bedriftene og den katolske kyrkja, til å vere bodgut og hjelpar for den kommunale administrasjonen, deretter organisator og ansvarleg for desse første cargokategoriane, og vidare sekretær eller rekneskapsfører på nivå fem og seks. Di høgare verva er, di meir ansvar inneber dei og krava til dei som skal verte valde vert slik òg høgare. Dei fire første nivåa har ei varigheit på eitt år, mens verva frå nivå fem og oppover varer i tre år. Cargoverv nummer sju, åtte og ni, som er regentverv for høvesvis rural utvikling, utdanning og sportsaktivitetar, og helse og økologi, er i praksis likestilte ettersom ein frå nivå fem og seks kan verte tildelt kven som helst av desse utan å måtte klatre alle nivåa.

Om du gjer cargoane dine veldig bra kan du avansere raskare oppover. Du kan til dømes hoppe frå cargo to til fem eller seks, og ein kan òg hoppe frå fem eller seks og opp til åtte eller ni. Om du derimot utfører cargoen din dårleg, vert du verande på det nivået og du vil aldri avansere. Og om nokon ikkje fullfører cargoen sin, anten ved at ein hoppar av eller verte avsett, vert denne personen fråteken tittelen sin som comunero og mistar slik sin sosiale status i kommunen. (Carlos)

Dei tre høgaste verva på cargoskalaen er regenten for eigedom på nivå ti, *sindico* på nivå elleve og det kommunale presidentvervet på nivå tolv. Sindicoen har ansvar for at landsbyen sin infrastruktur, med vegnett, kloakknnett, vassnett og elektrisitet, er i orden og vert vedlikehalden, i tillegg til reinhaldstenester som søppelhenting, søppelbrenning og reinhald av parken og området i sentrum av landsbyen. Den kommunale presidenten har det mest prestisjefulle vervet og representerer kommunen på høgare administrative nivå. Han har òg ei sentral rolle i råda og i den vidare behandlinga av avgjersler og vedtekter som vert gjorde der. Som representant utad har han òg ansvar for å søkje økonomisk støtte utanfrå til lokale prosjekt og utvikling. I motsetning til dei andre verva frå og med nivå fem som varar i tre år,



sit presidenten berre i eitt og eit halvt. Den korte tida til presidentvervet vert forklart med intensiteten på vervet, der han nesten ikkje har tid til familien sin.

I tillegg til dei nummererte cargoverva finst det også andre høgare verv, i tillegg til verv knytt til ulike komitéar og bedriftsadministrative cargoverv. Landsbyen har òg eit lokalt juridisk verv, eit verv som i denne konteksten har ansvar for lov og orden og er det kommunale nivået sin juridiske representant underlagt distriktpolitikontoret i Ixtlán. Under rådmannen finn me òg mellom anna politikonstabelen og politibetjentar. Kommissæren for kommunale gode (Comisariado de Bienes Comunales) er vervet som har ansvar for dei kommunale ressursane og med det all nyttegjersle av territoriet med dei ressursane som der. Den totale kommunale eigedomen er slik delt mellom to verv, der regenten for eigedom har ansvar for den urbane sona som inkluderer privat eigedom, mens kommissæren har ansvar for resten. Den som har kommissærvervet er leiar for komitéen for kommunale gode, der sekretær og rekneskapsførar òg er cargoverv. (Sjå vedlegg, fig. 2) Over kommissæren står eit overvåkingsverv som elles fungerer som ein trettande cargo ettersom ein lyt ha gått gjennom alle dei tolv nivåa for å kunne få det. Dette vervet har som oppgåve å overvake kommissæren og aktiviteten i komitéen for kommunale gode så vel som resten av det politiske systemet, med unntak av den kommunale presidenten. For å kunne verte kommissær lyt du ha passert dei elleve første nivåa, men vervet har likevel ikkje like høg status som president.

Som ansvarsinstans for kommunale ressursar vert kommissæren og komitéen for kommunale gode mediator mellom generalrådet og dei kommunale bedriftene som alle, bortsett frå transportkooperativet, nyttar seg av naturressursane. Kommissæren har slik ansvar for overvaking av bruk og åtferd knytt til naturressursane og territoriet utanfor den urbane sona, og er for dette ein administrativ instans under generalrådet. Dette vil seie at kommissæren saman med bedriftene sine administrative råd har ansvar for utarbeiding av vedtektene og at dei vert operasjonaliserte og overhaldne, i tillegg til at han har ansvar for å informere generalrådet om aktiviteten i bedriftene og eventuell annan aktivitet som skulle gjelde naturressursane. Han har òg status som fullmektig ved utsteding av løyve til bruk eller inngrep i naturen som strid imot dei lokale eller statlege reglane for naturforvaltning.

## Dei kommunale bedriftsverva

Administreringa av dei kommunale bedriftene vert delvis gjort gjennom cargooverv. Dette vil seie at kvar av bedriftene har ein administrasjon som består av ein administrator eller sjef, ein rekneskapsførar og ein sekretær. (Sjå vedlegg, fig 3) Desse verva er kortare enn dei høgare cargoane og varar i to år. For å verte vald til administrator i ei bedrift er det ein fordel å ha vore gjennom nivå fem eller seks på cargostigen, utan at dette er noko formelt krav. Personleg karakter og tillit til denne personen og familien hans kan vere meir avgjerande for administratorvalet, mens i valet av sekretærar og rekneskapsførarar vert det føretrekt folk med utdanning eller erfaring innan IKT eller administrasjon. Det var i tida då eg utførte feltarbeidet mitt berre éin person med relevant utdanning i eit sekretærverv; sekretæren til presidenten.

Etter kvart som bedriftene har sett økonomisk utvikling, har fleire sekretærstillingar vorte avvikla som cargoar og omgjorde til betalte fulltidsstillingar. Sekretærstillingane som ikkje er underlagde cargosystemet hadde eit lønsnivå på 5000 pesos (ca. 2750 NOK), mens verva underlagde cargosystemet mottok ein kompensasjon som i 2006 låg på 1000 pesos (ca. 550 NOK) i månaden.

## Eldsterådet

Eldsterådet består av alle som har utført ein høgare cargo, som vil seie frå nivå fem og høgare, og hadde i 2006 65 medlemmar. Dette kan seiast å vere ein permanent medlemskap ettersom ein sit i rådet livet ut når ein først har vorte medlem. Rådet vert samla ved ”spesielle saker som krev spesiell behandling”. Dette kan vere om det er oppdaga uregelmessigheiter eller korrupsjon i den kommunale administrasjonen eller i bedriftene. Det kan òg vere saker som landsbyen lyt ta stilling til som til dømes landkonfliktar med kringliggjande kommunar eller andre eksterne forhold som gjeld kommunen. Våren 2006 vart det kalla inn til spesielt mange samlingar for å ta stilling til spørsmål i samband med problema med gruva i Natividad. Eg vil kome inn på dette i kapittel 3.

## Politiske maktstrukturar

### Horisontal og vertikal maktstruktur

Det politiske systemet kan seiast å ha to dimensjonar. På den eine sida har den øvste autoriteten og avgjersletakingsinstansen ein flat struktur i form av kva rettar og makt individet formelt sett har i råda. I generlrådet så vel som i innbyggjarrådet er alle medlemar slik sett likeverdige med rett til deltaking i diskusjon og der kvar hand veg like tungt ved røysting når ei avgjersle skal takast.

Mange av informantane mine la vekt på denne flate politiske strukturen og kommunen sin autonomi med råda som øvste autoritet, der innbyggjarane i fellesskap tek avgjersler basert på ei direktedemokratisk majoritetsrøysting. Dette står i motsetning til partisystemet i byen og på det nasjonale nivå. *Her er det me sjølve som regjerer, ikkje nokon andre.* Interne maktstrukturar vart sjeldan fokusert på når folk snakka om kommunen, og den politiske maktstrukturen framstod slik for meg som meir einskapleg, demokratisk og harmonisk.

På den andre sida inneheld det politiske systemet òg ein hierarkisk dimensjon som knyter seg til cargosystemet og prestisjen som følgjer med dei ulike verva. Ettersom eg ikkje hadde tilgang til nokon av råda vil eg i denne skildringa nytta Maria Teresa Sierra si skildring av maktutøving. Kva status ein person har i forhold til utførte cargoar speglar seg i følge Sierra igjen i kva innverknad han kan ha i råda og generelt på den politiske arenaen. Sierra omtalar i sin monografi *El ejercicio discursivo de la autoridad en asambleas comunales* den diskursive utøvinga av autoritet i kommunale råd. I denne reelle maktstrukturen, som beståande av visse personar som ved å inneha ein viss symbolsk kapital, kan ha ei spesiell rolle i maktspilet og med det ein viss moglegheit til å påverke. Ho skildrar denne symbolske kapitalen som *summen av deira legitime godkjende talent, opplevingar og kunnskap inkorporert i subjekta og dei sosiale gruppene sine habitus og praksisar*<sup>7</sup>. (Sierra, 1987:16. sitert i Alatorre, 1998:82) Det avgjerande for å opparbeide seg tilgang til mektige posisjonar er i følge ho å kjenne godt til den kommunale logikken, eller delta innanfor normene og

---

<sup>7</sup> Mi omsetjing.

reglane som er del av identiteten til gruppa. (Sierra, 1987:16. i Alatorre, 1998:82) Den politiske erfaringa ein person opparbeidar seg ved å stige i cargohierarkiet og delta i råda vert dermed ein avgjerande formell status som er med på å avgjere ein person sin posisjon og moglegheit til å delta og påverke i diskusjonane i råda. Dette gjer òg at personar som har fullført mindre cargoar ikkje har same moglegheita til å delta eller påverke som dei som har høgare prestisje etter å ha passert høgare cargonivå. [...] *ein vert instruert om å halde munn om ein ikkje har kome til cargonivå fem*, kunne Miguel fortelje meg. *Me som ikkje har kome høgare enn dei første to-tre cargoane kan i praksis ikkje delta. Me er berre til stades.*

### **Cacique'ar og familiealliansar**

Eit klassisk døme på homogenitetsproblemet antropologen kan møte i feltarbeidet finn me i Gerald Berreman sin monografi, *Behind Many Masks: Ethnography and Impression Management in a Himalayan Village* (1962). I den himalayiske fjellandsbyen opplevde Berreman at tolken sin presentasjon av røynda og kva folk fortalde var betydeleg farga av kasten som han tilhørde. Berreman fekk difor ei heilt anna røyndomsoppfatting då han hadde med seg ein annan tolk frå ein lågare sosial kaste. (Hylland Eriksen, 1993:35) Etter kvart som eg vart betre kjend med særleg visse arbeidarar i skogen fekk eg òg presentert eit syn på maktstrukturen i landsbyen som var langt meir kritisk til prestisjehierarkiet og korleis dette påverka det lokale demokratiet.

Informanten min, Bruno, og eg stod ein dag utanfor huset hans og prata. Bruno var vanlegvis spilloppmakaren og gledesspredaren i gjengen som arbeida i skogen og slik var han òg i dag. Men i dag var det berre eg og han som stod og såg på hagen og trea og buskene hans. Me hadde for første gong ein seriøs samtale, kanskje fordi det berre var oss to som var der og ingen i nærleiken som lytta. Då me byrja å snakke om generalrådsmøtet som han skulle på same kvelden vart tonen heller dyster og versjonen eg fekk høyre denne gongen var ein annan enn den harmoniske presentasjonen som hylla direktedemokratiet, som eg hadde høyrte frå andre i landsbyen.

---

Me berre gjennomfører møta i rådet fordi me må, fordi me bur her. Det er obligatorisk. Men i råda er det det same. Det er ei gruppe som dominerer. Me kallar dei caciquear. Det er dei som styrer. Om du fer på rådsmøte, så snakkar dei, dei seier det dei vil, og seg i mellom delar dei dei høge cargoane. Så sagbruksadministratortittelen, grusmaskin-administratortittelen, kommissær- og kommunepresidentcargoen... mellom desse same folka eller familiane blir dei. Frå generalrådet dominerer dei alt. Det er viktige punkt ein bør seie... heile generalrådet. Og med to-tre av dei, så pratar dei seg i mellom til dei vert einige, og så blir det med det. I augeblinken ein seier noko vert ein stoppa av dei, og dei pratar. Og byrjar ein å prate så kjem dei indirekte og... (slo ut med armane for å vise makteslausheita)

Eg hadde tidlegare merka meg at blant politisk aktive personar som sat i høge verv og komitéar, eller som hadde gjort det, fanst det i nokre tilfelle nære familierelasjonar. Eg kan her trekke fram to døme. Broren til kommunepresidenten var dagleg leiar for økoturismebedrifta og hadde tidlegare òg vore administrator for skogbruket. Far deira hadde òg vore president tidlegare. I eit anna tilfelle hadde ein informant som hadde passert cargonivå ni ein bror som var administrator eller leiar for administrasjonskomitéen for økoturismebedrifta. Han hadde òg ein onkel som hadde hatt det juridiske vervet nokre år tidlegare og ein far som hadde vore kommunepresident. Fleire av desse hadde høgare utdanning. Avdi det stort sett vart snakka generelt om kven desse caciqueane var og av hensyn til anonymitet vil eg ikkje gå vidare inn på kven personar eller familiar det her var snakk om.

Nokre av informantane som eg arbeida saman med i skogen kunne fortelje meg at det stort sett var ei lita gruppe med familiar som i praksis styrte råda.

Det er ikkje så mange som snakkar i råda, det er få. Dei som snakkar har høg status og har gjort cargoane sine bra. Det er ein del familiar der cargoane er veldig viktige. Alle (mennene) er politisk aktive og i kvar generasjon er det nokon som vert president. Sønene vert pressa slik at dei stig fort i cargoane. Men det er mange som knapt får opne munnen i generalrådet. Det kan vere at dei eller foreldra deira ikkje er herfrå, at dei ikkje har gjort cargoar, eller at dei har gjennomført dei dårleg.

Bruno var ikkje einig i at den låge aktive deltakinga berre kom av at folk hadde gjort cargoane sine dårleg eller ikkje hadde kome høgare enn dei første obligatoriske verva.

Det er ikkje berre difor. Du må hugse på at desse folka er med og vurderer kven som har utført cargoane sine bra og ikkje. Av og til delar dei ut cargoar til folk for å øydeleggje for dei, for dei veit dei ikkje vil gjere dei bra, og då er det lett å klage på dei. Men mange har gjort bra cargoar, men ikkje vorte valde til nokon høgare cargo. Mange smarte, flinke folk med utdanning og alt. Men dei vel frå sine egne rekkjer eller folk som dei veit dei har på si side når dei vel cargoane. Det er det mange eksempel på. Det er folk som har lyst å delta og gjere bra ting for kommunen, men med desse folka her får dei ikkje gjort noko...for mange av desse familiane held saman. [...] Ein merkar av og til at dei har bestemt seg for kva som skal skje og kva dei skal gjere før generalrådet har byrja.

Lars Leer skildrar i ein artikkel om politikk og demokrati i det rurale Oaxaca desse caciqueane som sterke regionale makthavarar som har større makt eller påverking på lokalsamfunna sine. (Leer, 2006:4) Skildringa til Bruno og dei andre fortel om ein tredje maktstruktur bestående av slike makthavarar og familiealliansar som er aktive i det politiske biletet, og som har moglegheit til å påverke både kven som får delta aktivt på den politiske arenaen og den politiske diskursen som ligg til grunn for avgjerslene som vert tekne i råda i kommunen. Camille Antinori, som i artikkelen *Vertical Integration in the Community Forestry Enterprises of Oaxaca* skriv om kommunal skogsdrift i Oaxaca, skildrar òg Oaxaca sin notoriske caciquismo som politisk dominering av mektige lokale elitar, noko som ofte fører til samanbrot av det demokratiske politiske apparatet. (Antinori, 2005:249) Denne skildringa av demokrati og politisk innflytelse i kommunane i Oaxaca er med på å kaste lys over det politiske landskapet som Bruno og fortell om. Eg vil i denne oppgåva ikkje ta stilling til kor vidt denne skildringa stemmer. Andre eg snakka med var ikkje nødvendigvis einige i dette biletet, og eg vil gå ut frå at kven eg snakka med så vel som mi rolle som utanforståande forskar gjorde at skildringane eg fekk varierte frå det harmoniske demokratiet der landsbyen står samla og har eit fungerande demokratisk institusjonelt apparat, til det mindre demokratiske der familiar med større moglegheit til påverking er med på å øve sterkare innflytelse på dei demokratiske prosessane. Det viktige med cacique-diskursen er at mange uttrykte lite tillit til kommuneadministrasjonen og skogdrifta. Eg vil i kapittel sju ta føre meg korrupsjonsanklagane i samband med skogbruket og korleis mellom anna institusjonelle og administrative strukturar er med på å skape denne diskursen.

## Det kollektive vs. det individuelle: Å tenkje kommunalt

I Capulálpam er det vanleg at dei unge går på skule opp til og med fylte 18 år, og mange reiste òg ut for å studere vidare og hadde visjonar om karriere og å oppleve livet utanfor kommunen. Cargoen og det kollektivistiske kommunale livet vart difor av mange sett på som ein byrde.

Dei unge veit ikkje alltid å verdsetje det me gjer her. Sjølv om Uzachi<sup>8</sup> held foredrag på skulane veit dei ikkje kor masse me har arbeida for å få til det me i dag har. Dei tenkjer individualistisk og ikkje kommunalt. Dei vil ikkje gjere cargoar. Dei veit ikkje kor mykje me har arbeida for deira framtid. Dei har høg bevisstheit om ivaretak av miljøet på grunn av Uzachi sine forelesingar på skulane, men dei bryr seg ikkje så masse når alt kjem til alt. Dei vil ikkje delta på tequio<sup>9</sup> eller gjere noko for kommunen. Dei ser heller på TV og vil vere slik som folka dei ser der, bu i byen, tene sine egne pengar og ikkje tenkje på kommunen. [...] Men me ser kor viktig det er å organisere seg og stå samla. I gruva no har ikkje arbeidarane nokon rettar; dei har ikkje lenger lov å ha fagforeining, lønningane er ingen ting, arbeidarane har inga makt, og dei har ikkje noko rett til helseteneste om dei vert sjuke. Alt dette hadde dei før når det var fagforeining og arbeidarane gjekk under ein felles kontrakt.  
(Utsegn: Oscar)

Liknande frustrasjonar over unge folk som ikkje viste større kollektiv eller kommunal interesse høyrde eg ofte hjå folk over 35 år. Dei unge hadde større interesse av å følge egne visjonar og planar enn å gjere plikter og delta i kommunen, vart eg fortalt. Denne ideologiske konflikten kom mest til syne mellom dei kollektive ideala og yngre menn. Oscar og son hans, Orlando, som for tida studerte i Salina Cruz ved kysten hadde krangla ein dag eg kom innom dei, og Orlando hadde reist tilbake til kysten att med det same. Søstera til Orlando fortalde at far hennar ville han skulle kome tilbake og byrje med cargoane no når han avslutta ingeniørstudiane sine. Han ville at Orlando skulle byrje å arbeide heime i Uzachi eller ein eller anna stad der kompetansen hans kunne kome landsbyen til gode. Oscar, som var ein respektert mann som hadde fullført cargonivå ni og som var kjent for å stå på for kommunen når det trongst, likte ikkje at Orlando ville til byen sjølv om han kunne få betre betalte arbeidar der.

<sup>8</sup> *UZACHI* eller *UZaChi* står for Union Zapateco-Chinanteco. Dette er den lokale forvaltingsorganisasjonen i dei fire kommunane i området, inkludert Capulálpam. Av omsyn til lesetilgjenge skriv eg frå no av Uzachi.

<sup>9</sup> *Tequio* er ei kommunal dugnadsform som comuneroane er plikta å delta på.

Dei unge vil til byen. Det er veldig få som interesserer seg for å bli. Dei fleste tenkjer på å kome seg til Oaxaca for å studere eller finne seg arbeid og idéen er å ikkje kome attende. Berre kome på besøk... men bu her, ikkje no lenger. Dei vil vere uavhengige. [...] Dei fleste kjem att etterpå og byrjar å arbeide i dei kommunale bedriftene eller andre stader sidan det er vanskeleg å finne arbeid der. Mange føretrekker å reise sjølv etter at dei får tildelt cargo, i staden for å fullføre han... ”Betre at eg fer, og når eg kjem att så gjev dei meg ikkje meir. Kvifor skal eg miste tid på ein cargo når eg kan finne betre arbeid andre stader?” Men styresmaktene i kommunen meiner heller dei får reise og ikkje kome att om dei ikkje vil gjere plikta si. Problemet her er at mange av dei unge har mista sine usos y costumbres. Dei tenkjer ikkje kommunalt lenger. Far min vil han skal arbeide for kommunen. Det er hans visjon... at han er med på å skape framgang i landsbyen, og slik får respekt. Det er viktig for familien at han gjer pliktene sine og arbeidar for kommunen, og folk forventar det... òg fordi far hans har gjort så masse. Det vil vere fælt for familien om han ikkje gjer cargoane sine bra. (søster til Orlando, Teresa)

Krangelen representerer ulik ideologisk tenking der Oscar verdset kollektivet og ein visjon for kommunen som for Oscar er viktigare enn individuell karriere, mens Orlando vil prioritere eigen karriere og ein uavhengig livsstil. Den kollektive tenkinga, med respekten som individet og familien får i kommunen ved å yte for fellesskapet, og det å kommunisere kollektiv identitet og haldningar gjennom eksisterande normer for kollektiv handling, reflekterer det Sierra omtalar som symbolsk kapital i det politiske maktspelet og generelt i samfunnet. Presset Orlando opplever frå faren og familien kan slik sjåast som eit press for å handle i tråd med eksisterande normer og verdiar som er rådande hjå faren sin generasjon og som definerer spelet for korleis ein kan tileigna seg den symbolske kapitalen knytt til den politiske arenaen i kommunen. Sonen har slik ansvar for å ivareta og vidareføre familien si ære og status, noko som ifølgje arbeidarane i skogen var vanleg blant familiane som var meir aktive i det politiske biletet og som hadde ambisjonar om å stige i cargosystemet. Det å *tenkje kommunalt*, som søstera til Orlando seier, kan difor ha betydning utover den ideologiske ulikskapen som ligg i skiljet mellom det å setje kollektivet og kommunen si utvikling først, og det å gå etter individuell karriere. Det er med på å oppretthalde og gje ein familie status og politisk inflytelse i kommunen.



### 3. Politisert natur

Eit av spørsmåla som vert adressert i samband med teori tilknytt allmenningen er under kva omstende sosiale system og institusjonar for konservering<sup>10</sup> og forvaltning av fellesressursar vert til. (Klooster, 2000:3) I dette kapitlet vil eg ta opp forholdet folk i Capulálpam har til naturen og territoriet sitt og korleis historiske hendingar og politiske prosessar har vore med på å prege måten folk tenkjer og snakkar om naturressursane og territoriet på. Eg vil her argumentere for at desse prosessane har vore med på å skape den forsvars- og konserveringsdiskursen som er grunnleggande i måten dei tenkjer på når det gjeld naturressursane og territoriet. Desse har vore viktige i utviklinga av forvaltings- og utviklingsstrategiane dei har valt, så vel som for det formaliserte institusjonelle forvaltingsapparatet i form av sentralisert drifting og konservering av fellesressursane.

### Konsesjonar og sosial mobilisering

*Dei tok dei beste trea våre!*

I Capulálpam var det før 1950-talet få som dreiv noko større skogbruk. Utanom vedhogst og tømmerhogst til konstruksjonsføremål dreiv eit trettitals personar privat tømmersal til gruva i Natividad. (INE, 2005) Ettersom 80% av México sine skogar etter artikkel sju i den mexicanske konstitusjon er under kommunalt eige, i motsetning til resten av Latin-Amerika der størstedelen av skogane er eigd av staten, vart det i 1948 vedteke eit lovforslag som opna for at dei mexicanske styresmaktene kunne konsesjonere vekk skogområde, til større private skogindustribedrifter. Ni kommunar i Sierra Juarez fekk i 1956 skogane sine konsesjonert vekk til den statlege papirfabrikken, *Fábricas de Papel Tuxtepec* (Fapatux) i konsesjonar som varte i 25 år. (Alatorre, 1998:23f, Vidal García Pérez, 2000:30) Skildringa av åtferda til bedrifta har både i litterære kjelder og i folkeminnet i Capulálpam ei negativ fortoning. Eg merka tidleg at om deira natur og ressursar kom opp i ein samtale, ville ein nesten alltid

---

<sup>10</sup> Konservering kan her definerast som *practices that are designed to prevent or mitigate species depletion or habitat degradation*. (Smith og Wishnie, 2000:515) Måten informantane mine brukar omgrepet på kan òg tolkast slik.

koma til historia om skogutnyttinga til Fapatux. Denne historia fann eg var godt kjend hjå dei fleste og eg merka ofte ei reaksjon i det namnet Fapatux vart nemnt.

Papirfabrikken tok dei beste trea. Dei lot det ikkje vere att noko, berre ein liten kompensasjon gav dei oss, som ikkje var noko som helst. Dei øydelagde masse, og ikkje rydda dei opp etter seg heller, der dei utnytta skogen vår. Alt me måtte plante opp att etter dei, store områder der det før berre var flotte store tre. (Tidlegare administrator ved skogbruket)

Gerardo Alatorre Frenk (1998) fortel i doktoravhandlinga si om landsbyane i dette området, korleis bedrifta gav attende eit minimum av det styresmaktene hadde bede dei om av infrastruktur som skular, vegar, elektrisitet, springvatn og helsetenester. Det vart med lovnadane, noko som var med på å skape misnøye i kommunane. Då kontrakten vart underteikna av representantar frå kommunen var dette ikkje ei avgjersle kommunen hadde gjort samla. Forhandlingane hadde heller karakter av overtaling av ei lita gruppe av comuneroar med godtgjersle betalt i ølkassar utan å informera om kor store uttak av skog som vart gjort, noko som heldt fram som form for godtgjersle der samtykke frå kommunen trongst. (Alatorre, 1998:34f) På 60-talet hadde konflikhtar mellom innbyggjarane og skogbedriftene byrja å vise seg i fleire av kommunane. I kommunane byrja dei å klage på at dei tok dei beste trea, at dei ikkje reinska opp etter hogsten, og at dei lot greinene og treavfallet frå tømmeret liggje igjen og rotne og utgjere ein fare for skogbrann. Det vart pålagt restriksjonar som hindra dei i å hogge dei kommersielle furuartane, noko som gjorde at hogsten deira vart ulovleg og måtte gjerast i skjul. (Antinori, 2005:245) Ein ingeniør ved Uzachi la det fram slik:

Folk her byrja å leggje merke til utnyttinga av skogen, korleis det vart hogge mykje meir enn skogen klarte å regenerere, at andelen av furutre vart kraftig redusert slik at andre trevekstar ein del stader hadde byrja å ta over i vakuemet av furuskogen, og ikkje minst ei genetisk forringing av furuartane, ettersom dei største og beste trea vart fjerna.

Fapatux nytta i denne perioden utvinningsmetoden *Método Mexicano de Ordenación de Montes* (MMOM), der ein selektivt vel ut dei største og flottaste furutrea med ein stammediameter på over 40 centimeter. (Alatorre, 1998:35)

I 1975 bygde Fapatux opp eit sagbruk (*La Unidad Forestal Ixcaxit*) i nabolandsbyen Ixtlán, der idéen var at fire av kommunane (Ixtlán, Capulálpam, Xiacui og Trinidad) som inngikk i

konsesjonane samla skulle eige 49 prosent av bruket, mens dei resterande 51 prosentane skulle tilhøyre Fapatux. Tanken bak denne politikken var i tillegg til å byrje å inkorporere lokal arbeidskraft etter krav frå kommunane, at landsbyane i løpet av ein femårsperiode skulle klare å kjøpe dei resterande prosentane av bruket og halde fram som leverandør til papirfabrikken som skulle ha eksklusiv kjøpsrett på trevarer. Det vart snart usemje mellom landsbyane, som i løpet av nokre år førte til at unionen vart oppløyst etter at ein etter ein av landsbyane reiv seg laus frå Ixtlán og byrja å utvikle sine egne sagbruk. (Ibid.:37)

*Problemet med Ixcaxit låg i det administrative, kunne ein tidlegare administrator for skogbruket i Capulálpam fortelje.*

Alle avgjerslene vart gjorde i Ixtlán. Dei er ein mykje større kommune og hadde meir makt, meir skog... Så dei, saman med Fapatux, bestemte, og me fekk ingen ting å seie. Og pengane og utstyret vart verande i Ixtlán. Me var små og gløymde, og dei lurte oss. (tidlegare administrator av sagbruket)

Capulálpam og dei to andre kommunane bygde i tida etter 1975 smått om senn opp egne småskalasagbruk med den kompetansen dei hadde tileigna seg gjennom skogbruksindustrien til papirfabrikken.

Misnøya med situasjonen skapte ei sosial mobilisering for å lausrive seg frå konsesjonane, få kontroll over eige territorium og egne ressursar, og starte opp ei eiga produksjonseining og på eiga hand skape dei naudsynte ressursane for å skape den utviklinga i landsbyen som lenge hadde vore lova av Fapatux. (Vidal Pérez Garcia, 2000:33) Krava og retorikken deira som til no hadde fokusert meir på å skape arbeidsplassar og skape økonomisk og sosial utvikling vart vidare meir prega av eit fokus på skadane og forringinga av naturressursane. (Chapela, 1999:107) Ei dame kunne fortelje meg korleis ho hadde vore aktiv i både arbeidsnekt, demonstrasjonar og til og med sabotasje mot bedrifta. *Me sprengte ei bru oppe i fjellet. Me gjorde det fleire gonger, men dei bygde ho berre opp at.* Den 21. mars 1980 vart det offisielt danna ei regional sosial rørsle under namn *Organización en Defensa de los Recursos Naturales y Desarrollo Social de la Sierra Juárez* eller *Odrenasij* (Organisasjon til forsvar for naturressursane og sosial utvikling i Sierra Juárez), som var ein organisasjon med brei støtte og som etter kvart knytte til seg andre regionale organisasjonar i Oaxaca og andre statar som kjempa for same sak. Rørsla søkte kontakt med studentar og akademikarar ved universiteta både i Oaxaca by og i México by, og skaffa seg her òg aktivistar som var med i

brigadar på det lokale plan. Francisco Chapela skildrar korleis samarbeidet mellom Odrenasij og aktivistane frå universiteta hadde ein synergisk og avgjerande effekt på grunn av den profesjonelle hjelpa studentar og akademikarar bidrog med innanfor fagfelt som jus, kommunikasjon og ikkje minst skogdrift og forvaltning. Dei akademiske miljøa var òg med på å føre saman fleire regionale rørsler som førte kampen deira vidare til eit statleg og etter kvart nasjonalt nivå, og hjelpte dei med utforminga av krava om å få attende rettane til skogane sine med mål om å utvikle *ein strategi for bra ressursforvaltning*. Denne samla rørsla klarte på tross av ei fornying av konsesjonane i 1982 og ”sabotering” frå Ixtlán å skape nok politisk tyngde til at konsesjonane i 1983 vart annullerte. (Alatorre, 1998:39f, Chapela, 1999:107)

Aktivismen og mobiliseringa av organisasjonar for politiske formål har lang historie i México, der politisk organisering frå grasrota har vore med på å prege det politiske biletet og relasjonane mellom styresmaktene og bøndene. (Ibid., 1998:47f) Det særleine med aktivismen frå 1970-talet og framover er fokuset på miljøet og bruk av ein argumentasjon som fokuserer på øydeleggjande bruk av naturen. Denne miljøargumentasjonen dukka heller ikkje opp i eit vakuum. Fokuset på miljø og miljødiskursen si utvikling byrja å kome meir til syne både i akademiske krinsar i form av aktivisme, i politikken, og etter kvart i det offentlege medvitte. Miljøfokuset kom særleg i Europa og i Nord-Amerika utover 1960- og 70-talet, etter kvart som ein la merke til konsekvensane av industri og samfunnet sitt auka konsum. (Holden, 2000:64f) I ulike delar av México byrja kommunar og ejidoar utover 1970- og 80-talet å protestere på staten si konsesjonering av landområde til industrielle formål som lokalbefolkninga meinte forårsaka ureining av vatn, luft og land. Det vaks på denne måten fram nettverk av rurale organisasjonar med føremål å forsvare lokale naturressursar ved å krevje attende landområda ved å få konsesjonane kansellerte, og på den måten ende det dei meinte var ei destruktiv ressursforvaltning og private bedrifter si beriking på kommunane og ejidoane sine ressursar. (Alatorre, 1998:47f)

---

## Utviklinga av sagbruket og den lokale forvaltingsorganisasjonen Uzachi

Me såg under tida med Fapatux korleis me sjølve kunne skape utvikling og ei framtid ved å drive ressursane våre, sjølv sagt ikkje slik dei hadde gjort, men på ein berekraftig og bra måte. Det var slik dette starta. Me hadde jo fått ein del kunnskap om skogdrift då. Men for at folket skulle gå med på vidare hogst, var det viktig å gjere det slik at me bygde opp att skogen og ikkje øydela meir. Me starta slik med skogplanting først. Alt låg enno ikkje til rette på den tida, men med mykje initiativ og arbeid, og med regjeringar som etter kvart har opna for utvikling av kommunal skogdrift, har me utvikla våre eigne bedrifter. Me har skapt arbeidsplassar og slik avgrensa migrasjonen herfrå. Me har utvikla landsbyen mykje sidan me byrja. (Intervju: Kommunepresident frå 1970-talet)

Ettersom aktivismen og kampen for å fjerne skogkonsesjonane gjekk føre seg, ikkje berre på eit lokalt plan, men òg på eit nasjonalt plan der ytre prosessar var med på å påverke, skjedde utviklinga av den kommunale skogbruksindustrien heller ikkje i noko vakuum. Utviklinga her skjedde parallelt med endringar i den mexikanske ruralpolitikken så vel som i skogbrukssektoren der lovverksendringar og utviklingsplanar frå 1976 og fram til slutten av 1990-talet gradvis opna opp for kommunalt skogbruk. Ei endring i skoglovverket i 1986 gav Semarnat (Secretaría de Medio Ambiente y Recursos Naturales), som er den føderale organisasjonen for miljø og naturressursar, ansvaret for godkjenning og overvaking av program for kommersiell skogdrift. Dette gjorde at kommersiell skogdrift no skulle kontrollerast gjennom statleg autorisering og overvaking. For å få autorisasjon måtte ein kommune skaffe økonomiske midlar for å få lage forvatingsplan basert på staten sine standardar for berekraftig naturforvaltning, noko som måtte gjerast av autoriserte ingeniørar. Semarnat etablerte slik sine skogfaglege tenester som, i tillegg til å utføre økologiske studiar for å etablere lokale hogstprogram, hadde som oppgåve å kome å merkje dei trea som skulle hoggast, og ved neste merking sjå til at riktig antal tre var hausta. (Vidal Pérez, 2000:34 og Alatorre, 1998:53f) I kommunane såg dei på denne tenesta med irritasjon, og som ei forlenging av staten si kontrollerande og avhengigheitsdannande hand.

Problemet med dei skogfaglege tenestene var at det var ein einaste ingeniør som hadde ansvar for 30 kommunar her i regionen. Det seier seg sjølv at det ikkje fungerte. Dessutan var folk irriterte fordi dei følte dette berre var ei forlenging av den statlege kontrollen som hindra oss i å utvikle oss. Så når ei ny skogreform kom i 1992 som opna for at ein kunne desentralisere desse tenestene, starta me ein eigen organisasjon som gjennom Semarnat tok seg av desse tenestene, men på skikkeleg vis. (Intervju: Direktøren i Uzachi)

Reforma frå 1992 endra Semarnat si rolle og gjorde den til ein normativ og overvakande instans medan dei skogfaglege tenestene vart desentraliserte til det statlege nivået og opna på same tid for at kommunale organisasjonar òg kunne sertifiserast til å utføre dei skogfaglege tenestene under Semarnat sine normative retningslinjer og modellar.

Uzachi vart forma i 1992 for å ta over dei skogfaglege tenestene. I denne prosessen fekk me mykje hjelp av organisasjonen ERA, som i tillegg til å gje oss råd i heile prosessen av utviklinga av skogbruket, studiar av territoriet og å lage forvaltingsprogram, hjelpte oss i etableringa av denne organisasjonen saman med kommunen og dei ingeniørane som var frå desse kommunane. (Intervju: Direktøren i Uzachi)

Organisasjonen ERA (Estudios Rurales y Asesoría Campesina A.C.) er ein ikkje-offentleg rådgjevarorganisasjon for skogbrukskommunar i Sierra Norte i Oaxaca, og voks ut av aktivismen i dei idealistiske universitetsmiljøa under kampen mot konsesjonane.

Organisasjonen arbeidar for rural utvikling og berekraftig skogbruk i Oaxaca og var ein av dei første organisasjonane som hjalp kommunane i regionen med etablering av skogbruk, naturforvaltning og marknadstilpassing. ERA var slik viktig i den tidlege fasen av utviklinga av kommunale skogbruksbedrifter på 1980- og 1990-talet. (Chapela, 1999:110 og ERA, 1997) Dei var òg med på å etablere nære og personlege relasjonar til både dei offentlege naturforvaltingsorganisasjonane så vel som dei ikkje-offentlege, noko som har vore med å endra synet på styresmaktene til det positive. Capulálpam har sidan den gongen motteke mykje stønad i form av finansiering av forvaltingsstudiar, ulike former for kursing og utvikling av skogbruket frå multilaterale organisasjonar.

I kapittel 5 vil eg ta føre meg skogbruksbedrifta i Capulálpam, *Unidad Económica Especializada de Aprovechamiento Forestal Comunal San Mateo Capulálpam* (UEEAFCSMC), organisasjonen og strukturane rundt bedrifta.

---

## Forsvarsdiskurs: Kampen for ressursane og territoriet

*Ressursane har me alltid måtta kjempe for. Det gjer me i dag, og det gjer me i morgon.*

Capulálpam sin kamp for å lausrive seg frå skogkonesjonane og kampen mot papirfabrikken si åtferd i skogane var vunnen etter at konsesjonsordninga vart avvikla. Biletet av at eksisterne faktorar er årsak til at naturen vert skada, forringa eller truga på andre måtar, eksisterar likevel i nye former. Tre aspekt som har vore med på å reprodusere idéen og diskursen om naturen, ressursane og territoriet som noko som lyt forsvarast i relasjon til truslar, er territoriekonfliktar med kringliggjande landsbyar, bestandauken av furubarkbilla og forureining og sprenging i samband med gruvedrifta i Natividad.

Land- og ressurskonfliktar mellom kommunar og mellom ejidoar har vore vanleg etter den mexicanske revolusjonen i 1910, då land vart redistribuert til det mexicanske folket etter ei tid der store område hadde vore i hendene på utanlandske investorar. (Boyer, 2005:27) Dette la eit fokus på landeigedom og grenseoppmerking mellom kommunar og ejidoar som tidlegare heller var definerte ut frå kjernen av territoriet deira som var landsbyen og ikkje ytterkantane. Capulálpam har tidlegare hatt landkonfliktar med fleire kringliggjande kommunar og har i dag uløyste landdisputtar med kommunane i nordaust; med San Juan Tepanzacualcos om 199 hektar skog, og med San Miguel Yotao om 1595 hektar. Den mellombelse løysinga har vorte å tilsidesetje og ikkje røre områda som er under disputt.

Eg merka meg ofte ei viss bitterheit i forhold til nabokommunen Ixtlán, som i følgje mange tidlegare hadde rana til seg ein del av territoriet til Capulálpam ved ein slik landdisputt. *Jævla Ixtlán...stal nesten halve territoriet vårt. Det er derfor me er så små og har så lite ressursar. Ixtlán har alltid lurt oss. Me har aldri kunna stole på dei*, sa ei nitten år gamal jente då namnet Ixtlán kom opp.

Dei kommunale styresmaktene går kvart år ein oppsynstur frå punktet der grensa mellom Capulálpam og dei kringliggjande kommunane startar til der ho stoppar. *Du gjekk akkurat glipp av administrasjonen som fór for å sjå til grensa til Xiacuí*, sa den eine informanten min, ein eldre mann som dreiv og kosta hellene i parken i sentrum. Han kunne fortelje at

grensene var teikna opp for lenge sidan men at kvart år så gjekk dei dei opp att saman med representantar frå dei andre kommunane. *Dei var i alt rundt 30 frå Capulálpam som før og like mange frå Xiacuí.* Dei som ville vere med reiste og såg på at merkja som var laga stod der dei skulle og stadfesta på denne måten at det var semje mellom alle om grenseoppmerkingane. Eg fann på grunn av dette verken Oscar eller nokon andre informantar denne morgonen. Han kunne òg fortelje at det var planlagt å hogge ein seks meter brei korridor i skogen for å lage ei klårare grense og for å prøve å få kontroll over det dei omtalte som *plaga*.

Det har dei seinare åra vore ein eksplosiv utvikling i bestanden av furubarkbilleartane *rundhovudfurubilla (Dendroctonus Adjunctus)* og *den sørlege furubilla (Dendroctonus Frontalis)* i Oaxaca og visse andre delar av México og Mellom-Amerika. (The Science Journal, 2007) Desse billene, som på folkemunne går under namnet *plaga (La plaga)*, er ein naturleg del av faunaen i området, men bestanden er no mykje større enn før. *Det er eit enormt problem at denne billa et opp skogane våre og berre let det vere att holete utturka tre*, kunne Plutarco og dei tilsette ved skogbruket fortelje meg,

Og me har ikkje fått gjort noko særleg med det. Me har alt mista ein del skog oppe ved det disputerte området som grensar til San Juan og Yotao. Me klarer ikkje å kontrollere områda særleg der for me kan jo ikkje røre det, og då får me ikkje kontrollert det andre stader heller. Hadde me fått hogge ein korridor rundt dei og brent grunnen kunne me fått kontroll, men me får jo ikkje noko autorisasjon til å gjere noko der på grunn av disputten. Så no et dei seg berre utover, desse insekta. Og skogen turkar ut og vert øydelagd. Det er problemet. Me får ikkje forsvart skogen vår.

*Plaga* er likevel ikkje den største faren for miljøet i Capulálpam. Eg vart fortalt at det i 2004 starta ei ny sosial rørsle, *El Comité de Defensa de los Recursos Naturales de Capulálpam de Méndez Oaxaca* (Forsvarskomiteén for naturressursane til Capulálpam de Méndez Oaxaca), som har som mål å få stansa aktiviteten i gruva i Natividad. Rørsla har kopla seg opp mot eit nettverk av andre lokale og regionale rørsler i Latin-Amerika med det same målet om å stanse enklavegruvedrift som skaper miljømessige problem.

På 1990-talet vart gruva i Natividad overteken av det kanadiske selskapet Continuum Resources Ltd. Med dette følgde òg føderale konsesjonar for undergrunnen rundt gruva som strekkjer seg nordover under territoriet til Capulálpam. I 2004 starta selskapet drilling under



---

eit av dei hydrologiske områda med vassdrag og kjelder som vert brukt som kjelde til drikkevatn for delar av Capulálpam. Dette vart pressa gjennom av dei statlege styresmaktene til tross for avslag og motvilje frå kommunen. Kommissæren for kommunale gode fekk året etter ein rapport som argumenterte for at drillinga og tunnelane ikkje hadde nokon innverknad på vassressursane i området, sjølv om selskapet allereie hadde registrert at tunnelane fylte seg opp med vatn som kom ned gjennom sprekker i fjellet etter sprengingane (referert til i Continuum Resources sine publikasjonar som *the Capulálpam fault*). (Comisariado de Bienes Comunales Capulálpam de Méndez Oaxaca 2007, Continuum Resources Ltd. 2006)

Dette vart lagt merke til av informantane mine òg.

Vatnet fór. Mange av vassoppkomene i den delen av fjellet som alltid har hatt vatn, vart tørre. Elva der oppe har minka kraftig og det har vorte heilt turt i skogen. Og om du ser på den store elva som renn forbi gruva og forbi oss vil du sjå at alt er daudt der nede. Ho er veldig stygg og forureina. Det var aure i ho før òg, men han er no daud. (Miguel)

Uzachi og komitéen starta studiar av vassnivået i området, så vel som å ta målingar av metallinnhaldet i vatnet i elva.

Vassnivåmålingane me har gjort i området over tunnelane viser ei nedgang til nesten det halve, frå fjorten til sju tommar, på denne korte tida. Ni av tretten vasskjelder som vert brukte til springvatn der det før var stort tilsig av vatn, har òg forsvunne. Dette er eit stort økologisk problem ettersom me allereie i dei varme og tørre delane av året har problem med at tre kan tørke ut, og det kjem til å verte eit sosialt problem ettersom det er drikkevatnet vårt. Om det held fram å renne ned i fjellet kan det verte vanskeleg å leve her. (Intervju: Direktøren i Uzachi)

Metallmålingane me har teke i elva har kome ut negative, både Semarnat sine og våre, men det me trur skjer er at dei pumpar ut vatnet av tunnelane på natta slik at det ikkje skal bli lagt merkje til. For me ser jo skadane, det er jo heilt daudt rundt elva, vegetasjonen er daud... Så utspyling av forureina vatn med metall er mykje større no enn før, sjølv om me har hatt dette problemet lenge. Og me har ikkje lovene på vår side ettersom det som er under det øvste laget er definert som føderal eigedom saman med vassressursane. Dette er jo òg eit paradoks at elva, eller det som er rundt, er kommunal eigedom og sjølve vassressursen er definert som føderal eigedom. Så me prøver no å leite etter moglegheiter i lovverket som me kan appellere til, elles kan siste steget bli at me prøver å ta loven i eigne hender for å få stengt gruva. (Intervju: Comité en Defensa a los Recursos Naturales de Capulálpam de Méndez Oaxaca)

Informantane mine såg dette som ein liknande kamp som den som vart utkjempa for rundt 30 år sidan. *Historia repeterer seg*, sa ein av dei gamle karane som arbeida i snikkarbua på skogbruket.

No lyt me kjempe mot ei ny internasjonal bedrift, i tillegg til staten, konsesjonane og lovene deira igjen. Og me lyt søkje med eit forvaltingsprogram om å få lov til å drive skogen vår så dei ser at me ikkje øydelegg skogen som er vår... Ja, då er dei miljøbevisste. Men når det gjeld gruva, nei, for der er det pengar, og då er ikkje noko anna viktig. Ikkje misforstå meg, det er bra at dei set krav til forvaltinga.

Forsvarsdiskursen eg har skildra og den politiske handlekrafta dei har starta kan ein relatere til Thompson sine mytar og generelle måtar å sjå på naturen. Thompson presenterer fire primærkategoriar for førestillingar om naturen (*four myths of nature*), som refererer til kor robust naturen vert sett på som i møte med mennesket, og korleis ein ut frå dette bør forvalte og handle i (og rundt) han. Dei fire robustleikskategoriane er a) Robust, b) Uforutsigbar, c) Robust innanfor sine grenser, og d) Svak og forureining kan vere dødeleg. (Douglas 1996:87) Ein lyt hugse på at desse kategoriane er forenkla, og at folk sine natursyn ikkje vil vere så enkle, men truleg inneber fleire av kategoriane. Diskursen eg fann hjå informantane mine som arbeida nær opptil naturforvaltinga plasserer naturen nærare dei to siste, når dei snakka om plaga og problema som gruva skaper. Med eit fokus på ytre element som skadar naturen dannar dei eit bilete av seg sjølve som dei noble miljøforkjemparane som kjempar imot ytre skadande aktørar. Det å kjempe (*luchar*) er slik ein verdilada politisk metafor som er med på å definere imperativet denne saka representerer.

Gjennom erfaring og vitenskapleg dokumentasjon gjort av Uzachi og andre forskarar har ein kome fram til at påkjenninga på naturen kan kome til å utfordre berekrafta til naturen, med dei ressursane kommunen nyttar seg av så vel som drikkevatnet deira. Om tilstanden til skogressursane og naturen ikkje raskt skal forringast, lyt det etter denne tenkjemåten god forvalting til, noko kommunen vert hindra i å gjere på grunn av desse ytre elementa. Rørsla dei har starta for å prøve å stoppe gruveselskapet er eit døme på politisk handling for å få kontroll over elementa som skadar naturen deira.

Kampen mot skogkonsesjonane i Sierra Juárez kan i følgje Francisco Chapela, representant for organisasjonen ERA, like mykje sjåast på som ein kamp for territorielt herredøme,

---

autoritet og retten til å administrere og forvalte eige territorium og ressursar, som kamp mot overhogst og forringing av skogane. (Chapela 1999:109) Konesjonskontrakten som i deira auge hadde vorte underteikna under mistenkjelege forhold, og måten papirfabrikken behandla kommunen på, har òg vore med på å prege kampen og slik bidratt til å skape generell mistillit til eksterne partar. Den lokale og regionale kampen for dei kommunale ressursane og miljødiskursen som har vore sentral i denne kampen, meiner eg har vore konstituerande for dei lokale institusjonane, både i form av verdiar og normer så vel som dei organisatoriske strukturane som er opparbeida for forvalting av natur og ressursar i Capulálpam.

## Naturen som verdi og middel

Eg fekk i tida eg var i kommunen fleire monologar om naturen, jorda og utviklinga til landsbyen. *Kristian, er det ikkje du som er interessert i naturen og som skal gjere arbeidet ditt om naturen og ressursane våre her*, spurte Pedro ein dag eg var med onkelen hans, Eugenio, på snikkarverkstaden deira. Dei hadde bygd opp verkstaden på same tida som sagbruket vart bygd opp og arbeida som lokale snikkarar og produsert møblar og anna som dei fekk selt i landsbyen. Onkelen hadde tidlegare arbeida ein periode for Fapatux i skogen, men hadde slutta då dei byrja å protestere mot åtferda deira. *Jo, svara eg. Okay, då skal du høyre*, sa han og gjorde seg klar til å halde ein monolog om dette for oss. Han snudde seg litt på stolen så han sat rett mot meg. Han hadde ein kraftfull personlegdom. Den rolege måten han snakka på, bevega seg på og brukte blikket sitt på gav mannen ein ærlegdom og ein intensitet som eg merka kom til syne når han skulle seie noko viktig.

Me et av det me har rundt oss, me haustar av det me har rundt oss... me har maten rundt oss. Om me går til fjells treng me ikkje vere svoltne. Naturen gjev oss mat, naturen er medisinen vår. Desse urtene eg har her i handa, dei veks ute på jorda mellom maisplantane. Desse henta me (på jordet) nede ved snikkarverkstaden. Desse kokar me og et til middag... dei er bra for magen.  
(Pedro)

*Det er vår mat, og vår medisin, det er arbeidet vårt, det er vår eksistens. Det me har rundt oss er liv, ikkje slik som i byane. Her er det liv, her vil me bu*, sa onkelen med same intensitet. *Her er lufta rein, ikkje slik som i dei skitne byane*. Eg byrja å tenkje på kva eg

hadde høyrte kvelden før då eg var og åt middag hjå Oscar, som hadde opplevd politiseringa og aktivismen mot konsesjonane og Fapatux på 1970- og 80-talet, som òg hadde prata om naturen og ressursane, og kor viktige dei var.

Det me har er ikkje vårt. Me har berre lånt det av ungene våre. Alt me har. Lufta, vatnet, trea, alt som vår moder jord har gjeve oss, er ikkje mitt. Eg har berre lånt det av ungene mine slik forfedrane har lånt det av oss. Korleis skal eg behandle det, som eit stygt hus som er øydelagt, eller eit fint hus, bra laga? Derfor seier eg deg, bruker me denne tenkjemåten, hjelper det. Dette er det me har. Om me vil at ungene våre skal få nytte det, er me forsiktede. Her har me vårt eige liv. Ein regjerer via usos y costumbres. Og det er det det betyr, at kvar kommune har sitt eige liv. Me vil gjere oss sjølvberga ved å ha alle ressursane. Med naturressursane har me alle livets fasilitetar. Men me er forsiktede med dei for me veit at det er ei arv forfedrane våre gav oss og som me skal gje vidare til framtidens generasjonar. Me vil at dei held seg her og at dei har det bra her og ikkje emigrerer, for her er me sjølvberga...men ved å ta vare på økosystemet...ta vare på det. [...] Me har utvikla produksjonseiningar der me nyttegjer oss av naturen saman med arbeidskrafta me har her. Me har byrja å produsere møblar...alt dette er slik at folket ikkje fer, slik at dei kan ha eit yrke her i kommunen sin slik at me har ei framtid, for her er me eigarane av alt. Me er comuneros, me er eigarar av alt. Derfor er me comuneros, det er det kommunale regimet. Alle tek vare på alt saman, og her bur vi.

Eg tolkar utsegnet *eg har berre lånt det av ungene mine slik forfedrane har lånt det hjå oss*, som å potensielt kunne vere lada med ein kosmologisk Zapoteca-tankegang, men eg har ikkje teke utgangspunkt i dette ettersom eg ikkje fann noko anna som indikera dette, og sidan andre Zapoteca-kommunar i Sierra Norte vart skildra for meg som å drive ei destruktiv rovdrift på naturressursane sine. Eg tolka det difor til at tenkjemåten heller er kopla til erfaringa med Fapatux og den sosiale mobiliseringa denne perioden førte til.

Sentralt i den lokale diskursen rundt bruk av natur og ressursar som utsegna til Oscar representerer, står det eksistensielle elementet og ei visjon om framtida. Oscar vektlegg eit kollektivt intergenerasjonelt ansvar om å ivareta naturen og gje framtidige generasjonar retten til dei same ressursgodane som denne generasjonen og dei førre har forvalta. Ressursane representerer her direkte og indirekte eit vere eller ikkje-vere for landsbyen, gjennom moglegheiter for sysselsetjing og kjelde til økonomisk framgang. Han legg vekt på viktigheita av eigeidom og retten til å bestemme over eige liv og framtid, og forklarar allmenningen ut frå eit kollektivt intergenerasjonelt eigeidomsprinsipp der han tilhøyrer ingen på same tid som han tilhøyrer alle (comuneroane). Det langsiktige målet om framgang og

utvikling med fokus på allmenningen sitt intergenerasjonelle eigarskap tilfører diskursen ei moralsk side der å skape ei betre framtid for borna er viktig, noko som impliserer konservering og ivaretak av naturressursane. Utsegna *me er eigarar av alt, og her bur vi*, signaliserer òg kor viktig eigarskap og den sterke relasjonen mellom den mexicanske urbefolkninga og jorda er, noko som ofte vert vektlagt i antropologisk litteratur frå denne regionen. (Vergara Sánchez og Etchevers Barra, 2006)

## Politisert natur

Rom er eit medium for handling, [...], det er difor ikkje til å unngå at det vert verdilada i staden for verdifritt og politisk i staden for nøytralt. (Tilley, 1994:20)

Tilley brukar i si fenomenologiske tilnærming til relasjonen mellom menneske og miljø kategoriane *vestleg og kapitalistisk rom*, og *ikkje-vestleg og pre-kapitalistisk rom*, der den første kategorien behandlar rom som strippa for menneskeleg meining med fokus på ein marknadsrasjonell nytteverdi, medan den andre fokuserer på meiningsverda i relasjonen mellom menneske og miljøet rundt seg ofte danna av handlingane og rituala som er knytt til stader. (Tilley, 1994:20f) Reaksjonen på Fapatux si åtferd i skogen er først og fremst ei reaksjon på staten si konsesjonering og med det fråskrivning av comuneroane si makt og herredøme over eige land. Den politiske kampen kan og sjåast på som ein reaksjon på eit kapitalistisk verdisett som behandla skogen ut frå marknadsverdi og minimering av utvinningskostnader, som gjorde at dei ikkje tok omsyn til dei skadane framferda deira påførte skogane og kommunane. Naturarven deira såg dei difor som viktig å kjempe for, for å ta kontroll over eiga framtid og eiga utvikling der dei tidlegare såg seg som utnytta, utestengde og fråstolne land og ressursar utan moglegheit til å bli høyrde. Som Pernille Gooch skriv: *Folk er knytte til landskap; "røter" i landskap; dei er fødde i det; lever av det; er villige til å kjempe for det.* (Gooch 1998:118)

Historia deira, representert gjennom eit meir eller mindre kollektivt populærminne av desse hendingane og politiske prosessane, er viktig i talemåten eller diskursen rundt naturen og skogressursane deira. Eg vil argumentere for at desse har vore viktige i prosessen med å generere institusjonane for forvaltning og konservering som ein finn i Capulálpam og Sierra

Juarez i dag, så vel som å samle landsbyen rundt dei. Institusjonane eg spesielt vil trekke fram er forvaltingsorganisasjonen Uzachi og kommersiell hogst som baserer seg på berekraftige prinsipp, og ei semje om å byggje opp att skogen og oppbygging av kommunale politiske strukturar som sentraliserer naturforvaltning og økonomiske føretak som relaterer seg til bruk av fellesressursane. Den politiske aktivismen har på same tid hatt ein samlande effekt på landsbyen og saman med samarbeidet med ERA og styresmaktene såleis bidrege til sentraliseringa og formaliseringa av forvaltingsinstitusjonar som er grunnlaget for bedriftsstrukturen.

Den institusjonelle oppbygginga kan seiast å vere spesiell i og med at Capulálpam ikkje gjekk frå å vere eit skogbruksamfunn, men eit jordbruksamfunn som på denne tida hadde byrja å få skular på vidaregåande nivå og folk som hadde anna arbeid enn subsistensjordbruk. Clark C. Gibson argumenterer for at effektive institusjonar for forvaltning av allmenningen berre vil utvikle seg der ei gruppe er avhengige av ein ressurs som er begrensa. (Gibson, 2001 i Tucker og Southworth, 2005:255f) Den sentraliserte forvaltingsstrukturen som del av dei formelle institusjonane for styring og forvaltning, kom i Capulálpam som ein respons på ein samla kommune som politisk rørsle som vann attende rettighetane til skogområda sine som før var administrert av ei privat bedriftseining. Ideen om eit sentralisert kommunalt skogbruk vart òg introdusert av styresmaktene og Fapatux i det dei oppretta Ixcaxit, medan staten heile tida har sett rådeverket for utviklinga av kommersielt skogbruk. På denne måten har premissane for forvaltingsinstitusjonane i stor grad vorte styrte av ytre faktorar som slik har lagt rådeverket for utviklinga, medan initiativet og motivasjonen kan knytast til ein kamp for å redde skogen og ei visjon om sosial utvikling i kommunen. Den lokale økonomien og syselsetjinga er på den andre sida vorte avhengig av skogbruket som generator av offentleg gode og delvis som produsent av trematerial for den lokale marknaden.

## 4. Naturforvaltning

I dette kapitlet vil eg ta føre meg ressursforvaltninga med vekt på hogstforma som konserveringsstrategi så vel som kommersiell driftsstrategi. Eg vil deretter trekke fram nokre av informantane mine sine syn på forvaltninga og naturen med vekt på korleis eit WWF-verna område har fått sin plass i måten folk tenkjer rundt konservering, og korleis dei ser på hogst og hogstforma som konserveringsstrategi.

På 1990-talet kom det nye trendar inn i skoglovgivinga i México. Dei kunne ikkje lenger oversjå overhogsten skogane hadde vore utsett for i etterkrigstida mange stader i México, noko som både hadde forringa og endra komposisjonen av skogane og slik gjort dei mindre produktive. I Oaxaca heldt dei fram med MMOM-hogstforma gjennom 1980-talet, men med meir eller mindre halvert uttak i forhold til Fapatux sitt årlege hogstvolum. Endring av hogstform byrja ikkje å skje i Sierra Juarez før byrjinga av 1990-talet då kommunane vart oppmoda om å gå vekk frå denne selektive<sup>11</sup> hogsten ettersom han var grunna på ei feilaktig tru om forynging og difor ikkje gav nemneverdig stor reproduksjon. I motsetning til eika og grana foryngar ikkje furua seg i tettvekste skogar der dei står i skuggen av andre tre og planter med hard konkurranse om skoggolvets sin plass og næring. Furu foryngar seg etter skogbrann som er ein integrert del av den økologiske dynamikken i dei tempererte skogane. Trea som står i utkantane av det nedbrente området gjev så frø til ei opa mark som har tilgang til sol og der eit felt med samaldra furuer kan vekse opp. Flatehogst<sup>12</sup> og frørestillingshogst<sup>13</sup> vart difor den nye hogstforma sidan dei søker å etterlikne effekten av forynging etter skogbrann. (Bray og Merino-Perez, 2002:102-103)

Diskusjon rundt hogstforma kom gjennom at Uzachi med støtte frå ERA tok til å diskutere forvaltninga og den ikkje-berekraftige forvaltninga av den kommersielle delen av skogen med kommunane dei arbeida for, noko som i 1992 resulterte i planlegging av territoria i


---

<sup>11</sup> Blendingshogst på norsk.

<sup>12</sup> Flatehogst vil seie at ein hogg all vegetasjonen innanfor eit felt. Forynging skjer anten naturleg via frøtre i utkantane av hogstfeltet, eller ved planting.

<sup>13</sup> Frørestillingshogst vil seie å late gode frøtre stå att inne i hogstfeltet som dermed foryngar seg naturleg.

landsbyane der dei to organisasjonane saman med den lokale administrasjonen og sektorane som var nærmast knytt til nyttegjersle av naturressursane var med. Soneinndelinga og kommunekarta frå 1992 reflekterer dei ulike bruksområda, eigedomsinndelingane, vegetasjonen og vassdraga og terrenget som legg føringar på moglegheitene og avgrensingane territoriet gjev i forhold til forvaltning av naturressursane.



(Kjelde: Uzachi) Sonene er målte i hektar.

Rundt den urbane sona eller landsbyen på kartet ligg jordbruksarealet som igjen er omringa av eit større naturområde til *domestic use*. I denne sona finn òg curanderaene mykje av urtene som dei ikkje finn nærare landsbyen eller i hagane sine. I den austlege delen av territoriet finn ein dei tre sonene som er definerte som kommersielle skogbrukssoner. Desse reflekterer kor i fjellet ein finn meir av dei kommersielt ònska tresortane. Dei lågare delane som ligg nærare vassdraget som er Capulálpam si grense i sør, er definert som lågintensiv-skogbrukszone, medan den intensive skogbrukszona ligg litt høgare i terrenget mellom lågintensivsona og dei høgare delane av fjellet med mesofile og eldre skogområde. Denne



---

delen inneheld også mesteparten av skogsvegane som Fapatux i si tid bygde på basis av kva delar av fjellet det var mogleg å ta seg fram i med køyretøy, og kor dei ønska tresortane fanst. Å lage nye vegar for å få vegtilgang til andre delar av fjellet ville vere kostbart og mindre aktuelt på grunn av vanskelege fjellformasjonar og bratt terreng, så det eksisterande vegnettet i denne delen av fjellet er slik sett i stor grad med på å definere kva område ein har tilgang til og kva som kan brukast til skogbruk. Den tredje skogbrukssona ligg i nord mot grensa til Ixtlán og har status som sone for skogbruk med låg innverknad på naturen, dette på grunn av at elva som renn gjennom dette området er drikkevasskjelda deira og at skogen her er eldre og til dels går over i det mesofile skogområdet. Sona som ligg lengst mot nord, saman med ei sone i den austre delen av territoriet, er difor verna gjennom WWF. Sona er definert som vassdragsprotektorat og sona i aust som villivsprotektorat. (Kjelde: Uzachi)

Skoglova frå 1996 innførte eit konserveringsprogram (*Programma de Conservación de Recursos Forestales*) med retningslinjer for prevensjon av skogbrann, prevensjon og kontroll av billeproblemet og sjukdom, i tillegg til naturleg forynging eller planting av skog som regenerasjon. For furuskog vart òg flatehogst- og frøtrehogstforma (*Método de Desarrollo Sivícola*, forkorta MDS) no promotert om det ikkje var spesielle omstende som gjorde blendingshogst (MMOM) meir eigna. Forvaltingsprogram med inspeksjon og overvaking gjennom skogfaglege tenester vart no i større grad desentraliserte, og støtte og startkapital gjennom dei offentlege organisasjonane Conafor og Prodefor<sup>14</sup> vart òg gjeve til oppstart av kommunale skogbedrifter, opplæring, vedlikehald av skogvegar, skogfaglege tenester og restaurasjon av skog med høg grad av forringing. Satsinga mot skogbrukskommunane og ejidoane retta seg òg mot ei ”integreert nyttegjersle” av naturressursane med prosjekt som harpiksproduksjon, sal av urter og medisinalplanter, orkidéproduksjon, soppproduksjon, flaskevatt og økoturisme, i tillegg til skogvirke. (Vidal Pérez, 2000:35) Fleire av kommunane i Sierra Juárez er òg i gong med utvikling av økoturisme og sal av orkidear som vert eksporterte til USA. Uzachi-kommunane dyrkar i tillegg kvitsopp og Zhiitake-sopp til eksport til Japan, og selde tidlegare òg planter til ei lokal naturmedisinbutikkjede. Alle desse føretaka er kommunalt organiserte.

---

<sup>14</sup> *Conafor* (forkorting for *Comision Nacional Forestal*) og *Prodefor* (forkorting for *Programa para el Desarrollo Forestal*) er begge søsterorganisasjonar av Semarnat, og dei har som oppgåve å deligere ulike midlar og program til skogbrukssektoren.

Kravet om overvaking og kontroll med skoghogst tilseier at kommunen ikkje kan hogge meir skog i desse sonene enn det vert lagt opp til i forvaltingsprogrammet som lyt godkjennast av Semarnat. Kommunen lyt difor ha 24 timars oppsyn ved inngangen til skogbruket og skogvegane, i tillegg til Semarnat og Uzachi sitt oppsyn gjennom dei skogfaglege tenestene. For mange kommunar i Oaxaca er dette vanskelege punkt å følgje opp ettersom folk krev å få nyttegjere seg av ressursane utan å måtte forholde seg til restriksjonar frå styresmakter (særleg ikkje statlege og føderale). Capulálpam hadde derimot allereie i 1992 sentralisert all hogst av felleseigd skog til kommuneadministrasjonen, noko som vil seie at all hogst på ikkje-privat jord må gå føre seg gjennom godkjenning frå Komitéen for kommunale gode (privat så vel som forvaltingsplanen med det kommersielle skogvirket). Kommuneadministrasjonen har slik monopol på drifting og hogst av fellesressursar, medan dette ikkje gjeld på privateigd jord. Trevirke, inkludert vedhogst, er slik ikkje lenger eit privat føretak, men eit kommunalt, og går gjennom kommissæren og skogbruket der folk no kjøper trematerialar og ved.<sup>15</sup>

## Konserveringseksperiment og kommunal verning

Oaxaca har to område som vert definerte av WWF som prioriterte økoregionar grunna alderen på skogen og artsvariasjonen som finst der. Dei har saman med Semarnat utvikla eit program for kommunalt naturvern (*Áreas Comunitarias Protegidas*) som søkjer å verne om viktige vassdrag og natur- og villmarksområde ved å tilpasse seg eigedomsforholda i México.

Dei verna områda er ikkje av typen som ein finn mange stader der miljøorganisasjonar har stengt av område slik at ein ikkje kan røre det. Persepsjonen er her at det er kommunen som konserverer det med finansiell støtte frå WWF og Semarnat. Det vil seie at me gjer mykje av det same arbeidet som vi gjer i dei andre skogssonene; (me) passar på at det ikkje vert skogbrann eller at plaga utviklar seg, eller at noko påverkar vassdraget, og preventive tiltak for dette.

---

<sup>15</sup> Dei fleste som ikkje var gått over til å bruke gass, kjøpte ved. Dei kunne òg få ved gratis ved å få køyre opp til hogstsonene sjølve og ta føre seg av hogstavfallet under oppsyn av kommissæren. I følgje Plutarko var det sjeldan folk gjorde dette.

---

Me hentar òg furufrø her sidan skogen har vorte mindre forringa av hogst [...] Så verning vil heller seie at me rører skogen meir. Grunnen til dette er at me ser det som område med reservar. Det vil seie at no når me høgg skog på den austre delen av territoriet, om me forstyrrar området med køyretøy eller motorsager og artane vert skremde eller om me mistar artar anten i floraen eller faunaen, så kan me gå til dei verna områda og hente desse tilbake. [...] Ein kan ikkje alltid sjå alle konsekvensane av det ein gjer, me har eit bra program, men dette er ei ekstra sikring skulle me gjere nokon skade. (Intervju: Teknisk direktør, Uzachi)

Området som i Capulálpam vert kalla *område for reservar* (*Áreas de Reservas*), skal vedlikehaldast for å forhindre skogbrann, men utan å påverke flora og fauna ved å innføre maskiner av noko slag. Skogen skal difor stå, med mindre sjukdoms- eller skogbranntiltak lyt utførast.

Eksperimentet baserer seg på at me driv skogen i nokre soner, me lagar miniplantasjar der det vert planta furu. Me reknar med at veksttida vil vere 25 år, slik lagar me miniplantasjar i 25 år, og så er planen å byrje på byrjinga att og hogge dei første plantasjane og plante på nytt. Då kan me auke volumet, og då høgg me ikkje meir av skogen. På den måten vil me òg hogge minst mogleg av skogen og effektivisere produksjonen på same tid som me konserverer han og aukar furubestanden. Forstyrrar me eller øydelegg noko, kan me hente att frø eller planter eller anna frå områda for reservar. (Pedro, ein dag me sat ved kjøkenbordet heime hjå han og drakk kaffi)

Dei kommunale protektorata vart slik sett på av fleire som ei bra løysing ettersom det var ei ekstra sikring mot genetisk forringing så vel som artsforringing i hogstsonene. Ved eit tilfelle hørde eg òg Plutarco bruke dette som argument for skogvirket i ein diskusjon med ei butikkdame i sentrum som meinte dei burde late skogen vere. Han fortalde etterpå at dei hadde den same diskusjonen kvar einaste gong han var innom, dette til tross for at mannen hennar var veldig positiv til virket. *Det er derfor eg nesten aldri er innom butikken hennar, det vert berre krangling*, forklara han.

Då eg først hørde om protektorata spurte eg Reynaldo, ein mann i førtiåra som eg kom i prat med ein kveld ved parken i sentrum, kva *område for reservar* var for noko og kva det betydde.

Område for reservar, ja, det er nokre område i fjellet, der oppe (peikar), som me får pengar for å passe på. Ein treng ikkje passe på det, det står jo der, det er ikkje skogbrannar eller plage der oppe, så me får berre pengar for å late det stå. Me kan ikkje hogge der for ein kjem ikkje inn i det området med maskiner... så me har lurt dei. (Mannen, som refererer til protektoratet i nord, smiler og ler litt)

Eg spurte han så om det var slik at dei hadde stengt det av slik at ein ikkje hadde lov å røre det eller gå der.

Nei, det er ikkje slik lenger. Det var då Fapatux hadde konsesjonar, slik er det ikkje lenger. Det er me som kontrollerer alt. Hadde dei prøvd å ta det frå oss hadde det vorte krangel, det hadde ikkje gått... Nei, det er me som er eigarane her, ingen andre. Kvifor skulle me konservere noko som ikkje er vårt? Dei ville ikkje møtt nokon samarbeidsvillige her, det er sikkert.

Protektorata ser slik ut til å ha fått ein plass i argumentasjonen for skogdrift som ei sikring i tilfelle forvaltingsprogrammet skulle vise seg å ha negative effektar på flora eller fauna. Mannen eg slo av ein prat med ved parken såg på det kommunale naturvernprogrammet til WWF som ei pengegåve sidan krava etter hans syn ikkje kravde noko frå Capulálpam si side, og vassdragsprotektoratet ut frå si vanskelege plassering berre vart ein forvaltingsformalitet som ikkje ville ha innverknad på dei eller tok frå dei rettar.

Draper og Wels påpeikar at nasjonalparkar og ulike former for protektorat som naturvernpolitikk i mange tilfelle har fråteke bruksrett og til og med stengt ute lokalbefolkninga frå naturområda som er nødvendige for at dei skal overleve. Interessekonflikten mellom store internasjonale og multilaterale miljøorganisasjonar og lokalsamfunn, har ofte enda med marginalisering av dei lokale, trass i ein retorikk som fokuserer på lokal deltaking og verdisetjing av deira kunnskapar. (Draper og Wels, 2002:22) I følgje Alejandro Nadal Egea er sosial marginalisering i område som grensar mot eller ligg nær føderale verna naturparkar eit problem særleg i Sør-México der graden av fattigdom generelt sett er større. (Nadal Egea:15-17) Det kommunalt administrerte protektoratet har, i følgje mine informantar, ikkje vorte omtalt på nokon negativ måte. Det kan difor verke som det ikkje har kome i konflikt med lokale interesser, grunna dei topografiske plasseringane og at folk ikkje oppfattar dei grunnleggande eigedomslovene som utfordra. Det har på den andre sida vorte ein del av argumentasjonen for kommersiell hogst som konserveringsstrategi.

## Kva er ein bra skog?

*Ein bra skog er ein ordna skog med flotte tre som ikkje er sjuke. (Plutarco)*

Phil Macnaghten og John Urry tek i monografien *Contested Natures* (1998) opp natursyn og representasjon av naturen. Dei vektlegg her ulikskapen i representasjonar av naturen ved å seie at det ikkje finst nokon singular natur, berre ei rekkje *contested natures*. Dei to ulike syna på naturen og den kommunale forvaltinga eg vil trekke fram her er representert av sagbruksadministratoren Plutarco som er stolt over forvaltinga i kommunen, og den meir kritiske Carlos som berre er kopla til forvaltinga gjennom si rolle som comunero i generalrådet. Nærleiken kvar av dei har til skogen og forvaltinga viser seg i meiningane deira, medan ingen av dei vil stemme med ein offisiell forvaltings- og konserveringsretorikk. Eg vil påpeike at desse to syna ikkje er representative for forvaltingsdebatten i Capulálpam, men at dei er to av fleire syn som etter mi oppfatting er meir radikale enn mange andre. Dei representerer to av mine næraste informantar sine radikalt ulike syn på forvalting, men fortel òg om ulike syn blant folk i kommunen. Underkapitlet er slik sett eit forsøk på å gje eit innblikk i nokre av dei lokale diskursane og politiske diskusjonane som vedkjem ressursforvaltinga.

Plutarco og eg køyrer oppover til dei øvste delane av hogstsonene der vi skal sjå på ein plantasje som no er klar for planting. Skogen i visse områder her er av den såkalla mesofile skogen og er eldre, tettare og meir attgrodd. Plutarco ser ut gjennom bilvindauget. *Det er folk her som synest at slik skog som du ser her er bra skog. Gamal, ugjennomtrengelig, attgrodd skog... gamle avbrotne tre...* han peikar på nokre gamle halvrotne trestammer som står nesten utan bark ikkje så langt frå vegen. *Men tvert i mot... her utviklar ikkje furua seg. Her er det andre artar som gror, artar som gjer at furua ikkje utviklar seg bra... mange eikeartar.* Eg ser på trea som fer forbi vindaug mitt. *Så, kva synest du er ein bra skog?* spør eg.

Ein bra skog? Det er det som me no driv og lagar her. Me prøver å gjere slik at trea veks slik dei skal, at dei utviklar seg slik dei skal, at dei ulike artane har jorda og klimaet som er bra for dei. Slik får me regenerert skogane våre, og på grunn av øydelegginga og forringinga som Fapatux gav oss... me lyt hjelpe skogen. Så ein bra skog er ein ordna skog med flotte tre som ikkje er sjuke, der trea får vekse slik dei skal, med den næringa dei treng. Ein bra skog er ein ordna skog.

Eg spurte han nokre dagar seinare om folka som meinte at skogen, slik den var øvst i hogstsona, var ein bra skog.

Ja. Det er dei som meiner at det er det som er ein bra skog. Dei meiner skogen skal stå og at me ikkje skal gjere noko med han, at me ikkje skal hogge, at skogen har det best urørt, at me berre høgg den ned...og industrialiserer han. Dei seier me forstyrrar floraen og faunaen og gjer slutt på fjellet. Dei trur ikkje plaga er noko problem, dei skjønar ikkje at me plantar att... betre skog, betre tre enn dei som er. Dei meiner gamal skog er bra. Ein slik skog kan ein ikkje dra nytte av... han er fin å sjå på, men er gamal... og mange av trea er rotne og døyande.

Ein dag eg sat heime hjå Carlos og snakka om skogprogrammet, mintest eg at nokon hadde nemnt for meg at Carlos ikkje var så positiv til forvaltinga. Eg repeterte difor nokre av idéane som Plutarco hadde delt med meg: ønsket om ein ordna skog, med frisk skog som ikkje er gamal og i ferd med å døy og som ein kan nyttegjere seg av. Carlos lente seg litt tilbake i stolen, såg på meg og tenkte seg om før han byrja.

Vel, det er mange som tenkjer slik... Eg kan ikkje seie meg heilt einig. I hogstsonene plantar me god furu og legg til rette for at denne skal vekse så godt som mogleg. Me er byrja å få ein flott skog att, òg der det elles ikkje ville ha grodd skog. Så har du skogen du finn høgast oppe, den mesofile skogen. Han er gamal. Den høgg me ikkje, med mindre det er plage der. Me vernar han. Eg synest det er bra at me bygg opp att skogen vår, og at me berre bruker bra frø, men eg likar ikkje industrialiseringa så godt. [...] Det er ikkje så mange som er einige med meg, eller me er nokre som synest ein ikkje bør hogge i skogen, sjølv om me plantar opp att, og det er berekraftig. Ein del av desse er mot hogst på grunn av erfaringa me hadde med papirfabrikken. Eg er meir opptatt av skogen som økosystem. [...] Det som er ein bra skog er ikkje ein skog der det berre er plass til tre som skal hoggast, der ein fjernar alle andre plantar og lagar så mykje bråk at dyra ikkje vil vere der. Etter at me plantar og når det får vekse litt bør me heller late det vekse slik det vil, ikkje berre til produksjon. Me kan heller utvikle andre bedrifter her som nyttar seg av naturen, men som ikkje høgg ned skogen eller øydelegg han. Turisme til dømes, som me kjem til å satse meir på etter kvart.

I synspunkta til Plutarco og Carlos finn me ei usemje som botnar i ulike syn på skogen og naturen sin grunnleggjande verdi. Mens Carlos har den oppfatninga at skogen har ein verdi i seg sjølv, uavhengig av nytteverdien for menneska, fokuserer Plutarco på korleis skogen kan vere til nytte for kommunen og innbyggjarane i Capulálpam. Plutarco kom stadig attende til at naturen hadde sin verdi ut frå korleis kommunen kunne nyttegjere seg av han (på ein berekraftig måte), korleis konserveringsprogrammet og hogstmetoden som appropriering av

---

denne ressursen òg var med på å skape ein nyare, friskare og meir ordna skog i tillegg til å fokusere på skogen som arbeidsplass for kommunen. Tilley omtalar denne måten å sjå på naturen på som den kapitalistiske eller vestlege, der verdien av naturen vert måla ut frå den rasjonelle nytta og marknadsverdien åtskilt frå menneskelege kjenslemessige tilknytningar og meningsfulle stader og rituelle meningsunivers. (Tilley, 1994:20-21)

Carlos synest ikkje at berekrafta Uzachi legg opp til er omfattande nok, og har difor ikkje full tillit til forvaltinga. Han snakkar om at skogen har ein verdi uavhengig av kor nyttig han er for landsbyen. Han er positiv til den hjelpa som delar av skogen får til å byggje seg sjølv opp att, men er skeptisk til hogging av tre og måten ein legg opp til ein marknadsretta industri for å systematisk uthente mengder av skog som han meiner går på kostnad av livet til anna flora og fauna. Skogøkologen John Kotar uttalar om naturforvalting og kommersiell drift at, *historically, managed forests have tended to have less complexity than natural forests because management is focused on species of commercial value [...]*. (Kotar sitert i Bray og Merino-Pérez, 2002:27)

Eg spurte Carlos så om ikkje hogstforma og med det hogst var nødvendig for å bygge opp att furuskogen, og om ikkje området for reservar var ei sikring mot at dyra og artsdiversiteten skulle verte påverka i hogstsonene.

Det er slik at dei høgg plantasjar for at furua skal vekse bra, men det skal jo vere ein kontinuerleg syklus der dei høgg desse plantasjane... på mange stader i skogen samtidig. Dei høgg ikkje for å plante og så late det vere. Dei driv desse sonene kontinuerleg. Då er det større sjanse for at dyra fer. [...] Når de gjeld området for reservar, så kan ein ikkje berre ta dyr og flytte dei frå eit område til eit anna, det er ikkje slik det fungerer. Det er ikkje leiker det er snakk om. Dei lever sitt eige naturlege liv, ein kan ikkje berre flytte dei slik, slik som ein flyttar plantefrø (Carlos demonstrerer med hendene som om han lyfta ein gjenstand frå ein balje til ein anna). Men slik tenkjer dei (kommunale styresmaktene og Uzachi).

Carlos sår tvil om kor bra ei forvalting med kommersielt mål vil vere. Han meiner ein ikkje kan snakke om naturen som kontrollerbar i den grad som forvaltingsorganisasjonane gjer, og at idéen om ei territorisk soneoppdeling der dyr vert behandla som statiske og handterbare einingar innanfor ei avgrensa sone ikkje er eit eigna bilete. Premissane for *áreas de reservas* som del av forvaltingsplanen og soneinndelinga som kontainarar for ressursar i rørsle vert difor feil i hans auge.

Dei to synspunkta representert av Plutarco og Carlos reflekterer ein lokal diskusjon om korleis naturen bør forvaltast og korleis naturen skal sjå ut. Eg vil likevel ikkje hevde at desse vitnemåla er representative. Slik eg opplevde det var Plutarco og Carlos godt informerte om forvaltninga og hadde mykje kunnskapar på dette feltet, noko mange andre ikkje hadde. Dette gjorde at desse andre hadde eit mindre nyanserte syn og var anten positive til kommersielt skogbruk basert på ei godt organisert berekraftig forvaltning, eller negative, og såg i så fall all hogst som rovdrift eller bedrifta som korrump, og dermed nyttegjersle av skogen som ikkje-legitim.

## Sentralisertforvaltning og konservering som institusjon

Eit sentralt tema i litteraturen som omhandlar forvaltning av allmenningen, er i kva grad medeigarane følgjer dei formelle og uformelle reglane for kva eit individ eller ein familie har rett og plikt til i forhold til hausting og bruk av ein felles ressursmasse. (McKean, 1992, McCay og Acheson, 1987) I den sentraliserte forvaltingsorganiseringa ein finn i Capulálpam der desse reglane er formaliserte og som inngår som ein del av dei kommunale lovane for styring og forvaltning administrert av dei kommunale styresmaktene, kan ein heller trekke dette spørsmålet til kor langt folk følgjer loven om hogstmonopol og at all hogst og ressursrelaterte saker skal gå via Komitéen for kommunale gode. Eg spurte aldri eksplisitt om det hadde vore mange tilfelle der folk hadde brote hogstforbodet, men eg merka meg ei historie som vart omsnakka fleire gongar av informantane mine på skogbruket, og som reflekterer ei haldning rundt hogstmonopolet som institusjon. Forteljinga omhandla eit tilfelle der ein kommunepresident på eiga hand hadde gjeve løyve til felling av tre utan å snakke med Komitéen for kommunale gode. Dette førte til at han kort tid etter vart avsett frå vervet, noko som i Capulálpam er forbunde med stor skam. Historia vart fleire gongar referert til indirekte på ein måte som eg tolka som latterleggjering av den tidlegare presidenten og måten han misbrukte vervet sitt på. Dette er eit døme på både formell og uformell sosial sanksjonering, der normer rundt det institusjonelle apparatet vert forma gjennom at historia vert gjenfortalt og går på folkemunne over lenger tid. Dette gjeld både normer knytt til åtferd hjå dei kommunale folkevalde og normer for korleis folk forhold seg til hogstmonopolet.



Felling av tre var ofte omstridd, og eg merka meg at det ofte vart teke til motmæle mot både hogstprogrammet og Komitéen for kommunale gode sine fellingar i sentrum og rundt landsbyen. Eg overhørde ei dame i femtiåra som kommenterte avgjersla om å felle eit av dei gamle eiketrea som hadde stått i parken i sentrum då ho passerte forbi der ein føremiddag.

Kven veit kvifor dei hogg eika. Ho var fin, den eika, det var heilt unødvendig. Flotte eika... og no i går fór dei av garde for å hogge meir oppe i La Colónia. Det var ingen grunn til å hogge den eika... (dei) hogg ned trea våre...

Diskusjonen slik eg opplevde han hjå dei som var meir kritiske til kommuneadministrasjonen eller til forvaltinga slik ho er i dag, relaterte seg ikkje til spørsmål om hogstmonopolet, men heller til om ein bør drive hogst i det heile og om det er berekraftig, så vel som funksjonaliteten i skogsbedrifta som kommunal bedrift og distribusjonen av pengane bedriftene klarar å generere. Dette vil eg ta opp i kapittel fem, seks og sju.

Stine Rybråten skriv i si masteroppgåve, *Naturen kan ikke styres: Natursyn, identitet, og holdninger til statlig forvaltning av levende ressurser i Qeqertarsuaq, Vest-Grønland*, om selfangarane sin motstand mot statleg naturforvaltning. Dei motset seg her ei tilpassing til villivsturisme og freding av ulike artar som dei ser på som påtvinga, upassande for den lokale konteksten og noko som ikkje passa deira levemåte og bruk av naturressursane. (Rybråten, 2006) Hendingane og historia eg skildra over kan reflektere haldningar om at hogstforbodet og den kontrollerte forvaltinga i Capulálpam har ein verdi for folk og slik òg vert oppfatta som eigna, fornuftig og legitim. Som Bray og Merino-Pérez vektlegg i monografien *The Rice of Community Forestry in México*, har ein del kommunar (mellom anna i Sierra Juarez i Oaxaca) gått lenger enn dei føderale lovene og reguleringane i krava til konservering. (Bray og Merino, 2002:107) I Capulálpam og fleire andre kommunar i området vart hogstforbodet innført som eit eige konserveringstiltak innanfrå.

Humanøkologen Emilio Moran snakkar om korleis lokale forvaltingsinstitusjonar ikkje opererer i noko vakuum, men at dei vil vere under påverking av staten eller dei høgare styresmaktene som i mange tilfelle underminerer lokale institusjonar ved å innføre forvaltingsreguleringar som vert sett på som upassande, som går imot dei lokale sin vilje, og som ofte bryt ned dei eksisterande forvaltingsinstitusjonane. Slike lover og reguleringar vert

som i Qeqertarsuaq på Vest-Grønland ofte møtt med motstand av ulike artar i motsetning til om reguleringane hadde vore med på å støtte opp om allereie eksisterande institusjonar. (Moran, 2006:128) Det siste er heller tilfelle i Capulálpam, der sentralisering av hogsten vart vedteken av generalrådet, ei vedtekt som seinare oppfølgde krava frå Semarnat. Det vil difor òg vere større sjanse for at folk overheld lova ettersom den hjå dei lokale vert sett på som meiningsfull og legitim ettersom ho er vedteken gjennom den øvste demokratiske avgjersletakingsinstansen i kommunen og ikkje minst at produksjonseininga som har monopol på skogressursane har ei viktig økonomisk rolle i kommunen.



Sentrumsområdet i Capulálpam de Méndez. Biletet er teke frå oppsida og ned.



Skogbruket: Nede ligg snikkarverkstaden, medan i den øvste bygningen ligg saga. Administrasjonsbrakka ligg på venstre side utafør biletet.



## 5. Det kommunale skogbruket

Skogbruket i Capulálpam, *Unidad Economica Especializada de Aprovechamiento Forestal Comunal San Mateo Capulálpam* (UEEAFCSMC), finn ein etter ein ti minuttar lang spaseretur oppover ein humpete grusveg som strekkjer seg nordaustover frå landsbyen og mot fjellområdet som vert brukt til hogst. Ein stor parkeringsplass bryt vegen i to før den fortset oppover fjellsida for så å dele seg i eit lite nettverk av skogsvegar som gjer områder i fjellet tilgjengeleg for ferding med køyretøy. Ved inngangen til plassen står trebrakka som vert nytta av administrasjonen. Her finn ein sekretæren, Lupe, og administratoren, Plutarco, mens rekneskapsføraren, Gabriel, er ein av dei ansatte som arbeidar oppe i skogen. Mellom administrasjonsbrakka og snikkarverkstaden (La Carpenteria), som er ein del av bruket, strekkjer det seg ein garasje der dei tre pickupane, lastebilen og vinsj-bilen står parkerte når dei ikkje er i bruk. Her ligg óg den turre materialen som er klar til sal kategorisert etter kvalitet og dimensjon. Snikkarverkstaden er på omlag 120 kvadrat og inneheld ulike større maskiner for bearbeiding av trematerial. På sida arbeida dei også med å installere ein turkeomn og eit rom for tørking av den ferdigoppskorne furua. Denne omnen var saman med ei ny (brukt) sirkelsag årets store investeringar, ved hjelp av eit offentleg finansieringsprogram, *Peso por Peso* (Peso for peso) som betalte 50% av investeringa. På eit lite platå over snikkarverkstaden ligg sjølve saga som skjær til furua i dei ulike dimensjonane som bruket produserer. Både oppe ved saga og nede på plassen står rekkjer med stoplar med furumaterial i ulike dimensjonar opplagd til tørk og lagring.

Både kor mange som arbeida og fordelinga av dei 25 arbeidarane (anno mars 2006) som var tilsette ved bruket varierte etter kva som skulle gjerast dag for dag. I hogstperioden frå midten av september og fram til 30. juni var det meir aktivitet oppe i skogen og på saga, mens det i den kraftigare regntida frå juli til september-november var meir aktivitet på snikkarverkstaden i tillegg til skogplanting.

Bedrifta har etterkvart klart å auke lønningane til arbeidarane opp til godt over det doble av den offisielle minsteløna i Oaxaca som i 2006 var på 45,81 pesos (20-25 NOK), varierte frå 670 i veka (ca. 340 NOK 03.12.07) og opp til 770 pesos i veka (ca. 390 NOK 03.12.07) avhengig av ansvar.

## Kooperativ organiseringsform

Det har i antropologisk peasantlitteratur knyta til kommunane i México og resten av Latin-Amerika vore skrive mykje om kooperativ organisering i tilknytning til jordbrukssamfunn. Fokus har her mellom anna vore rurale kommunar som organisasjonar og produsentar, forhold mellom stat og peasants, og institusjonar for kollektiv handling og ressursforvaltningssystem. (Archetti og Stølen, 1994:259f) I México har den kooperative rørsla og forma for sosialisme ei lang historie som politisk retning og styresmaktene har hatt stor påveking på organiseringa av dei rurale regimeformene. Dei kooperative regimeformene fekk si formelle annerkjenning med jordbruksreformene og den meksikanske revolusjonen samt opprettinga av allmenningen, *el ejido*, som jorddistribusjonspolitikkk på 1920-talet. Denne kooperære ideolgien hadde slik mykje å seie for organiseringa av det rurale México og for ejidoen og urbefolkingskommunen sin relasjon til staten. Jordbrukskooperativ vart av staten sett på som ein potensiell strategi for utvikling og modernisering, som også var ei generell trend i Afrika og resten av Latin-Amerika, mens skogbrukssektoren i store delar vart underlagd staten og private føretak og ikkje urbefolkingskommunen og ejidoen før 1980-talet. (Vargas-Cetina, 2005) I den neoliberale retninga politikken i México har teke frå byrjinga av 1980-talet, har staten trekt seg tilbake i frå mange områder der den tidlegare spela ei viktig rolle, og på same tid opna opp for desentralisering og privatisering der ein sosial politikk før hadde subsidiert ei vid rekkje kollektivt organiserte produksjonsformer og sosiale velferdstenester. (Boyer, 2005. s. 40) I frå 1995 vart det derimot satsa mot den korporativt organiserte kommunale skogdrifta, då miljøvernsekretæren ansette personar frå ulike ikkje-offentlege organisasjonar og rådgivarar frå peasantorganisasjonar. Dei byrja då å auke satsinga for å byggje opp og utvide den kommunale skogssektoren i ei kooperativ utviklingsretning for skogbrukskommunar i rurale områder kalla *den tredje moglegheit*<sup>16</sup>. Dette vil seie utvikling av skogbrukskommunane som uavhengige produksjonseiningar med ei kooperativ eller korporativ organisering for ein neoliberal regional og nasjonal marknad.

Denne forma for bedrift vert på grunn av sitt formål og organisering av fleire antropologar omtala som *den sosiale bedrifta*. (Rosales González og Rubio Herrera, og Alatorre, 1998)

---

<sup>16</sup> Den tredje moglegheit refererer til kooperativisme som form for organisering. Dei to andre generelle formene er kapitalisme og sosialisme.

Den sosiale bedrifta som har vokse fram i skogbrukskommunane i Sierra Juarez er i likskap med kooperativet tufta på ideane om kommunal autonomi, likskap i deltaking og avgjersletaking og i distribusjon av kostnad og vinning. (Vargas-Cetina, 2005:234) Den har ikkje vorte til i noko vakuum, men gjennom eit nettverk av multilaterale organisasjonar (offentlege og ikkje-offentlege) og aktivistar i samarbeid med kommunane sjølve. Staten har i samarbeid med mexicanske universitet og ikkje-offentlege organisasjonar og aktivistar vore med på å utvikle og støtte ulike generelle modellar for korleis ei kommunal bedrift kan organiserast innanfor allmenningssammenheng i ulike delar av México. (Rosales González og Rubio Herrera:2 og eige intervju: Conafor, Mai 2006) I motsetning til dei kooperative modellane som har vore med på å prege utviklingsplanar retta mot *den tredje verda* i den neokoloniale tida etter andre verdskrig, har òg kvar og ein av kommunane i høg grad vore initiativtakande og deltakande i forminga av det som vart deira spesifikke bedriftsorganisering i forhold til den konteksten den skulle verke innanfor. (Nash og Hopkins, 1976:22)

## Den sosiale korporasjonen

*Skogbruket er laga for folket, av folket!*

Eg vil no ta føre meg bedriftsstrukturen som ei kryssing mellom ein privat bedriftsmodell og det lokale styresettet slik bedrifta er tilpassa den kommunale konteksten og ein neoliberal marknad. Den kommunale skogbedrifta har vokse fram i fleire områder av Mexico dei siste 20-30 åra. Garibay vektlegg særleg døme frå delstatane, Oaxaca, Michoacán, Durango og Chihuahua. (Garibay, 2004:2)

Den sosiale korporasjonen kan skildrast som ei foreining der ei gruppe folk organiserer seg for eit samla formål av ei sosial form og definerer seg som ei produksjonseining for fellesressursen, der målet er å oppnå utvikling og velferd for dette eksklusive samfunnet som den kommunale eininga utgjer. (Rosales og Rubio, 2004:1)

Meininga med dei kommunale bedriftene er å skape arbeidsplassar for folk her, særleg dei unge, og òg å skape utvikling her i landsbyen som alle kan nytte godt av. Det er det den sosiale bedrifta er. (Miguel)

Eller som direktøren i Uzachi forklarte det:

Vi går ikkje berre for det økonomiske, ikkje som ei privat industri som berre interesserer seg for pengane. Her nyttgjør vi oss av ressursane, men for å bruke det vi tenar på kommunale prioritetar. Her driv vi skogbruk, men for alles felles gode. Det kan vere bygging av skule, vegkonstruksjon, helsesektoren eller skulesektoren, det kjem an på prioritetane til kommunen. [...] På den måten kjem ressursane alle til gode og ikkje berre nokre.

Utsegna refererer til ein kollektivistisk idé om kva bedrifta skal vere, kva føremål og struktur den skal ha. Margarita Rosales González og Amada Rubio Herrera skildrar motivasjonen bak desse sosiale bedriftene i Sør-México som å innehalde ei framtidsvisjon der ideen om utvikling av lokalsamfunnet innanfrå på eige initiativ står sterkt. (Rosales og Rubio, 2004:5) Organiseringa av den sosiale bedrifta baserer seg slik på ei semje om felles føremål og ein struktur på bedrifta som gjev den legitimitet i forhold til allmenningen som eigedomsform og styresettet i kommunen, usos y costumbres. Denne formelle sosiale og demokratiske organiseringa viser seg i autoritets- og avgjersletakingsstrukturen til bedrifta, i valordningane for kven som skal sitje i verva som omfattar bedriftene, i kven som arbeidar i bedriftene og i distribusjonen samt bruken av dei økonomiske ressursane bedrifta akkumulerer.

Den sosiale korporasjonen har likskapar med det *industrielle kooperativet*, slik til dømes Nash og Hopkins skildrar det der idealet er at deltakarane er likeverdige eigarar og avgjersletakarar. (Nash og Hopkins, 1976:12) Ei ulikskap er at arbeidarane ikkje er totaliteten av gruppa som er eigarar og avgjersletakarar, men eit fragment av denne gruppa og treng ikkje nødvendigvis å vere comuneroar<sup>17</sup>. Dei tilsette består av berre ei lita gruppe av dei som eig og tek avgjerslene i korporasjonen. Størstedelen av desse er enten for unge til å kunne ha innflytelse i generalråde rådet, eller befinn seg av andre grunnar på låge cargonivå. Ei anna ulikskap er at ettersom bedrifta har adoptert ei hierarkisk struktur gjennom å ha administrator og ulike nivå av komitéar og råd som tek avgjersler (som arbeidarane ikkje er ein del av), har dei slik to ulike typar maktstrukturar i staden for berre den demokratiske.

---

<sup>17</sup> I 2006 var alle arbeidande ved dei kommunale bedriftene i Capulálpam i frå staden. Nokre av dei yngste hadde endå ikkje status som comunero.



Om vi samanliknar korporasjonen med jordbrukskooperativet med fragmentert produksjon med utgangspunkt i hushaldet og med salg til distribueringsføretak finn me ulikskapar som at a) den sentraliserte strukturen som plasserer dei kommunale bedriftene under eit sentralt direktedemokratisk råd som øvste avgjersletakingsinstans der totaliteten av allmenningen sine medeigarar er representerte, (Sjå vedlegg, fig. 4) b) totaliteten av communeroane er eigarane av produksjonseiningane, og c) at distribusjonen av godene vert forvalta gjennom denne sentrale styrings- og forvaltingsinstansen mot offentlege infrastrukturelle fasilitetar, høgtider og offentlege tilstellingar.

Denne strukturen gjer at vi kan snakke om den samla kommunen som ein korporativ organisasjon som organiserer seg som produksjonseining mot ein neoliberalistisk marknad med dei marknadsmoglegheitene som finst i regionen. Den kooperative eigeformsforma, det sosiale føremålet og styresettet samlar seg på denne måten i ei korporativ samfunnsorganisasjon.

Garibay vektlegg to viktige forutsetningar som definerer den korporative naturen til samfunnet. Dette er a) at dei kooperative kompromisa til individet og familiene innafor den kommunale eininga ikkje lenger er friviljuge, og b) at å avslå den kollektive sosiale handlinga fører til at individet eller hushaldet effektivt vert trua med ikkje berre eksklusjon frå ressursen, men og sosial eksklusjon frå samfunnsorganisasjonen. (Garibay, 2004:6)

I Capulálpam er desse to punkta representerte gjennom sentraliseringa av naturressursane der reglar for bruk gjennom dei regulerte territoriale sonene definerer kva individet eller hushaldet har lov til å hauste og ikkje hauste. Det viktigaste punktet her er hogstmonopolet som sentraliserer all hogst og skogforvaltning etter kommunale og statlege krav og retningslinjer til den kommunale ressursforvaltingsinstansen, Komitéen for kommunale gode (Sjå vedlegg fig. 4). Dette vil difor seie at skogområda som er definerte som hogstsoner er innanfor definerte grenser av allmenningen, og inntektene bedrifta har på treverket går til ein kommunal konto underlagd Komitéen for kommunale gode, for etterpå å verte forvalta av generalrådet og dei relevante kommunale verva og komitéane.

Avdi bedrifta er kommunal er den underlagd generalrådet som øvste autoritet og avgjersletakingsinstans med Komitéen for kommunale gode og administrasjonsrådet som medierande administrative instansar. Komitéen for kommunale gode, administrasjonsråda<sup>18</sup> og mesteparten av bedriftene sine administrasjonsverv er underlagt cargosystemet og valsyklusen den innehar. Denne formelle strukturen har slik fleire demokratiske institusjonar er med på å legitimere ei sentralisert nyttegjersle og kommersialisering av allmenningen. Dei demokratiske og sosiale institusjonane den korporære organisasjonen innehar kan slik oppsummerast i generalrådet som øvste avgjersletakingsinstans, temporære verv som føl ein valsyklus på to eller tre år, og ei distribusjon av dei akkumulerte vediane og ressursane som vert utført kontinuerleg gjennom generalrådet med føremålet å forbetre liva til alle i kommunen gjennom velferdsgode.

Antinori og Bray eksemplifiserer òg transformasjonen mellom det fragmenterte peasantsamfunn, slik Garibay formulerer det, og det korporære peasantsamfunn, gjennom å samanlikne den kommunale bedriftsorganisasjonen med jordbrukskooperativet der individuell eller familiebasert produksjon på privat eigedom utgjer den organisatoriske basen. Transformasjonen mellom det fragmenterte peasantsamfunn, slik Garibay formulerer det, og det korporære peasantsamfunn, eksemplifiserer òg Antinori og Bray gjennom å samanlikne den kommunale bedriftsorganisasjonen med jordbrukskooperativet der individuell eller familiebasert produksjon på privat eigedom utgjer den organisatoriske basen. Denne kan òg ha utvikling av kommunen som mål, sjølv om individuell profitt vil vere kooperativet sit viktigaste mål. Den er heller ikkje organisert utfrå prinsippet om ei sentral produksjonseining, slik som bedrifta i Capulálpam. (Antinori og Bray, 2004:11)

Garibay snakkar om ei transformasjon ifrå eit fragmentert peasantsamfunn til eit korporativt peasantsamfunn, der desse kategoriane er erketypar, men tek utgangspunkt i kommunar som har utvikla relativt store bedrifter der større delar av innbyggjarane arbeidar. (Garibay, 2004:6) Capulálpam sine kommunale bedrifter er endå relativt små og sysselset berre ein mindre prosent av kommunen. Ein må på det økonomiske plan difor nyansere kategoriane til

---

<sup>18</sup> Kvar av dei kommunale bedriftene har eit administrasjonsråd som består av administratoren for bedrifta, kommissæren og nokre andre temporære verv som er tilknyta cargosyklusen. Tidlegare administratorar og folk tilknyta forvaltninga får vanlegvis desse verva.

Garibay ved å ta i betraktning dei fleirfoldige økonomiske strukturane som finst i dette samfunnet. Dei viktigaste trekka ved korporasjonen økonomisk sett vil vere monopolet på skogressursen, den sosiale utviklingsideen gjennom utvikling av offentlege fasilitetar og sysselsetinga der kommunen tilset lokal arbeidskraft for å arbeide med industri og forvaltning. Det er viktig å merkje seg at når eg snakkar om transformasjon frå fragmentær til korporativ struktur, refererer eg ikkje til Capulálpam som eit tidlegare fragmentert skogbrukssamfunn, men som eit tidlegare fragmentert jordbrukssamfunn.

## Multilaterale organisasjonar for bedriftsutvikling og ressursforvaltning

I satsinga mot utvikling av den kommunale skogbrukssektoren har mange regionale og internasjonale ikkje-offentlege organisasjonar kome til sidan aktivismen si tid på 1980-talet, og arbeidar no i eit multilateralt forhold saman med dei offentlege organisasjonane om å bygge opp småskalaskogbruk og forvaltingsinstitusjonar. Semarnat er den øvste normative og overvakande offentlege ressursforvaltingsorganisasjonen som gjev løyve til kommersiell hogst, og som overvakar dette gjennom å vere deltakande i merkjing av tre saman med Uzachi. Gjennom Conafor og Prodefor vert det kanalisert støtte i form av rådgjeving, delfinansiering og leiting etter fond til finansiering av personalopplæring, maskiner og økologiske studiar, så vel som hjelp til å finne marknad og kvalitetssikring av produkta. Det finst i dag mange regionale og internasjonale ikkje-offentlege organisasjonar som arbeidar med nettopp dette og som søker å hjelpe kommunane med å bygge opp ein marknadstilpassa kommunal industri som er berekraftig sosialt og økologisk, så vel som økonomisk sett. Eg kan her nemne to eg var i kontakt med som, medan eg var i Capulálpam, mellom anna skulle hjelpe med å finne ny sag til bruket. Dette var IPRC og Rainforest Alliance som i tillegg til dei nemnte funksjonane òg er sertifiseringsorganisasjon der dei fører skogsertifiseringsmerket Smart Wood. Begge desse representantane var ingeniørar med lang fartstid i organisasjonar som arbeida i med den kommunale skogsektoren i Oaxaca.

Uzachi har utvikla nære relasjonar til dei offentlege ressursforvaltingsorganisasjonane og kan seiast å ha fått god oppfølging. Dei har, ifølgje Enrique Gúsman Alatorre frå IPRC, vorte favoriserte grunna sine nære relasjonar og at dei er sertifiserte gjennom Smart Wood. I

dag arbeidar ein tidlegare ingeniør og teknisk direktør frå Uzachi i Conafor, og Plutarco kunne fortelje meg at den personlege og direkte kontakten som kommunen no har med dei offentlege organisasjonane har vore til stor hjelp.

Vi vert i alle fall ikkje gløymde. Vi får lettare og raskare behandling av søknader og det er lettare å halde seg oppdatert på kva mogelegheiter som finst og kva støtte som er tilgjengelege.

Dette vart òg påpeika av ein politkar i nabokommunen Ixtlán som var irritert over den gode kontakten mellom Capulálpam og desse organisasjonane som i følgje han hadde *ein tendens til å favorisere dei* og var mykje av grunnen til at dei som så liten kommune hadde klart å utvikle seg såpass med så lite ressursar.

Camille Antinori viser i artikkelen *Vertical Integration in the Forestry Enterprises of Oaxaca* korleis vertikalt integrerte kommunale skogsbedrifter i Oaxaca har klart seg betre i både utvikling av produksjon og integrering i regionale marknader. (Antinori, 2005:241) Det nære samarbeidet med dei multilaterale organisasjonane, og det indre initiativet til å bygge opp kommunal skogbruksindustri kan difor seiast å vere eit viktig svar på den relative suksessen kommunen har hatt.

## Forvaltingsorganisasjonen, Uzachi

UZACHI, som er ei forkorting for *Unión Zapoteca-Chinanteca*, er den lokale ikkje-offentlege organisasjonen underlagt fire kommunar beståande av tre Zapoteco-kommunar (Capulálpam, Xiacui og La Trinidad) og ein Chinanteco-kommune (Santiago Comaltepec). Organisasjonen tek seg av dei skogfaglege tenestane, forvaltingsplanane og rådgjevinga for kommunane, som mellom anna vil seie merking av plantasjane og overvaking i tillegg til ein del av personalopplæringa, kvalitetssikring av bedrifta, økologiske undersøkingar, produksjon av treplenter, og leiting etter ressursar til prosjekt eller investeringar som lyt gjerast. Dei held òg forelesingar på dei lokale skulane og til dei cargoverva som treng opplæring i miljø og forvaltning. Den tekniske direktøren, som var den eg hadde mest omgang med, la vekt på nærleiken mellom organisasjonen og kommunane dei arbeidar for.

---

Vi er ikkje slike som kjem inn, gjer eit lite prosjekt og fer att, vi er frå desse fire kommunane, vi er comuneros, vi lever livet her i kommunane, vi tek del i alle triumfane og nedturane vi har her. Dette at vi er herfrå er viktig for tillita òg. Her har folk ofte mindre tillit til utanforståande. Og slik bør det vere på grunn av dei erfaringane vi har. [...] Eg lyt til dømes passe meg så eg ikkje gjev meg i kast med noko som ikkje passar kommunen...då vil dei ikkje ha meg. For dei er eigarane her og våre arbeidsgjevarar, og vår arbeid er å ta oss av alle dei nødvendighetane bedriftene skulle ha. (Intervju: Direktøren i Uzachi)

## Marknadstilnærming

Skogbruket i Capulálpam sel i dag mellom 10 og 15 prosent av treverket dei produserer til den lokale marknaden, mens resten vert transportert til kjøparar andre stader i Oaxaca. Småskalaproduksjonen deira gjer marknadstilnærminga vanskeleg grunna den harde konkurransen dei møter frå større kommunale skogbedrifter, så vel som det plantasjeproduserte treverket som har overfløymd den mexicanske marknaden etter Den Nordamerikanske Frihandelsavtalen (NAFTA) frå 1994.

Marknadsstrategien har så langt vore kopla til sertifiseringa gjennom Smart Wood. Ideen her er at sertifiseringsstempelet som ein etisk eller grøn merkjelapp skal vere med på å gje tømmeret ein betre pris ved å kvalitetssikre produktet og sikre at produksjonen er økologisk, sosialt og økonomisk berekraftig. Denne prisauka har dei enno ikkje sett noko til på den regionale marknaden. Tvert om har dei fått mindre for tømmeret enn det utanlandske plantasjetømmeret ettersom maskinene dei nyttar i produksjonen ikkje er av like god kvalitet som dei private utanlandske selskapa sine.

Eg lurte på kvifor kommunane fortsatt ville investere ekstra i å oppfylle Smart Wood sine sertifiseringskrav om dei ikkje fekk noko tilbake for det som marknadsstrategi. Enrique Alatorre Gúsman frå IPRC meinte det var fleire grunnar til dette:

Ære. Det er det eine. Det er ein slags konkurranse i mellom kommunane der, særleg med Ixtlán, i å forvalte ressursane sine bra. Ei anna sak er at styresmaktene favoriserer sertifiserte kommunar. Det er ein av måtane deira å oppfordre til sertifisering på. Det vil seie at desse kommunane lettare vil få prosjekt og støtte til ulike forvaltings- og produksjonsprosjekt. Dei kjem øvst i søknadsbunken, kan ein seie.

Direktøren i Uzachi nemnde òg opprettinga av ein lagersentral i Oaxaca by, der kvar kommune får betalt for kvantumet dei leverer, som eit planlagt tiltak for det komande året. Ein tredje strategi hadde dei òg lukkast med. Dette var å starte lokal møbelproduksjon for slik å få auka verdien på produktet ved å elaborere det så mykje som mogleg før det vart selt. Dette hadde i følgje Eugenio, ein av dei lokale snikkarane eg vart kjend med, skjedd ved ei tilfeldig hending:

Han karen frå økonomisekretariatet i Oaxaca var ein bra kar. Han kom tilfeldigvis forbi her og snakka litt med nokre snikkarar og (dei lokale) styresmaktene, og så hadde han lyst å prøve å sjå om det gjekk å starte møbelproduksjon her i landsbyane, slik dei vegrar seg for der nede. Så slik gav han oss ein sjanse. Så no leverer stort sett alle snikkarane her og i Ixtlán, Xiacuí og La Trinidad møblar til barnehagar her i Oaxaca.

Eugenio fortalde ein slektning han hadde på besøk frå México by om det offentlege prosjektet dei no var ein del av. Sidan dette prosjektet starta har ein større del av treverket frå skogbruket gått til den lokale marknaden, slik målet har vore. Problemet var i følgje Eugenio berre at snikkarane ikkje hadde klart å halde fristen på møbelleveransane sine, men brukt dobbelt så lang tid som avtala. Denne ineffektive organiseringa hadde starta ein diskusjon om korleis ein kunne organisere seg på meir effektive måtar. Mens Enrique Gúsman Alatorre meinte ei samanslåing av skogbedriftene til Capulálpam, Xiacuí og Trinidad, så vel som å bygge opp ein felles møbelfabrikk for dei tre, var vegen å gå, meinte Eugenio heller at ei samanslåing mellom nokre av snekkarane ville gje dei den effektiviteta dei trengde. Ei samanslåing mellom dei tre kommunane var ikkje noko alternativ meinte direktøren i Uzachi. *Folk har alt for lite tillitt til noko mellomkommunalt samarbeide etter erfaringa vi hadde med Ixtlán på 1970-talet.* Noko samanslåing mellom snikkarane hadde så langt heller ikkje fått gehør hjå dei andre snikkarane.

Gabriela Vargas-Cetina argumenterer i artikkelen *Anthropology and Cooperatives: From the Community Paradigm to the Ephemeral Assosiation in Chiapas, México* for at ein lyt sjå på kooperativ som temporære foreiningar (ephemeral associations) og skildrar korleis lokale organisasjonar kontinuerleg lyt gjenskape seg sjølv for å tilpasse seg globale og lokale endringar. (Vargas-Cetina, 2007:231) Både skogbedrifta si korporative organisering og marknadsstrategiar, så vel som diskusjonen i mellom snikkarane om korleis det er mogleg å effektivisere møbelproduksjon, er døme på slike kontinuerlege tilpassingsprosessar til krava

som marknaden set. Dette gjev seg utslag i nye organiseringsformer på det kommunale plan, her eksemplifisert gjennom den kooperative organiseringa på møbelproduksjonen og dei korporative industrieiningane med utgangspunkt i skogbruket. I kapittel sju vil eg ta føre meg ei institusjonell endring i administrasjonsstrukturen og cargoorganiseringa. Eg argumenterer her for at endringa kom på grunn av lokale styrings- og forvaltingsformer som ikkje stod til krava ei kommersiell bedriftskorporasjon møter i relasjon til marknaden, men òg i relasjon til den interne administreringa i korporasjonen.

## Profitt og utvikling

Som Miguel legg vekt på, er det viktigaste med den sosiale bedrifta å lage arbeidsplassar. Dette gjer at den har fleire mål enn berre å skape profitt. Eg fekk på den andre sida fleire signal om at bedrifta økonomisk sett ikkje klarte å møte forventningane. Verken Plutarco eller kommissæren kunne gje meg nokon oversikt over kva kommunen hadde tjent på bedriftene dei seinare åra. Plutarco visste ikkje noko om dette, og kommissæren verka ikkje som han ville ut med denne informasjonen, noko som moglegvis kan tolkast som eit teikn på problema dei har hatt med bokføring og rekneskap.<sup>19</sup> Kommunen har på den andre sida fått bygd opp mange offentlege fasilitetar<sup>20</sup> og var på den tida eg budde der i gang med ei oppussing av parken og med dei offentlege bygga rundt, noko dei hadde fått støtte til av staten som ein del av satsinga mot turisme. Ein tidlegare kommunepresident kunne og fortelje om nære band til ein tidlegare guvernør som hadde sponsa dei med idrettshall, traktor og anna tilbake på 1980-talet. Desse nære banda til styresmaktene var i følgje ein politisk aktiv i Ixtlán det som hadde hjelpt den vesle kommunen Capulálpam, med dei begrensa naturressursane sine, til å utvikle seg. Ixtlán, som er om lag sju og ein halv gong større (548,6 kvadratkilometer), hadde ifølgje han klart å utvikle seg sjølve utan så mykje støtte frå staten sidan dei hadde ein mykje større produksjon og i tillegg hadde bygd opp ein møbelfabrikk. Dette var òg grunnen til at Enrique Alatorre Gúsman frå IPRC anbefalte dei å slå seg saman med dei andre små skogbrukskommunane i nærleiken.

---

<sup>19</sup> Eg vil komme tilbake til dette i kapittel sju.

Kva skogbruket i seg sjølv har klart å oppnå av profitt er difor usikkert, men viktigheita av bedrifta for kommunen kjem til syne med tanke på arbeidsplassar knyta til skogsektoren og møbelproduksjonen til snikkarane. Dei kommunale bedriftene kan på den andre sida sjåast på som ein viktig faktor til tross for at dei åleine ikkje genererer stor avkastning. Den vellukka ressursforvaltinga og dei nære banda til staten er med på å gje dei meir finansieringsstøtte, og inntekta til dei kommunale bedriftene gjer at dei kan nytte seg av program som *Peso por Peso*. Større investeringar i industri og offentlege fasilitetar var ofte delfinansiert utanfrå gjennom program eller ordningar som dette.

## Ulike syn på skogbruket

Bedrifta har ulike assosiasjonar hjå ulike folk. Det var vanleg å framheve den ideologiske sida av den sosiale bedrifta, noko mange av informantane vektla. *Bedrifta er laga av folket, for folket*, sa Carlos. *Her ser du at vi kan om vi står samla og arbeidar saman for framtida*. Skogbruket har kanskje meir enn dei andre bedriftene fått ein symbolsk dimensjon der den representerer framgang, sjølvstende og det å klare å byggje opp noko og betre kåra i kommunen ved å arbeide saman. Ein kan slik seie at den for ein del har vorte eit symbol på kollektiv handling og styrke. Carlos vektla alltid dei ideologiske prinsippa som den sosiale og demokratiske organiseringa representerte, og framheva slik ei kollektiv interesse i bedrifta og nyttegjersle av naturen som utviklingsveg.

På den andre sida var det mange som reagerte negativt når eg nemnde skogbruket. *Dei gjer slutt på fjellet* (skogen), kunne ein del fortelje. Eg merka meg denne haldninga særleg hjå folk som visste lite om forvaltinga og forynginga. Desse kunne fortelje om alle lastebilane dei såg køyre ut fullasta med tømmer, og meinte dei burde slutte å hogge ned og øydelegge skogen. Den siste assosiasjonen eg vil trekke fram er korrupsjon. *Det er korrump! Dei tek pengane i lomma og kommunen ser ikkje noko til dei*, var svaret eg fekk. Der den eine røysta meiner dei bør stoppe den kommersielle skogdrifta, gav korrupsjonsanklagarane uttrykk for at dei støtta ideen om den sosiale bedrifta som utviklingsstrategi, men at problemet låg i

---

<sup>20</sup> Sjå kapittel 2: Capulálpán de Méndez.



korrupte lokale politikarar og bedriftsadministratorar som lurte til seg av felleskapet sine ressursar og at dei av egoisme arbeida imot den tiltenkte distribusjonen av godane. Eg kjem i kapittel sju til å ta føre meg desse korrupsjonsanklagane og mistillitta eg opplevde til bedrifta.

## La Colónia: Misnøye med distribusjonen

*Vi lyt alltid klare oss sjølve!*

I slutten av april og byrjinga av mai kom det kraftige vårregnet. Denne lange skuren var dette året så sterk at den fløynde over elvefar og grøver, stal grus frå grusvegar og øydelagde fleire av bruene. Miguel budde oppe i det nordaustlege hjørna av landsbyen som vart kalla La Colónia (Kolonien). Denne staden hadde fått namnet ettersom den som bustadsone berre var rundt 30 år gamal, og var heim for relativt sett nyare etablerte. Sona hadde òg, i følgje Miguel, ein høgare andel innflyttarar som ikkje hadde familie frå staden.

Eg møtte Miguel her ein ettermiddag vi hadde avtala eg skulle kome forbi etter vi hadde vore i skogen. Han og fire andre karar stod med gummistøvlane godt nedi gjørma ved vegen der det ei veke tidlegare hadde stått ei lita bru. Dei stod og planlagde korleis dei skulle gå fram i konstruksjonen av ei ny, då ein av karane irritert sa:

Dei pokkers autoritetane! Dei hjelper oss jo aldri her oppe. Alt dei gjer denne gongen er å støtte oss med litt grus og material til den nye brua, men resten lyt vi gjere sjølve. Men brua der nede kor kommissæren bur, der har dei råd til å betale heile prosjektet. Slik er det kvar gong. Har vi problem med vatnet, vi lyt gjere det sjølve, har vi problem med vegane, vi lyt gjere det sjølve, har vi problem med straumen... Pengane vert verande nede i sentrum. Vi ser aldri noko til dei her oppe.

*Dei brukar ikkje noko ressursar her oppe, fortsette Miguel. Vi har ikkje noko makt. Her er det berre vocalar<sup>21</sup>. Difor har vi ikkje noko makt. Då er vi ikkje viktige heller, og dei tek alt.* Miguel spadde vekk noko jord og grus som hadde rent ned i elvefaret under der brua hadde

---

<sup>21</sup> *Vocal* er tittelen på det andre cargonivået, der både Bruno og Miguel var.

stått. *Caciquear, alle saman*, sa ein av dei andre som stod på andre sida av vegen og spadde opp gjørme der dei skulle bygge nytt fundament. *Det er korrapt.*

Eg hadde høyrte nokre av desse orda nokon dagar før då eg prata med dama i kiosken hundre meter lenger oppe i vegen. Ho kunne fortelje om eit vassnett i heller dårleg stand, og som dei sakna støtte til å få gjort noko med, vegar som var av ein mykje dårlegare standard enn i sentrumsområdet, og om økonomisk støtte til betring av infrastruktur som aldri bevega seg mot denne sona, men som vart verande i sentrum. *Vi vert alltid gløymde. Vi bur no rundt tjuve familiar her, men ein skulle ikkje tru det budde nokon her slik som autoritetane driv.*

Då eg snakka med Bruno om dette nokre dagar seinare byrja han med ein gong å snakke om korleis caciqueane nyt godt av ressursane i kommunen.

Det er korrapt. Det er mange her som er misnøgde med det dei ser. Visse områder av landsbyen vert påkosta mykje. Det har du sikkert sett at i sentrum er det flotte gater og...og no har presidenten eit prosjekt rett bak tempelet der dei skal lage ein fin mur med fine steinar, ei lita fontene og brustein på vegen. Slike fontener ser du no fleire av rundt om. Det er vorte vanleg at presidentar har eit prosjekt som dei vert hugsa for i ettertida...mens andre delar av landsbyen har dårlege vegar og vassystem. Dei styrer, og dei avgjer korleis ressursane skal nyttast. Ein kan jo lure om det er folket sine bedrifter eller deira.

Bruno set her spørsmål kring legitimiteten til bedrifta sidan han ikkje føler distribusjonen av dei akkumulerte økonomiske godane er jamt delte slik ideologien bak den sosiale bedrifta tilseier, men heller favoriserer visse geografiske områder av landsbyen der representasjonen innanfor dei høgare cargoverta er sterkare. Han reagerer òg på at pengar vert brukte til å dekorere delar av sentrum og slik på ein visuell måte skrive presidentane inn i historia. Dette kan reflektere ein måte å halde på den symbolske statusen som presidentvervet gjev. Eg spurte seinare Oscar om kritikken eg hadde høyrte.

Det er folk som er negative berre for å vere negative, berre for å vere kritiske. Desse har vanlegvis ikkje gjort nokon viktig cargo og tenkjer berre på seg sjølve. Dei hjelp ikkje kommunen. Men dei har aldri noko argument, eller noko dei kan overtyde generalrådet med. [...] Vi har utvikla sentrum meir enn dei perifere delar, men dette er naturleg og dette vil alle nyte godt av ikkje berre dei som bur her. Ein lyt prioritere, ein har ikkje pengar til å gjere alt på ein gong. Slik er det. Det er viktig at vi har det litt fint her no når det kjem turistar. [...] Turismen vil vere med på å skape meir utvikling, så dette er ei satsing som er sin del av ein større plan.

Oscar meiner dei kritiske stemmene hører til folk som ikkje vil støtte opp om felleskapet, men som berre er negative for å vere negative, og viser til låge cargonivå.

Shlomo Eckstein og Thomas Carroll, som skriv om kooperasjon i Latin-Amerika, stiller spørsmål om kor stor likskap det lyt vere i interessene og kor mykje gruppefraksjon som kan tolast før dette set eit kooperativ i fare, og nemner vidare at dei fleste av dei overlevande mexicanske ejido-kollektiva har radikale ideologiske band som knyter dei saman. (Eckstein og Carroll, 1976:248-249) Dei fleste av informantane mine var samde om den overordna ideen om sosial utvikling av kommunen under eit likskapsprinsipp. Korleis dette skulle gjerast og kva som skal prioriterast i kommunen er på den andre sida opent for ulike syn. Miguel og andre i La Colónia tolkar generalrådet sine prioriteringar som ei vekkprioritering av dei, og som eit uttrykk for caciquisme og elitisme, og ei ujamnskap dette fører med seg sidan dei som geografisk gruppe ikkje har noko sterk politisk stemme i generalrådet.

Eg vil i kapittel sju sjå nærare på misnøye, mistillit og korrupsjonsanklagar mot bedriftene og caciqueane ved å ta føre meg skogbruket og diskusjonen rundt problem knyta til administratorvervet.



## 6. Plantedugnaden som vart avlyst

Eg vil no ta føre meg eit case der ulike hendingar kastar lys over bedriftsstrukturen til skogbruket som kommunal bedrift innanfor ein allmeningsstruktur med direktedemokratisk styresett. Den konvensjonelle private bedrifta som er prega av ein hierarkisk maktstruktur, møter denne her ein demokratisk og egalitær struktur der alle er medeigarar og generalrådet, der av dei fleste ikkje har større erfaring eller kunnskap med skogbruk og bedriftsadministrering, er øvste avgjersleinstans. Hendingane og samtalane som fann stad i det empiriske caset eg no vil ta utgangspunkt i, reflekterer utfordringar og problem som informering av comuneroane om forvaltinga, investeringskapital og investeringsvilje, og premissane for samhandling og autoritetsforhold.

Ein institusjon i Sierra Juarez-regionen er *tequio* 'en (kommunal dugnad). Comuneroane vert kalla inn til å delta i eit visst antal dugnadar i året. I Capulálpam har dei no formelt berre tre dugnadar i året, etter at dei i 2001 vedtok å redusere talet frå tolv ettersom comuneroane meinte dei ikkje hadde tid til å delta så ofte. Reduksjonen skjedde i ei tid då kommunen var byrja å få betre råd til å betale folk til å utføre ulike kommunale vedlikehalds- og utbyggingsprosjekt og var slik med på å gi dei unge løna arbeid. Minimum ein av dugnadane skulle verte brukte til furuplanting dei stadane forynginga ikkje skulle skje naturleg ved frøtre. Det hadde vorte ein tradisjon sidan dei skifta hogstform at plantinga var underlagd dugnadstradisjonen, sjølv om skogarbeidarane sjølve hadde måtta gjennomføre det nokre av dei siste åra grunna omprioriteringar av kva dugnadane skulle nyttast til.

### Bedrifta kjem seg ikkje opp

Plantinga skjer vanlegvis etter 30. juni, som er datoen hogstforbodet<sup>22</sup> tek til, men ettersom Uzachi hadde planter som var klare til planting og nokre miniplantasjar som akkurat hadde

---

<sup>22</sup> Grunna regntid i denne delen av landet har Semarnat lagt inn eit formelt hogstforbod i forvaltingsplanen mellom 30. juni og 30. august ettersom ferdsel med tunglast tærer på dei våte skogsvegane.

vorte reinska ikkje hadde frøtre, hadde Uzachi-direktøren spurt Plutarco og kommissæren om dei ikkje kunne plante dei no rett før mai-regnet.

Dagen kom då vi skulle opp for å plante. Eg møtte opp klokka fem som var det vanlege oppmøtetidspunktet for dei som skulle opp til plantasjane, og merka at ingen andre enn dei vanlege arbeidarane var møtte opp ved administrasjonsbrakka. Miguel fortalde meg at tequioen var avlyst og at vi sjølve skulle opp og plante. Dei andre hadde fått høyre om avlysinga av tequioen nokre dagar før, og fleire stod no og diskuterte kvifor. *Autoritetane var ikkje einige med direktøren, sa Miguel. Dei ville heller spare tequioen til eit større prosjekt nede i sentrum til sommaren.* Alle verka irriterte over avlysinga, ikkje minst direktøren som saman med Plutarco og nokre av gutane var i ferd med å fordele furuplantene mellom to av bilane vi skulle ha med oppover. Arbeidarane måtte no gjere denne arbeide sjølve, noko dei ville miste ein dag på. Plutarco forklarte seinare at det vart altfor mange slike forseinkingar grunna tull og feilkalkuleringar i organiseringa.

Vi er seine nok som vi er. Vi veit vi ikkje vinn å hogge det vi skal til den 30. juni i år heller. Slik taper vi pengar. Høgg vi ikkje heile volumet lyt vi endå betale og slik taper vi pengar. [...] Bedrifta ligg jo under kommunen, og dei let det ikkje vere att noko pengar til vedlikehald og investering. Dei klagar på at vi høgg for mykje, når vi eigentleg høgg for lite. Ikkje gjev dei oss nok tid til å reinske opp skikkeleg heller. Det er det som er problemet. Difor kjem ikkje bedrifta seg opp. Dei trur det berre er utbytte å hente, men investere, nei det trengst ikkje. [...] Difor er det så irriterande at vi no lyt opp for å plante det sjølve, i staden for dei. Og ikkje berre det, folk lyt opp og sjå og vere med på plantinga for å vite kva vi driv med...konserveringa.

Plutarco peikar her på fleire problem som bedrifta møter. Bedrifta lyt betale kommunen eit gebyr for det årlege kvantumet som skal hoggast, men denne summen rører seg ikkje proporsjonalt etter kor mykje skog som faktisk vert teke ut. Dette vil seie at dess lenger dei er frå å klare det totale hogstvolumet, dess mindre pengar tener bedrifta, medan bruket framleis lyt betale kommunen sin presentsandel rekna utfrå den totale kvota som Semarnat godkjenner. At bedrifta økonomisk går dårleg grunna lite avkasting er med på å minske tillita til bedrifta og er ein grunn til at administratoren og den kommunale administrasjonen ofte vert anklaga for korrupsjon. Mistillita og misnøye med resultatet er slik med på å minske investeringsvilja til folket.

Difor er det òg så vanskeleg å arbeide for landsbyen din på grunn av mistillita, fordi om du har lyst å gjere endringar og betre noko eller gjere investeringar som er nødvendige, så kjem ein berre i krangel med folk i rådet og får problem, og dei (rådet) fjernar deg. Dei trur ikkje det trengs investeringar, dei trur det berre er vekkasting av pengar. Difor gjer berre folk det dei må for å gjennomføre cargoen og bedrifta går dårleg, og folk er misfornøgde. Og eg får trøbbel fordi eg tek ansvar, noko dei før meg ikkje tok.

I tida eg var i kommunen var skogbruket og kommunen i gang med å kjøpe ny sag og turkeomn for meir effektivt å kunne tørke tømmeret. Plutarco gav ofte uttrykk for den fortvila situasjonen han følte han var i ettersom folka som skulle ta desse store avgjerslene gjennom generalrådet ikkje forstod at skogbruket var gamalt og at det trengte fornying om produkta skulle halde akseptabel standard på den regionale marknaden. Eigarskapsstrukturen til den kommunale bedrifta set som sakt premissane for avgjersletakingsstrukturen, der generalrådet så vel som Komitéen for kommunale gode er dei øvste instansane for avgjersler som har med bedriftene å gjere. Comuneroane inkludert folka som sit i relevante verv og komitear har, ettersom ikkje så mange har større erfaring eller kunnskapar innanfor naturforvaltning eller bedriftsadministrering, ikkje eit godt grunnlag for å ta desse avgjerslene. Kunnskap er difor avgrensa og tida og ressursane for knappe til at Uzachi og bedriftsadministratorane har mogelegheit til å informere alle slik at dei har nok kompetanse til å ta viktige avgjersler. Ein kan sjå det som eit paradoks at arbeidarane ofte har meir av den kunnskapen som trengst for å ta gode avgjersler, men manglar nødvendig status for å kunne heve stemma si i råda. Posisjoneringa av kunnskap kjem slik skeivt ut i forhold til avgjersletakingsstrukturen i bedrifta, der administratoren sit på relativt lite kunnskap og kompetanse og comuneroane i generalrådet har ei generell kunnskap om skogbruk, og relativt få har god skogfagleg og bedriftsøkonomisk kunnskap. Uzachi og eksterne ikkje-offentlege organisasjonar skal i dette vakuumet fungere som rådgjevarar for råda, komiteane og bedrifta, men har på rådsmøta ikkje nok tid til å kunne formidle kompleksiteten som ligg til grunn for dei anbefalingar og rådføringar som trengs.

Rådsmøta er jo ikkje lange nok, du kan tenkje deg, no har eg snart arbeida i to år her på saga, og først etter det første året kunne eg seie at eg kunne klare å ta dei avgjerslene eg skulle ta. Det er mykje ein lyt forstå. Kommissæren og administrasjonskomiteane arbeidar litt nærare Uzachi og rådgivarar, men det er jo alltid nye folk i verva, Kristian. (Plutarco)

Dei som har hatt verv tilkopla forvaltinga og bedrifta er dei som ofte har meir kunnskap, noko som gjer at dei som veit meir og som gjennom denne kompetansen kan spele ei meir aktiv rolle i generalrådet når relevante saker skal diskuterast, òg vil vere dei same politisk aktive som stig høgare i cargohierarkiet. Dei får i kraft av å sitje på meir kunnskap enn andre, større moglegheit til å delta i diskusjon i tillegg til å utøve innflytelse. Nash og Hopkins skriv angående interaksjon og innflytelse i kooperativ i Latinamerika at *kunnskaps- og informasjonssamlinga i eit kooperativ bør ikkje avhenge av informasjonssamlingsevna til dei individuelle medlemene, men av institusjonaliserte prosedyrer som rapportar og rotasjon av leiarar.*<sup>23</sup> (Nash og Hopkins, 1976:13) Cargosyklusen har i Capulálpam ført til at fleire har generell kompetanse, men comuneroane som stig i cargoane og er med i dei forvaltingsrelaterte komiteane vil likevel ende opp med meir kunnskap.

Eit problem, i følgje Plutarco, vert at inntektene grunna lite kunnskap ikkje vert verande i bedrifta, men går til velferdsprosjekt. Bedrifta klarar difor ikkje sjølv å byggje opp nødvendig investeringskapital, og strevar slik med å utvikle seg, og vere konkurransedyktig. Dei mistar på grunn av gammalt utstyr òg ein høgare prosent av trevolumet i produksjonsprosessen.

Bedriftsadministratorane er ofte veldig passive og torer ikkje gjere nødvendige investeringar eller noko som kan skape problem for dei i landsbyen. Plutarco har mykje initiativ her, men manglar kunnskap. [...] Det er mange skeptiske i landsbyen, så det er ikkje lett å få gjort noko når ein møter så mykje motstand. Det er ein heil arbeid i seg sjølv å informere og få med seg folket. (Pedro Vidal Pérez)

Bedrifta kan slik seiest å ha kome inn i ein ond sirkel der resultata til bedrifta skapar misstillit, som igjen gjer at folk ikkje vil bruke pengar på investeringar.

---

<sup>23</sup> Mi oversetjing.



## Deltaking som bevisstgjerung av konservering

Hovudideen bak å late plantinga vere tequio, var i følge Plutarco at folk skulle få sjå og vere med på forynginga slik at dei fekk ei kjensle av at dei i fellesskap aktivt var med på å gjenskape skogen og bidra til konserveringa, og slik lære innbyggjarane om skogkonservering og kva bedrifta driv med. Slik ville dei òg sleppe mykje kritikk frå folk som ikkje trudde dei planta, eller at dei nesten ikkje planta.

Eg kunne merke ei misnøye med avlysinga av tequioen hjå både arbeidarane, Plutarco og direktøren der vi gjorde oss klare til å køyre oppover mot plantasjane. Eg vart sitjande framme i den eine bilen med direktøren, medan vi humpa oppover fjellsida. Han kunne fortelje at han hadde arbeida ekstra for at tequioane i år skulle omfatte furuplanting sidan dei siste åra hadde enda opp med at arbeidarane sjølve hadde måtte gjere det. Han ville difor at to av tequioane i år skulle vere plantetequioar. Dette hadde Komitéen for kommunale gode gått med på, men nokre dagar før dagen ombestemte dei seg sidan dei meinte dei kunne komme til å trenge tequioen til eit remodeleringsprosjekt ved parken i sentrum.

Vi ser nødvendigheita av at folket lyt opp i skogen og sjå og vere med på det vi driv med her. Det er mange her som veit for lite, og då vert dei veldig negative til forvaltninga. Dei trur vi berre hogg ned skogen, når det eigentleg er det motsette det er snakk om. [...] Vi merkar at det er ei stund sidan plantinga har vore tequio. Sjølv om vi har arbeida her lenge og folk er vande med denne forvaltninga, er det stadig folk som må overtast. Folk har så dårlege assosiasjonar til hogst at det er vanskeleg å akseptere og forstå at vi kan tilføre skogen noko på denne måten. Det er mykje misstillit. (Teknisk direktør, Uzachi)

Skulane er viktige arenaer for å undervise og informere om konservering og miljøvern. Ei jente som arbeida for Uzachi hadde foredrag på både barneskulane i dei fire landsbyane, så vel som på det som tilsvarar ungdomsskulenivå og vidaregåande skule. Dei unge eg prata med hadde ofte mykje kunnskap om miljø, både på det nasjonale og globale plan så vel som lokalt. Ein seksåring stoppa fotballkampen han og venene hans var i gong med for å gje meg eit fem minuttar langt foredrag om miljø, basert på et han hadde lært på skulen. Den yngre generasjonen kan slik sjå ut til å vite mykje om ressursforvaltning og konservering av miljøet.

Eit vanleg utsegn eg ofte høyrde både Plutarco og andre som var eller hadde vore knyta til skogforvaltinga seie når ein byrja snakke om hogst og planting var setninga, *høgg vi hundre, så plantar vi to hundre* eller *høgg vi hundre så plantar vi fire hundre*. Utsegna var ikkje uvanleg i situasjonar der folk som ikkje var knyta til forvaltinga var til stades og hogsttemaet kom opp. Plutarco forklara det slik:

Mange veit ikkje at vi plantar, sjølv om det er vorte forklart til dei hundre gongar. Vi lyt difor lære dei opp i det vi driv med her slik at dei ikkje berre skrik om at vi gjer slutt på fjellet.

Dette seier noko om ei skepsis ein del folk i kommunen har til skogdrifta så vel som kor mykje viten dei har om forvaltinga. Utsegna, *høgg vi hundre, så plantar vi to hundre*, kan etter mi meining sjåast på som ei enkel retorisk legitimering av kommersiell hogst som konserveringsform, ved å seie at ein gjev mykje meir attende til skogen enn ein tek ut.

Mange var skeptiske til skogkulturutviklingshogstforma (MDS) fordi dei såg korleis denne metoden snaua større flater på opptil fleire hektar. Det er viktig at dei forstår at om furua skal vekse lyt ein hogge alt (drive frørehogst eller flatehogst), elles veks ikkje furua. Då veks berre eika, og det er det vi prøver å avgrense for å gjenetablere furuskogen vår. (Teknisk direktør, Uzachi)

Den store skepsisen til hogst kjem, som dei sjølve påpeikar, av deira tidlegare erfaring med papirfabrikken. Nokre er no overtydde om at hogst ikkje lenger er å øydeleggje skogen, men heller er ei god konserveringsform, og dei knyter argumenta nettopp til skiljet mellom hogstformene i fortid og i notid. I talemåten og legitimeringa av skoghogsten vert forynging og planting den viktigaste delen og funksjonen til programmet, i motsetning til hogsten som no vert redusert til ein mindre del nødvendig for å kunne forynge og nettopp bygge opp att skogen. Hogstforma har etterkvart som den har fått aksept òg vorte ein viktig del av retorikken til dei som arbeidar med forvaltning og skogbruk.

Den erfaringsnære informerings- og opplæringsforma som dugnaden representerer, har i følgje direktøren og Plutarco hatt ein god verknad på folk sin viten om forvaltning og tillita, noko informeringa gjennom råda ikkje har klart. Dei har, ettersom tequioen dei siste åra har vorte brukt til andre prosjekt, merka ei større mistillit til forvaltinga.

## Todelte rollar: Autoritet og konflikt

Luis Dumont hevdar med referanse til det vestlege samfunn at hierarkiske prinsipp og strukturar ikkje så lett vert tolererte i ein kultur der innbyggerane er *homo equalis* (egalitære). (Nash, 1994:295) Manning Nash hevdar derimot at både hierarkiske og egalitære aspekt er tilstades på ulike måtar i sosial struktur og meiner dette kan komme til uttrykk i interaksjonen i ei bedrift gjennom det han kallar *merit*. Merit er med på å posisjonere individa sosialt, basert på ulik former for relevant kapital, som til dømes eigedomsrett (eller status som *stakeholder*) som er med på å definere eit individs makt i bedrifta. Ein annan type kapital er leiarskap og evna til å styre, noko han koplear saman med personlege evner, kunnskap og tidlegare suksess. (Ibid.:295) Eg vil no vise eit døme på korleis korporasjonen sine egalitære eigedomsforhold der arbeidarane er med å utgjere *the stakeholders* kan kome i konflikt med ein hierarkisk leiarskapsstruktur, og korleis Plutarco, i mangel på kunnskapar og erfaring ikkje føler han får den leiarposisjonen han skal ha som administrator.

Vi var snart oppe, og dei to bilane med planter og personale fordelte seg på to plantasjar. Eg vart no med bilen Plutarco sat i. Vi skulle plante i plantasjen som låg nokre hundre meter lenger oppe. Då eg kom opp var Plutarco og nokre av arbeidarane byrja å diskutere høglydt. Plutarco kjefta på karane for å ha fjerna fire tre som skulle stå att i nærleiken av vegkanten.

Plutarco: [...] *De veit de ikkje skal hogge tre som ikkje er merkja. Desse trea som var her kan vi ikkje bruke til anna enn ved. No lyt eg forklare meg for Uzachi og Semarnat att. Eg er så lei av dette.*

Aldo (ein vinsjansvarleg): *Høyr, problemet er at det var dårleg oppmerkja. Trea vi skulle nytte til å feste blokkene<sup>24</sup> i var nokre småe Pseudo Strobilus som knakk så fort ein stramma til, og då måtte vi jo bruke dei andre trea vi hadde der. Dei to trea som stod der (peika mot den eine sida av den trefrie kanalen som førte ned til plantasjen), stod òg i vegen.*

Plutarco: *Då er det de som har vore uforsiktige, og så har dei knekt.*

---

<sup>24</sup> Blokker eller trinser vert brukt ved vinsjing når ein treng å skifte vinkel på trekkretningen mellom det felte treet og vinsjen. Blokkane vert festa til eit punkt (eit tre eller ein stein) som toler draget frå vinsjen.

Aldo: *Vi har ikkje vore uforsiktige, det er dei som har merkja som ikkje har tenkt på korleis ein skal få trea opp. Det var ikkje nokon gode tre til blokkene, berre dårlege. Kanalen opp (frå plantasjen til vegen) var trong og dårleg, den måtte utvidast, elles hadde det ikkje gått.*

Plutarco: *Dette er eg lei av. De er så uforsiktige. Ingeniørane planlegg alltid slikt bra.*

Aldo: *Nei, det hadde dei ikkje. Dette veit me mykje betre enn deg, vi har arbeida her i nesten ti år, så dette kan vi. Du må slutte å blande deg i ting som du ikkje har greie på. [...] Du kjem og kjeftar på oss som gjer ein bra arbeid. Du får hugse på at det er min skog òg, det er mi bedrift òg, du får ta deg av det du kan nede i brakka, så tek vi oss av dette. Du skrik ikkje slik. Dette kan vi.*

Plutarco gjekk misfornøgd vekk frå Aldo og byrja å bere furuplenter ut av bilen og mot den ca. to hektar store plantasjen nede i skråninga. Vi sette så i gang, alle saman, med å frakte planter og utstyret vi trengte. Arbeidarane trengde lite instruksjonar ettersom dei hadde god kjennskap til denne prosedyren. Plutarco organiserte så saman med nokre av dei første som kom ned kor dei skulle byrje og korleis dei skulle organisere seg. To og to arbeida saman. Ein laga hol i jorda i sikksakk i mellom terrassane<sup>25</sup>, og den andre planta. Eg kunne merke at Plutarco ikkje naut den respekten ein del av arbeidarane hadde, noko han òg påpeika litt misfornøgd då vi stod og planta litt bortafor dei andre.

Det er det eg vert lei av, Kristian, at dei ikkje har respekt for sjefen sin. Sjølv om eg har mindre erfaring, så lyt dei respektere meg, elles fungerer den (bedrifta) ikkje. Hadde eg arbeida her fast som ein vanleg sjef hadde ikkje dette vore eit problem, men med usos y costumbres. Mykje vert bestemt av Uzachi, mykje av generalrådet, men det er alltid meg dei kjeftar på. Det er ikkje lett å skulle vere sjef, når du har slik avgrensa autoritet og ikkje har den respekten du burde hatt.

Etter at vi hadde planta ferdig heile plantasjen og vatna plantene, møtte vi dei andre som òg var ferdige oppe i vegen for å køyre vidare til neste plantasje. Plutarco byrja då å diskutere trea som hadde vortne fjerna med direktøren og arbeidarane. Direktøren lytta både til Plutarco, arbeidarane som hadde vore meir involverte i diskusjonen tidlegare, og andre som

---

<sup>25</sup> Terrassane var raster dei laga av gjenverande greiner og biologisk avfall frå hogsten, som var plasserte på tvers i stinginga med fem-seks meters mellomrom for å hindre erosjon og for å halde betre på vatn og fukt i og etter regnperiodane.

hadde noko å seie. Dei diskuterte saken før direktøren til slutt gav arbeidarane medhald i at det kanskje hadde vorte gjort litt dårleg oppmerking, og at ein ikkje alltid kan forutsjå tilfeldige hendingar som kan oppstå.

Eg kunne merke ein anna interaksjonsdynamikk medan direktøren var tilstade. Som folk hadde nemnt før, naut han stor respekt som ingeniør og som person og var ein mann folk tykte om. Der mindre erfaring og kunnskap var med på å gi Plutarco mindre autoritet hjå arbeidarane, trass i at mange av dei gav uttrykk for at dei likte han godt både som administrator og person, hadde direktøren etter mi meining eigenskapar utanom autoriteten vervet og ingeniørutdanninga gav han. Han var rettferdig, høfleg og hadde ein god sans for humor i interaksjonen med folk, og eg opplevde haldninga hans som både karismatisk, demokratisk og folkeleg i forhold til folka tilstades. Han framstod som ”ein av dei” trass i si rolle som ingeniør og forvaltingsdirektør. Ei seinare samtale han og meg imellom reflekterte det eg hadde sett:

Som organisasjon representerer vi ikkje berre Uzachi, men vi er comuneroar òg. Vi er ein del av folket. Her kan ein ikkje gjere noko om ein ikkje har tillita deira, spelar på lag med dei. Fordi ressursane tilhøyrrer jo alle, bedriftene tilhøyrrer alle. Difor lyt vi som forvaltingsorganisasjon vere forsiktige og alltid arbeide i konformitet med det generalrådet og folket vil.

Både denne samtale og den demokratiske og pragmatiske åtferda eg vitna i skogen, reflekterer ei tilnærming der direktøren tek forbehold om det horisontale og egalitære prinsippet som allmenningen og den korporære bedrifta representerer, så vel som hans eiga todelte rolle i interaksjonen med arbeidarane og Plutarco sine todelte rollar. Der rolla som direktør gjev ei vertikal relasjon til arbeidarane, og rolla som comunero gjev ei horisontal, vert den vertikale strukturen underkommunisert, medan den horisontale, der alle partane vert lytta til og kunnskapane dei sit inne med vert respektert, vert framheva. Haldninga hans kan slik reflektere Sierra si skildring av korleis ein lyt handle for å opparbeide seg status eller respekt og få tilgang til mektige posisjonar, altså ved å *kjenne godt til den kommunale logikken, eller delta innanfor normene og reglane som er del av identiteten til gruppa*, der allmenningen og det egalitære direkte demokratiet er eit ideologisk fundament. Denne ideologien gjer det vanskelegare for den vertikale autoritetsrolla til ein administrator. Han er den einaste med ei temporær tilsetjing og har difor minst kunnskapar, samstundes som han sit på eit stort ansvar for drifta.

Vi ser her korleis den horisontale eigarskapsstrukturen saman med styresettet er med på å legge premissane for samhandlinga i bedrifta. Dei todelte rollane som personane får kan by på konflikt der den vertikale og den horisontale strukturen møtest. Plutarco er den som merkar dette mest der han ikkje nyt den respekten og makta han meiner sjefsrolla skal ha. Direktøren verka å vere svært medviten om sine rollar. I lag med utdanning og ei karismatisk personlegheit, bidrog dette kanskje til ei større velvilje og respekt.

Eg har gjennom caset med plantedugnaden illustrert fleire problem som administratoren og forvaltingsinstansane møter på som følge av bedriftsstrukturane i denne konteksten. Utsegna indikerer at personane som er med på å ta avgjerslene ikkje har nok kunnskapar til å ta desse, og at tid og prosedyrar for informering av desse personane ikkje strekk til.

## 7. Institusjonell endring: Avvikling av bedriftscargoen ved skogbruket

Eg har tidlegare nemnt at eg merka ei mistillit til skogbruket og forvaltinga, og til det som vart omtala som dei dominerande i kommunen. I dette kapitlet vil eg med utgangspunkt i hendingar og utsegn frå informantane mine ta føre meg denne mistillita og samanhengen dette kan ha med administrasjonsorganiseringa som cargoverv. Eg vil med det belyse eit av dei kanskje viktigaste problema som den kommunale bedrifta har møtt med administratorvervet.

I dei kommunale bedriftene var allereie fleire av dei administrative cargoverva avvikla. Sekretærstillinga ved skogbruket og administrator- og sekretærvervet ved grusmaskina er døme på dette. Avviklinga av administratorvervet og andre verv, så vel som diskusjonen rundt denne, vitnar om ein omdiskutert prosess der bedriftsadministrative verv vert omgjorde til vanlege betalte stillingar, noko ein kan karakterisere som ei forflytting av offentlege verv mellom to økonomiske og politiske sfærar.

### Diskontinuitet i kunnskap

Skogbruket i Capulálpam har i tillegg til arbeidarane tre administrative stillingar. Plutarco, er den administrative leiaren eller sjefen i bedrifta, og stillinga er eit cargoverv med to års varingheit. Han har det øvste ansvaret for bedrifta. Dette inneber ansvar for personalet, dagleg drift, utstyr, utføring av hogstplanar, økonomi og eventuelle investeringar. Dei to andre administrative stillingane er rekneskapsførarvervet, som også er ein cargo, og sekretæren (ei jente på 19 år) som er fast tilsett. Desse kan heller sjåast på som administratoren sine hjelparar enn som stillingar med definerte ansvarsområde, noko som gjev administratoren meir arbeide og meir ansvar. Dette kjem også av at det er ein *cargo*, som inngår i det politiske og sosiale presteghierarkiet, og er kun løna i form av ei kompensasjon på 1000 pesos i månaden (ca. 450-500kr) som er maksimum ein femtedel av ei vanleg løn.

Toårssyklusen i administrasjonsverva medfører fleire problem. Diskontinuitet i kunnskap og erfaring i bedriftsadministrasjonen var problemet som kanskje først og fremst vart trekt fram av representantar for involverte organisasjonar, så vel som administratoren sjølv og andre. Dette vil seie at ein person som oftast ikkje har så store kunnskapar eller erfaringar på området skal ta over administreringa av bruket frå og med dagen den tidlegare administratoren går av. Cargooppnemninga skjer som nemnt på bakgrunn av status i forhold til tidlegare utførte cargoar, tillit, sosiale bånd og om personen etter ei skjønnsvurdering vil duge i arbeidet. Innlemninga av bedriftsadministratorstillinga i cargovervsyklusen gjer difor at andre kvalifiseringskriteriar enn utdanning, kunnskap og erfaring vert lagde til grunn for utnemninga. Bedriftscargoane krev slik sett elementær kursing og opplæring innanfor skogsdrift, økologi, bedriftsadministrasjon, bedriftsøkonomi og andre bedriftsrelaterte aspekt, noko som gjer bedrifta avhengig av ytre organisasjonar. Dette er eit av dei viktigaste felta som Rainforest Alliance saman med Conafor og Prodefor hjelper til med å finansiere. Enrique Gúsman Alatorre frå IPRC forklarte problemet slik:

Problemet med usos y costumbres er når du har ei bedrift. Cargoen skal vare i to år. Og det andre året forstår du kanskje halvveges kva den økonomiske aktiviteten går ut på. Korleis ein organiserer eit skogsbruk, kva ein faktura er, kva... som folket ikkje nødvendigvis kan frå skulen...som dei må lære på vegen...arbeidande. Det tredje året kan ein seie at no har han skjønt det greitt nok, og då fjernar dei han og set inn ein ny. Så då vert det jo slik at ein aldri skjønar kva det dreiar seg om. Og då vert det eit økonomisk rot, det vert ein dårleg administrasjon, dei kan ikkje administrere pengane, det vert dårleg med klientane... Dette krev enorme ressursar i opplæring, ressursar som kunne vore brukte på andre områder. Mykje av det ein del involverte organisasjonar no gjer er å oppretthalde bedriftene med å heile tida måtte kurse og rådføre dei i det grunnleggjande.

Det var i tida eg var i landsbyen ein pågåande diskusjon rundt den administrative og institusjonelle organiseringa av administratorstillinga, og det var snakk om at kommunen kanskje skulle gjere endringar for å betre bedriftsadministrasjonen sidan mange etterkvart såg seg lei av alle problema som hadde vore i bedrifta, med rotete og dårleg administrering, dårleg informering av generalrådet, korrupsjonsanklager og administratorar som ikkje fullførte tida si. Eg vil no søkje å skildre diskusjonen og dei ulike tolkingane av dette problemet, som eg fekk høyre i tida eg var i Capulálpam.



## Ideologisk konflikt og ulike ideologiske sfærar

Ein fredagskveld sette eg meg på *Tors Bar*, ein pub som Plutarco hadde teke over etter at far hans døydde nokre månader tidlegare. Plutarco arbeidde no her på kveldstid for å ha ei reell inntekt ved sidan av vervet som administrator. Eg vart teken godt imot av dei oppimot ti personane som sat der fordelt på to bord. Administratoren presenterte meg for dei som enno ikkje kjente meg, og samtalen gjekk fort over på tema dei hadde høyrte eg lika å prate om. Administratoren forklarte dei tørste karane i lokalet at vi hadde prata om cargosystemet og korleis det var å vere *i arbeid utan å få betalt for det*, som han valde å skildre det.

Ein kar i 30 ára samtykka raskt oppgidd: *Ja, for her er det usos y costumbres, og det endrar dei ikkje. Dei treng nokon spesialiserte som får løn slik at han dedikerer seg i arbeidet. No vil dei jo berre verte fort ferdige for å kome attende til det eigentleg arbeidet sitt etterpå som er det som har noko å seie for dei, som er livsverket deira. Dei føler seg ikkje ansvarlege.*

Ein anna samtykka: *Ja, folk gjer berre cargoane fordi dei må, og gjer difor minst mogeleg. Hadde dei fått vekk usos y costumbres, så kanskje...*

Plutarco reagerte: *Det er ikkje det at ein ikkje føler seg ansvarleg. Eg arbeidar så godt eg kan, eg sit der heile dagen...men han tjuken (rekneskapsføraren), og òg han andre som arbeidar i Komitéen for kommunale gode, dei er innvalde, men gjer ingenting, dei er ikkje interesserte...men få dei vekk det går ikkje. Og det å arbeide utan noko økonomisk svar er noko drit. Utan pengar vert det ikkje mykje mat på bordet. No lyt eg arbeide her i baren på kveldstid, og sønene mine lyt utsetje utdanningane sine slik at dei kan halde liv i bedrifta mi i Oaxaca. Eg kunne godt tenkt meg å arbeide på bruket hadde dei tilbydt meg jobben med betaling, men slik det er no...*

Dei andre nikka samtykkande. Ein eldre mann ved det andre bordet heva derimot stemma si: *Usos y costumbres er vårt styresett, det er det som er det kommunale systemet, det er ein del av oss og av det er vi stolte. Og det har fungert før, så kvifor skulle det ikkje fungere no. Vi har bygd opp heile kommunen slik. Eg har gjort cargoane mine, eg har vore president og eg har administrert bruket utan problem. De er egoistiske som ikkje tenkjer kommunalt...alt som vi har bygd opp her og gjort for kommunen utan å krevje eit einaste øre. Folk vil ikkje arbeide lenger...dei tenkjer berre på seg sjølve.*

Karen i 30 åra var den einaste som svara: *Ja, men din familie hadde andre inntekter og folk (familiemedlemer) som kunne arbeide. Det er ikkje alle som kan klare to-tre år utan inntekt.*

Den eldre mannen: *Eg vil ikkje at dei endrar cargoane, dei har fungert fint. Det er folk som ikkje lenger tenkjer kommunalt. Det er det som er problemet.*

Diskusjonen om administratorvervet vert av den gamle tolka som eit ønskje om å gå vekk frå styresettet og den kollektivistiske ideologien det representerer, og han anklagar dei andre for å kun tenkje på seg sjølve og eiga økonomisk vinning utan å ville ofre noko for fellesskapet. Han anklagar dei slik for å vere gratispassasjerar som ikkje vil yte sin del i eit fellesskap der institusjonar for samhandling i form av yting for fellesskapet utan økonomisk gevinst, har spela ei viktig rolle for utviklinga av staden og slik òg den kommunale identiteten. Dei andre vektlegg òg at folk ikkje dedikerer seg, men ser problemet gjennom den institusjonelle forma for administrasjonsorganisering som *usos y costumbres* representerer. Cargo-organiseringa med ikkje-løna arbeid over så lang tid vert for dei i seg sjølve problemet gjennom den byrden dei føler denne organiseringa er for dei. Løysinga for dei er å organisere stillinga som ei permanent løna sjefsstilling og slik avvikle vervet og lausrive det frå det kollektivistisk ideologiske systemet.

Denne ideologiske konflikta kan sjåast på på fleire måtar. Utfrå ein funksjonalistisk vinkel kan ein seie at cargosystemet y *usos y costumbres*-styresettet byggjer på prinsippet om å yte for fellesskapet for å halde dei administrative og sivilrettslege funksjonane i gang. Då kommunen før var fattigare og subsistensjordbruk var vanleg, var dette einaste måte å halde dei administrative funksjonane i gang på. Status og politisk makt er slik kopla opp imot dette ideologiske hierarkiet som sanksjonerer mot folk som ikkje yter og gjer pliktene sine bra ved å begrense eller fråta dei retten til politisk deltaking, og slik gje dei mindre respekt eller skam og utstøting som sanksjon.

---

Her i Capulálpam har vi ein regel som seier: Vær forsiktig når du gjer ein cargo! Gjer du ein cargo dårleg, så pass deg, for då vert du ikkje tildelt ein høgare cargo. Og gjer du den veldig dårleg, eller om du til dømes stel eller gjer noko gale, går sanksjonen på familien din, dine brør, søner, til og med barnebarn. Du kan til dømes ikkje verte president om faren din gjorde ein dårleg jobb. [...] Du nyt derimot stor respekt om du stig i cargoane, særleg om du vert vald inn i dei øvste. [...] Du var kanskje med på presidentsermonien<sup>26</sup>, og såg kor storslagen den var. Ja...ein gjer stas på presidenten. (Carlos)

Usos y costumbres sin kollektivistiske ideologi er slik med på å gjennomsyre samfunnet i form av at det hierarkiske politiske systemet er ein sterk faktor i defineringa av politisk makt, prestisje og symbolsk kapital, slik Sierra omtalar det. Den gamle mannen på Tors bar kommuniserer denne kapitalen gjennom haldninga si og ved å vise til kva kommunen har oppnådd gjennom denne kollektivistiske organiseringsforma. Defineringa av status og prestisje i samfunnet er i stor grad slik kopla opp imot usos y costumbres. Eg tek her forbehold om ungdom som i ein del tilfelle søker livsstilar og karrierer som kan koma i konflikt med den kommunale ideologien.

Diskusjonen om avviklinga av bedriftsvervet og nedtrapping av dugnad kan sjåast på som ein respons på samfunnsendringar i møte med ein neoliberalistisk økonomisk tankegang. Dei har no betre råd og kan gi dei unge arbeid og slik minske graden av migrasjon, i staden for å bruke dugnaden som kostar folk meir tid og arbeid. Det kan slik sjå ut som om bedriftscargoen sett i forhold til problema den representerer i bedrifta ikkje lenger er den optimale løysinga, og kan på same tid kome i konflikt med litt av meininga med bedrifta: å skape sysselsetjing.

Diskusjonen reflekterer òg at den økonomiske strukturen er i endring og at folk er meir vande med bedriftstankegang og løna arbeid enn før då subsistensjordbruk var vanleg, og at dei slik er meir integrerte i ein nasjonal og internasjonal økonomisk tankegang. Paul Bohannan skriv i artikkelen *The Impact of Money on an African Subsistence Economy* (1959) om økonomiske sfærar i tivsamfunnet i Nigeria, der ulike kommoditetar var avgrensa til ulike byte- og distribusjonssfærar i eit såkalla multisentrisk distribusjonssystem. Han analyserer her mellom anna prestisjesfæren som kobberstenger utgjorde som bytteverdi, og

---

<sup>26</sup> Presidentsermonien refererer til sermonidagen for innsetjing av ny president i landsbyen, med paradane, festen og den formelle overrekkinga av vervet.

forklarar korleis dei sfæriske barrierene med tilhøyrande moral forvitra etterkvart som det unisentrisk systemet som pengane representerer kom inn på 1950-talet og tok over som felles verdimåleining. (Bohannan, 1959)

Den ideologiske diskusjonen og avvikling av bedriftscargoar kan etter mi meining òg analyserast gjennom eit sfærisk bilete, der arbeidet og yting ein gjer for kommunen gjennom eit cargoverv er adskild frå andre arbeids- og tilsettingsformer der arbeidet vert målt og belønna i pengar. Cargoen definerer eit prestisjesystem der dei som har ytt bra gjennom mange stigande verv slik viser at dei er samfunnsborgarar som yter for samfunnet sitt utan å få noko pengeløn for det, og stig slik i status og symbolsk kapital etterkvart som dei stig i cargohierarkiet. Reaksjonen til den gamle mannen kan her sjåast på som ein motstand mot å konvertere verv i frå cargosfæren til vanlege betalte bedriftsstillingar, noko som kan vere med på å omforme eller forvitre den kollektivistiske ideologien og sosiale orden som usos y costumbres representerer, og slik bevege seg imot ein meir kapitalistisk strukturert orden der pengar vert den grunnleggande verdistandarden. Ann Jordan skriv om organisasjonskultur og belønningssystem at: *Belønningssystem, [...], kan ikkje separerast frå organisasjonskultur. Dei er eit sett av idear og oppførsel som kontribuerer til og er integrerte med alle andre kulturelle aspekt.*<sup>27</sup> Ved å sjå på belønningssystem som ein kontribuerande og integrert del av organisasjonen som kultur, kan ein i dette samfunnet seie at den er ein av dei sentrale formelle institusjonane som kjenneteiknar den kollektive ideologien. Omforming av denne institusjonen vil slik vere med på å endre noko av det ideologiske fundamentet ved bedrifta som del av den offentlege styrings- og forvaltingsstrukturen, noko som vil trekke den eit hakk nærare ein privat bedriftsstruktur.

Tilsetjingsgrunnlaget er ein anna faktor som skil verva der den profesjonaliserte stillinga basert på faglege og erfaringsmessige kunnskapar er ei lausriving frå den kollektivistiske prestisjesfære der verva og stinginga i cargosystemet, vert sett på som skulen dei skal lære gjennom. Den sfæriske overgangen har slik sett ikkje berre økonomiske og politiske aspekt ved seg i forhold til dei ulike ideologiane dei representerer, men representerer òg ei endring når det gjeld kva former for kunnskapar og skuleformer som vert verdsett. Fagleg utdanning

---

<sup>27</sup> Mi oversetjing.

---

og forutakkumulerte kunnskapar og erfaringar definert gjennom ei fagleg spesialisering vil her vere tilsetjingskriteriet.

Ei motvilje mot å nærme seg ein vanleg bedriftsstruktur på bekostning av den sosiale kollektivistiske sfæren som styresettet utgjer, kan kanskje òg trekkast tilbake til erfaringane dei har hatt med den private økonomisk maksimerande bedrifta som ein del assosierer med Fapatux og gruveselskapet.

## Korrupsjon og mistillit

Det kan vere lett for politiske elitar i kommunen (i México kjent som *caciques*) å manipulere og dominere generalrådet og slik utføre ei *skjult privatisering* av bedrifta. Dårlig opplæring kan òg føre til dårleg bokføring og forvaltning av pengar, som skapar forvirring og mistanke til og med der korrupsjon ikkje har funne stad. (Klooster og Platteau og Gaspart, i Antinori og Bray 2004:7-8)

Dagen etter barbesøket var eg oppe på bruket og slo av ein prat med Plutarco. Eg ville no spørje han om korrupsjonsanklagene eg ofte hørde folk komme med når skogbruket vart nemnt. Plutarco var ikkje ukjend med dette.

Ja, dei har rett, det har vore korrupsjon. Det har vore administrasjonar her som ikkje har lete det vore att noko. Det har vore administrasjonar som til dags dato ikkje har informert om det dei har gjort eller overlevert informasjon om korleis dei har arbeida i dei tidlegare periodane. Til dømes i 1998 var det mykje tull, dei deklarerde ikkje rekningane, og dei siste administratorane som var her veit vi ikkje om dei faktisk dreiv bruket bra, om dei la att noko positivt, og ein veit ikkje...fordi dei gjorde ikkje ferdig perioden sin. Dokumentasjonen deira har ikkje vorte revisert eller dei la ikkje at noko rekneskap, så vi veit ikkje om det blei noko vinning. Vi veit ingenting. Og då seier folk at det er korrupsjon. Ingen veit kva vi driv med eller kor den neste (administrasjonen) skal byrje. Så det er slik det er, på grunn av dette har ikkje folk tillit til oss, og då seier dei òg at vi puttar pengane i lommane våre, då seier dei vi gjer slutt på fjellet og at vi ikkje bør hogge meir.

Plutarco gjev her si oppfatning av kvifor så mange har mistillit til bedrifta og forvaltninga. Han viser til rotete administrasjonar utan rutiner i papirhandsaminga og halvutførte verv som grunnen til problemet. Rådgjevaren Pedro Vidal Pérez frå Rainforest Alliance som sjølv er comunero frå ein kommune i Oaxaca viste forståing for dei avtroppande administratorane og

det som kunne verte sett på som korrupsjon og meinte vervet ikkje trengte å endrast av den grunn:

Av og til kan ein kome i situasjonar der ein lyt velje. Til dømes om kona di eller sonen din vert sjuk og treng medisin eller må på sjukehus, då kan det vere at du vert nøydd å prioritere familien framfor kommunen. Men eg meiner ikkje at ein bør endre administratorvervet fundamentalt for det. Dei treng berre ei betre økonomisk kompensasjon slik at familiane klarar seg.

Det var heller få eg snakka med som hadde ei så pragmatisk tilnærming og som ytra forståing for administratorane som denne ytre aktøren. Nokre kunne fortelje om tilfelle av underslag og anklaga administratorane generelt for å stikke pengar i eiga lomme. *Dei veit korleis dei skal stikke pengar i lommane. Det er berre dei dumme som vert tekne*, kunne ei dame i 50 åra fortelje. Miguel kunne fortelje at:

Han som no er dagleg ansvarleg borte på økoturismerestauranten, han var administrator her òg. Men han tok dei, og han bygde huset sitt, eit flott hus som han har då han var administrator her, så det vart jo lett å sjå kor pengane kom ifrå. 40 000 pesos mangla det i rekneskapet hans... (Miguel)

Cargosystemet sin syklus gjer at dei ulike verva sirkulerer mellom mennene i kommunen. Denne temporaliteten vart av fleire sett på som ein mekanisme mot korrupsjon og mot ei politisk differensiering som tillet enkelte personar å ha tilgang til dei politiske verva og bedriftsverva, kunne Plutarco fortelje. Skildringane eg har notert til no har heller peika i den andre retninga, og foreslår heller at cargoordninga er med på å skape det rotet og den vanskelege situasjonen til administratoren som gjer bedrifta meir utsett for både rot i rekneskapet og underslag. Det kan slik sjå ut som at argumentet for cargoorganisering på administratorverva ikkje stemmer, men derimot at denne organiseringa er med på å skape grobotten for korrupsjonsanklagane.

## Underslag og sanksjonering

Når folk snakkar om korrupsjon refererer dei til underslag eller til andre former for misbruk eller dårleg bruk av dei økonomiske ressursane i bedrifta. Bruno og Miguel snakka òg om korrupsjon og maktbruk som måten visse mektige personar kunne bruke og manipulere systemet som skal overvake og sanksjonere ved slike tilfeller. I følgje Bruno vart ikkje

---

sanksjoneringa gjort under prinsippa likskap under loven og upartisk handheving til tross for at dei formelle organa for dette var tilstades. Kva familie og nære vener du hadde var her med på å avgjere kva utfall ei eventuell anklage ville kunne ha.

Du kjenner José oppe der du bur, han vart teken. Rekneskapet hans då han var administrator gjekk ikkje opp og det mangla pengar. Han forsvarte seg med at han var dårleg med papir og rekneskap så han kom seg unna med æra meir eller mindre i behald, men måtte betale tilbake det som mangla. Det hadde nok noko å seie at han allereie hadde vore president i kommunen. Han har mykje respekt og er veldig godt likt den mannen. [...] Ein anna, Victor, som hadde vervet her i skogbruket for nokre år sidan, han arbeida veldig bra, betre enn han som er no til og med. Så vart det innvald ny administrasjon i kommunen, og dei ville ha han ut for der var det nokre som ikkje likte han, og dei gav seg ikkje før dei hadde fått sparka han. Anklagane var berre tull. Den revisjonen dei hadde av bedrifta, alt han måtte svare for har ingen andre måtta gjennomgå. Dei misforstod berre alt med vilje. Dei skulle berre ta han.

Miguel kunne fortelje at administratoren som hadde vorte oppdaga etter å ha underslått 40 000 pesos allikevel hadde kome unda og no var tilsett i eit nytt bedriftsverv, noko han meinte var på grunn av dei familiære banda hans.

[...] Han måtte betale det tilbake, men han betalte aldri... Han er bror av han som no er president her. Men dei seier ikkje noko. Det er gløymt. Andre som har vorte oppdaga har måtta betale. Dei har berre gløymt han, og no har han fått jobb på økoturismen, og bror hans har vorte president. Den familien er ein av dei dominerande.

Eg spurte dei kvifor sakene ikkje fekk lik handheving i eldsterådet, som etter ei ny urbefolkningslov i 1998 skal handheve familiesaker, sivilrettslege saker og på den måten styre og regulere det lokale politiske livet etter eigne konfliktløysingsmekanismer. (Leer, 2000:3)

Det er personar eller familiar, dei som dominerer her, caciqueane, dei kjem unna anklagar lettare enn andre. Dei forsvarar kvarandre òg, slik fortset korrupsjonen. Vi veit alle at bedrifta tenar mykje meir enn det som er att etter ein periode. Caciqueane kjem seg alltid unna, dei har ikkje lite pengar slik ein skulle tru etter nokre år utan løn. (Bruno)

Det er slik med eldsterådet at det er mange som unngår å snakke eller anklage andre fordi dette betyr problem for dei sjølve, til dømes at dei allereie har noko med det å gjere. Det er jo slik at dei som sit i eldsterådet allereie har gjort mange cargoar, dei har vore med i komitear eller hatt andre verv som har noko med bedriftene å gjere. Og mange har allereie noko skittent på seg eller veit om andre som er innblanda, så han må halde munnen sin for ikkje å starte ei oppnøsting av personar involverte. Ting vert slik dyssa ned for at ein ikkje skal rote seg oppi problem når det er delikate saker. (Miguel)

Konsekvensane og ringverknadane av manipuleringa av overvåkings- og sanksjonsprosessane verkar ifølge Miguel passifisere på desse instansane og gjer at mange vegrar seg for å starte ein prosess som kan trekkje dei sjølve eller andre inn. Pedro Vidal Pérez hadde også denne gongen ei meir samfunnsanalytisk tolking av problemet og minnar meg om dei nære banda i dette samfunnet og kva implikasjonar det vil ha at dei fleste faktisk kjenner kvarandre for dei ideelt sett upersonlege og anonyme offentlege verva:

Det er ikkje lett å anklage eit søskenbarn, ein nabo, ein ven...nokon som du kjenner godt. Du forsvarar han heller enn å anklage han...men det vil ikkje seie at systemet ikkje fungerer, og at det slik vert sett ut av spel. Men av og til vert det påverka av at det er eit lite samfunn.

## Elitisme eller ressurspersonar?

Det er viktig å hugse på at empirien eg presenterer er i form av narrative utsegn. Eg presenterer ikkje noko faktisk bevismateriale for at handlingar av ein korrump karakter har vorte utførte. Desse narrativa er i følge Cris Shore og Dieter Haller det som gjer korrupsjon til eit interessant etnografisk fokus, ettersom *it is widely believed to exist* og difor kan sjåast på som eit sosialt fakta i Durkheimsk betydning. (Shore og Dieter, 2005:6)

Utsegna og skildringane til Bruno, Miguel og andre viser korleis ein del av informantane mine i Capulalpam opplever det politiske biletet i kommunen med dei fortolkingane dei har gjort seg kring korleis det administrative og rettslege apparatet fungerer. Skildringa av ulik handheving av lokale rettssaker vedgåande misbruk eller dårleg forvaltning av kommunale ressursar, så vel som ei selektivitet i tildelinga av cargoar, gjev eit bilete av korleis sosiale relasjonar og slektskap er med på å påverke formelle byråkratiske og demokratiske institusjonar. Det elitistiske biletet kan stemme med Antinori og Bray si skildring av



politiske lokale elitar som *lett kan manipulere og dominere generalrådet og slik utføre ei skjult privatisering av bedrifta*. (Antinori og Bray, 2004:7f)

På den andre sida var det ulikt korleis ulike informantar skildra det politiske biletet. Det var med andre ord avhengig av kven eg snakka med og sannsynlegvis kor stor tillit dei hadde til meg. Informantane mine tilknyta La Colónia og nokre andre utkantar av landsbyen snakka ofte om korrupsjon og caciqueane, medan færre frå sentrum meinte dette var tilfelle. Eg vil med dette ikkje hevde at det politiske biletet distingverer seg utifrå geografiske linjer. Det vil vere feil å prøve å generalisere ut frå informantane eg har fått informasjonen ifrå. Det vil vere rettare å seie at samansetjinga av informantane mine er med på å prege biletet eg har forma her.

På den andre sida kan mistillita, anklagene og elitebiletet like godt vere uttrykk for andre ulikskapar i samfunnet. Ulik posisjonering av kunnskap, og familietradisjonar knytt til utdanning og deltaking i politikken kan føre til eit bilete av ei dominerande gruppe. Nash og Hopkins fortell korleis kooperativ kunne verte *overtakne av lokale maktfigurar [...] fordi desse kjente betre til dei politiske prosessane på det mikroskopiske nivå*. (Nash og Hopkins 1976:14) Dette peiker òg på problemet med eit kooperativt (eller korporært) føretak der totaliteten av medeigarane skal vere med på å ta politiske og bedriftsadministrative avgjersler utan å nødvendigvis ha kunnskapane eller forutsetningane for dette. Ut ifrå antakinga om at dei som skildrast som dominerande, i det minste gjennom dei høgare cargoverta, har tileigna seg meir kunnskap og erfaring som trengst i dei byråkratiske prosessane med å styre og forvalte kommunen, vil desse òg kunne sjåast på som ressurspersonar som er nødvendige for at kommunen skal fungere på det administrative og demokratiske plan. Eg vil difor forholde meg til korrupsjonsanklagene som eit sosialt fakta slik det framstod hjå fleire av informantane mine, men òg som ei av mange moglege skildringar og fortolkingar av dei politiske prosessane i kommunen.

## Avvikling av administratorvervet som cargo

På det tidspunktet då eg avslutta feltarbeidet mitt i midten av juli 2006 hadde ikkje generalrådet gjort noko med administrasjonsvervet. Den var under diskusjon og det var sannsynleg at endringar kom til å verte gjorde var det Uzachi-direktøren var villig til å seie. Seks månadar seinare var eg derimot i kontakt med Pedro Vidal Pérez via telefon. Han kunne fortelje meg at generalrådet no hadde vald inn ny administrator etter at perioden til Plutarco var omme, og at dei hadde no hadde opna for ei endring i systemet gjennom ei prøveordning der cargovervet foreløpig var avvikla. Ein comunero med erfaring frå administrasjon og skogdrift som dei hadde tillit til, var no tilsett med vanleg løn i ei prøvetid utan å skulle forholde seg til cargosyklusen.

[...] han kan bli verande eit halvt, tre eller fem år, avhengig av korleis det går. Om han viser seg å vere den rette personen som klarar å få ting bra til, og får opp økonomien, kjem han til å sitje lenger.

Tilsettingsgrunnlaget er slik endra med fokus på faglege kvalifikasjon som no har vore viktigare enn før, då dette ikkje var hovudkriteriet. Denne prøveløysinga gir på den andre sida generalrådet mogleheita til å skifte han ut om han ikkje skulle stå til forventningane. Stillinga er med dette i ferd med å bli profesjonalisert.

Profesjonaliseringa kan sjåast på som det Gabriela Vargas-Cetina om talar som temporaliteta eller tilpassinga til ein marknad og lokal kontekst i konstant endring.

Utdanningasinstitusjonane dei har tilgang til og erfaringa ein del har akkumulert ved å ha starta eigne foretak, gjer at kommunen etterkvart har mange som kan kvalifisere seg til bedriftsstillingane, sjølv om fleire av dei omgjorde sekretærstillingane så langt ikkje har brukt dette som tillsetjingskriteriar. Våren 2006 var det berre presidenten sin sekretær på cargonivå fem som hadde utdanning i administrasjon. Dette kan igjen tyde på at fagutdanning har byrja å få noko å seie i forhold til cargoverva òg.

Om korrupsjonstilfella og anklagene hadde innverknad på denne vedtekta er ikkje godt å seie. Ustabiliteten i bedrifta verka som den hadde vore tilstades permanent sidan den starta opp, og mistillita den var assosiert med gjorde det vanskeleg og mindre lukrativt å ta på seg vervet som administrator. Korleis det vil gå med den nye ordninga vil kome an på korleis

bedrifta presterer økonomisk, kor bra bokføring og rekneskapsføring som vert gjort, og kor gjennomsiktig administratoren presenterer det for generalrådet, i tillegg til korleis han som person ter seg. Som direktøren i Uzachi vil han kanskje ha behov for å overkommunisere kommunerorolla si, og utøve rolla si som sjef på ein subtil måte. Om det faktisk vert gjort underslag i utstrakt grad, slik Bruno og Miguel hevdar, vil det kunne vere lettare å sjå om den nye administratoren klarar å gjere ein ryddig jobb og kommunisere bra med generalrådet og kommissæren.

Den institusjonelle endringa i korporasjonen er, slik eg ser det, eit døme på temporaliteten og den kontinuerlege tilpassinga som Vargas-Cetina meiner kjenneteiknar kooperativ i Chiapas. Den institusjonelle endringa gjennom profesjonaliseringa av administratorvervet representerer ei tilpassing til kva ei kommersiell bedrift krever for å kunne fungere best mogeleg i det marknadsbiletet den befinn seg i. Det ikkje profesjonaliserte cargovervet var med på å skape problem i korporasjonen, noko som mellom anna kom til uttrykk i mistillit til administratorane og dei som var mest involverte i dei administrative funksjonane. Cargoorganiseringa skapte òg problem for administratorane som vart sett i ei vanskeleg posisjon på grunn av belønningssystemet, lite kunnskap og ein utsett posisjon for mistillit og anklager.



## 8. Avslutting

I denne oppgåva har eg sett på ulike aspekt ved den korporative kommunen som utviklingsstrategi og som organisering av ei kommersiell bedrift for å tilnærme seg ein neoliberalistisk marknad. Eg har vist korleis politiske og historiske hendingar både på eit nasjonalt og lokalt nivå har vore avgjerande for utviklinga av den spesifikke bedriftsmodellen og forvaltingsinstitusjonane dei har i dag. Den korporative strukturen på kommunen som produksjonseining gjev samfunnet ei ny politisk og økonomisk dimensjon i form av generering av økonomiske gode til utvikling av offentlege fasilitetar.

Som kommersiell bedrift som er tilpassa lokale eigedomshøve og styresett kan ho karakteriserast som ein mediator mellom fellesressursar og marknad. Kryssinga mellom dei ideologiske modellane som inngår kan sjåast på som eit kompromiss der til tider motstridande strukturar møtest. Eg har vist korleis den korporære strukturen, med referanse til kor mykje kunnskap dei ulike medeigarane hadde om bedriftsadministrering og skogbruk, gjev utfordringar i forhold til avgjersletakinga. Posisjoneringa av kunnskapar relatert til styring og forvaltning (eller administrasjon og byråkratiske prosessar) kan òg seiast å delvis vere strukturert av cargosystemet som ideologi der tening av kommunen og det kommunale system fungerer som ei form for skule og tileigning av kunnskap. Deltakinga i cargosystemet og med det opparbeiding av prestisje og innflytelse vert òg påverka av dei som har opparbeida posisjonar til å kunne øve innflytelse. Vi ser med dette at bedrifta møter fleire maktstrukturar i samfunnet. Både den demokratiske korporative strukturen og dei andre maktstrukturane (hierarkisk og elitistisk) set sitt preg på bedrifta som del av det politiske biletet.

Administratoren registrerte ei nedprioritering av investering i bedrifta til fordel for prioritering av sosiale gode, noko som kan tyde på lite kunnskap om tekniske og økonomiske aspekt ved skogbruk. I caset med planteproduksjonen vart avstanden mellom mange av medeigarane og forvaltninga òg skogbruket trekt fram gjennom mistillita som mange hadde til skogbruket. Desse aspekta gjev eit bilete av mangel på kunnskap og kjennskap til bedriftsadministrering hjå mange av dei som skal ta avgjerslene. Manglande investering kan

i lengda setje den økonomiske berekrafta i fare noko som òg kan få ringverknader på sosiale aspekt ved kommunen.

Endringsprosessane eg har trekt fram fortel om ei nedgang i institusjonell organisering som den tradisjonelle kollektivistiske ideologien baserer seg på som samfunnsorden. Ei meir individualistisk type handling kunne mellom anna merkast hjå unge som ofte heller ville prioritere individuelle karrierar enn å byrje på cargonivåa. Avviklinga av bedriftscargovervet er òg eit døme på rørsle vekk i frå kollektivistiske institusjonar, men denne endringa vil eg hevde kom på grunn av at den temporære syklusen hindra administratorrolla i å halde på kunnskapar som er avgjerande for at ei bedrift skal kunne fungere administrativt. Endringa er slik eit døme på ei tilpassningsprosess mot dei krava som samfunnet og marknaden stiller til ei bedrift. Om endringa vil føre til større grad av tillit til bedrifta og ei betre administrering og funksjonalitet vil komme an på graden av korrump åtferd, ryddigheit og kommunikasjon mellom administrator og generalrådet.

Kva kan vi så lære av den korporære kommunen som case i eit utviklingsperspektiv? På kva måtar kan bedriftsmodellen og denne utviklingsstrategien seiast å fungere? I samanlikning med nabokommunen Ixtlán, som har utvikla ein mykje større industri etter meir eller mindre same modell som Capulálpam, er sistnemnde prega av at dei er ein liten kommune og har relativt lite ressursar å ta av. Kommunen er slik avhengige av ytre organisasjonar og fond til både finansiering og personalopplæring på skogbruket, så vel som i dei andre kommunale bedriftene. Dei temporære cargoverva som institusjonell organisering er ein faktor som har vore med på å gjere denne avhengigheita sterkare.

Om vi ser på fasilitetane dei har klart å bygge opp, i form av skular, vegar, gymsal, bibliotek, internettrom med meir, er dette i stor grad finansiert utanfrå medan kommunen berre har betalt ein del av kostnadane. Investering skjer ofte gjennom ei delt finansiering ved hjelp av til dømes program og som til dømes *Peso por Peso* der kommunen betalar ein prosentandel. Utviklinga av industri og infrastrukturelle fasilitetar er slik òg sterkt avhengig av finansiering utanfrå, men profitten bedriftene står for er avgjerande for å kunne nytte seg av slike program og for å få finansieringsstøtte. Kommunen er slik avhengig av eigen industri for gjennom ytre organisasjonar og fond å kunne investere. Samarbeidet mellom kommune og multilaterale organisasjonar der staten spelar ei viktig rolle, er slik avgjerande.

---

## Kjeldeliste

- Alatorre, Gerardo. 1998. *La Empresa Social Forestal y sus Asesores*. México City: UNAM
- Antinori, Camille. Vertical Integration in the Community Forestry Enterprises of Oaxaca. I: *The Community Forests of México*. 2005. Ed: Barton Bray, Daveid, Leticia Merino-Pérez og Deborah Barry. s. 241-272. Austin, Texas: University of Texas Press
- Archetti, Eduardo P. og Kristi Anne Stølen. Latin-Amerika. I: *Fjærn og Nær: Sosialantropologiske perspektiver på verdenssamfunn og kulturer*. 1994. Ed: Howel, Signe og Marit Melhus s. 249-276 Oslo: AdNotam Gyldendal
- Bohannon, Paul. The Impact of Money on an African Subsistence Economy. I: *Journal of Economic History*. Vol. 19, 1959. s. 491-501
- Boyer, Christopher R. Contested Terrain: Forestry Regimes and Community Responses in Northeastern Michoacán, 1940-2000. I: *The Community Forests of México*. 2005. Ed: Barton Bray, Daveid, Leticia Merino-Pérez og Deborah Barry. s. 241-272. Austin, Texas: University of Texas Press
- Bray, David Barton og Leticia Merino-Pérez. 2002. *The Rice of Community Forestry in México: History, concepts and Lessons Learned from Twenty-five years of Community Timber Production*. México City: Instituto Nacional de Ecología
- Chapela, Francisco. Emergencia de las organizaciones sociales de Oaxaca: la lucha por los recursos forestales. I: *Alteridades*, vol. 9, nr. 17. Oaxaca, perspectivas antropológicas. 1999. s. 105-112. México City: Casa abierta al tiempo
- Charnley, Susan og Melissa L. Poe. 2007. Community Forestry in Theory and Practice: Where are we now? I: *Annual Review of Anthropology*. Vol. 36 s. 301-336
- Douglas, Mary. 1996. *Thought styles: Critical essays on good taste*. London: Sage
- Holden, Andrew. 2000. *Environment and Tourism*. London og New York: Routledge
- Hylland Eriksen, Thomas. 1998. *Små steder – Store spørsmål: Innføring i sosialantropologi*. Universitetsforlaget: Oslo
- Jordan, Ann T. 2003. *Business Anthropology*. Illinois: Waveland Press, Inc.
- Kearney, Michael. 2005. Reconceptualizing the Peasantry. *Anthropology in Global Perspective*. Westview Press
- Klooster, Daniel. 2000. Institutional Choice, Community, and Struggle: A Case Study of Forest Co-Management in México. I: *World Development*, vol. 28. nr. 1 s. 1-20.

- McCay, Bonnie J. og James M. Acheson. Human Ecology of the Commons. I: *The Question of the Commons: The Culture and Ecology of Communal Resources*. 1987 Ed: McCay, Bonnie J. og James M. Acheson. s. 1-36. Tucson: University of Arizona Press
- McKean, Margaret. Management of Traditional Common Lands (Iriaichi) in Japan. I: *Making the Commons Work*. 1992. Ed: Bromley, Daniel s. 99-128. San Francisco, California: ICS Press
- Moran, Emilio F. 2006. People and Nature: An Introduction to Human Ecological Relations. Blackwell Publishing Ltd.
- Nash, June og Nicholas S. Hopkins. Anthropological Approaches to the Study of Cooperatives, Collectives and Self-Management. I: *Popular Participation in Social Change: Cooperatives, Collectives, and Nationalized Industry*. 1976. Ed: Nash, June, Jorge Dandler og Nicholas S. Hopkins. s. 3-34. Chicago: Mouton Publishers
- Phillips, Louise og Marianne W. Jørgensen. 2002. Discourse Analysis as Theory and Method. London: Sage Publications
- Rybråten, Stine. 2006. *Naturen kan ikke styres: Natursyn, identitet, og holdninger til statlig forvaltning av levende ressurser i Qeqertarsuaq, Vest-grønland*. Oslo: Masteroppgåve ved Universitetet i Oslo
- Shore, Cris og Dieter Haller. Introduction – Sharp Practice: Anthropology and the Study of Corruption. I: *Corruption: Anthropological Perspectives*. Ed: Dieter Haller og Cris Shore. 2005. s. 1-28. London og Ann Arbor, Mi: Pluto Press
- Tkacz, Borys og Ben Moody. 2007. Forest Health Status in North America. *The Scientific World Journal*. Vol. 7 s. 28-36
- Smith, Eric Alden og Mark Wishnie. Conservation and Subsistence in Small-Scale Societies. *Annual Review of Anthropology*, Vol. 29. (2000) s. 493-524. Annual Reviews
- Tilley, Christopher. 1994. *A Phenomenology of Landscape. Places, Paths and Monuments*. Berg Publishers
- Tucker, Catherine M. og Jane Southworth. Processes of Forest Change at the Local and Landscape Levels in Honduras and Guatemala I: *Seeing the Forest and the Trees*. 2005. Ed: Morgan, Emilio F. og Elinor Ostrom. s. 253-278. Cambridge: The MIT Press
- Vargas-Cetina, Gabriela. 2007. Anthropology and Cooperatives: From the Community Paradigm to the Ephemeral Association in Chiapas, Mexico. *Critique of Anthropology*. Vol. 25. s. 229-251 Sage Publications
- Wikan, Unni. Fattigdom som opplevelse og livskonteskt. Innsikt fra deltakende observasjon. I: *Vitenskap – enhet og mangfold*. Ed. Wormnæs, Odd. s. 181-201. Notam Gyldendal



---


## Internettkjelder

- Antinori, Camille og David Barton Bray. 2004. Concepts and Practices of Community Forest Enterprises: Economic and Institutional Perspectives from México. URL: <http://dlc.dlib.indiana.edu/archive/00001329/> (Lese: 14.04.2008)
- Comisión Nacional de los Salarios Mínimos. 2006. URL: [http://www.sat.gob.mx/sitio\\_internet/asistencia\\_contribuyente/informacion\\_frecuente/salarios\\_minimos/45\\_7367.html](http://www.sat.gob.mx/sitio_internet/asistencia_contribuyente/informacion_frecuente/salarios_minimos/45_7367.html) (Lese: 11.11.2007)
- Continuum Resources Ltd. 2007. Continuum Commences Underground Diamond Drilling at the Natividad Gold/Silver Mine, Oaxaca México. URL: [http://findarticles.com/p/articles/mi\\_pwwi/is\\_200605/ai\\_n16430564](http://findarticles.com/p/articles/mi_pwwi/is_200605/ai_n16430564) (Lese: 04.05.2007)
- Comisariado de Bienes Comunales, Capulálpam de Méndez Oaxaca. 2007. La minería y la defensa de los recursos naturales. URL: <http://www.defendamoslasierrajuarez.org/spip/spip.php?article1> (Lese: 04.05.2007)
- Draper, Malcolm og Harry Welsh. 2002. Super African Dreams: The Mythology of Community Development in Transfrontier Conservation Areas in Southern Africa. URL: <http://www.ascleiden.nl/pdf/paper12112002-draperwels.pdf> (lese: 11.03.2008)
- ERA. 1997. Un esfuerzo por buscar víasde desarrollo rural sostenible en México. URL: <http://www.laneta.apc.org/pasos/fera1.htm> (lese: 10.10.2007)
- Garibay, Claudio. 2004. El Dilema Corporativo del Comunalismo Forestal. URL: <http://dlc.dlib.indiana.edu/archive/00001393/> (lese: 09.05.2008)
- Instituto Nacional de Ecología. Capitulo 7: La Comunidad de Capulálpam de Mendez. 2005. URL: <http://www.ine.gob.mx/ueajei/publicaciones/libros/431/cap7.html> (Lese: 19.11.2007)
- Municipios en Lina, Enciclopedia de los Municipios de México, Estado de Oaxaca: Capulálpam de Mendez. URL: <http://www.municipiosenlinea.gob.mx/enciclopedia/municipios/20247a.htm> (Lese: 10.08.2007)
- Nadal Egea, Alejandro. Natural Protected Areas and Social Marginalization in México. URL: <http://www.colmex.mx/programas/procientec/docsenlinea/nadal%20natural%20protected%20area.pdf> (lese: 05.12.2007)
- Oaxaca, De Cara a la Nacion. (1) Secretaria de Economía: Geografía. URL: <http://oaxaca.gob.mx/economia/index.php?seccion=cifras&id=geografia> (Lese: 10.08.2007)


- Rosales González, Margarita og Amada Rubio Herrera. 2004. Entre la Modernidad Y la Tradición: Manejo de Recursos en Común y Empresas Sociales en Comunidades Mayas del Sur de Yucatán. URL: [http://dlc.dlib.indiana.edu/archive/00001475/00/RosalesGonzalez\\_Entre\\_040524\\_Paper071.pdf](http://dlc.dlib.indiana.edu/archive/00001475/00/RosalesGonzalez_Entre_040524_Paper071.pdf) (Lese: 12.01.2008)
- SIMO, Sistema de Información sobre Migración Oaxaqueña. Municipio: Capulálpam de Mendez. URL: <http://www.e-oaxaca.gob.mx/migracion/FichasMunicipales/247.html> (Lese: 03.03.2008)
- Vergara Sánchez, Miguel A., Jorge D. Etchevers Barra. 2006. Relación entre el uso de la tierra y su fertilidad en las laderas de la Sierra Norte de Oaxaca, México. URL: <http://redalyc.uaemex.mx/redalyc/pdf/302/30240501.pdf> (Lese: 10.09.2007)

# Vedlegg


Figur 1. Cargosystemet




## Tilleggscargoar



**Figur 2. Komitéen for kommunale gode**



**Figur 3. Administrasjonscargoar for dei kommunale bedriftene**



NB! Sekretærvervet var for fleire av bedriftene avvikla som bedriftscargo og omgjort til løna fulltidsstilling.

Figur 4. Kommunal bedriftsstruktur

